

Einstemt andakt – fleirstemt Noreg?

*Ei undersøking av morgonandakta i NRK P1
i perioden 2007 -2011, sett i lys av Noreg
som eit religiøst mangfaldig samfunn.*

Andrea Øien Sæverud



Masteroppgåve i religion og samfunn

UNIVERSITETET I OSLO

Det teologiske fakultet

Våren 2012

Vegleiar: professor Knut Lundby

© Andrea Øien Sæverud

2012

Einstemt andakt – fleirstemt Noreg?

Andrea Øien Sæverud

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

I denne masteroppgåva har eg sett på utviklinga til morgonandakta i NRK P1 frå 2007 til 2011, og korleis det religiøse mangfaldet i Noreg i dag er med på å påverke denne. Det religiøse landskapet i Noreg er kraftig endra sidan den første radioandakta blei sendt i 1931. I lys av dette ønskjer eg å undersøkje vilkåra og utviklinga til andakta dei siste fem åra, og korleis ho held seg til eit gradvis meir og meir fleirstemt Noreg.

Eg har gjort ei tredelt undersøking: informantintervju, dokumentanalyse og andaktsanalyse. Hovudtyngda av undersøkinga ligg i kvalitative intervju med fire informantar, som alle jobbar i tilknytning til andakta i NRK. I tillegg tek eg føre meg relevante dokument, som til dømes NRK-vedtektene, livssynsstrategien til NRK, lesarinnlegg og avisartiklar. Eg har også gått inn i eit utval andakter frå åra 2007–2011 for å sjå etter meir konkrete utviklingstrekk. Med eit så variert og tredelt materiale håpar eg å fange opp både praksis og endringar, og ikkje minst grunngevingane for desse. Prioriteringane og utviklingstrekkane som kjem fram i analysen blir deretter drøfta med religiøs pluralisme i Noreg i dag som bakteppe. Her støttar eg meg særskilt til teorien til James Beckford om tre ulike dimensjonar av pluralisme: mangfald, aksept og verdi.

Analysen viser at informantane er tydelege på at andakta skal vere forankra i kristendommen. Dette blir grunnlagt med vedtektene til NRK, der det står at NRK skal spegle den religiøse arven i Noreg. Likevel er det religiøst mangfaldige Noreg med på å påverke andakta på ulike plan, særskilt i retning av det som i materialet blir kalla demokratisering. Morgonandakta i NRK balanserer dermed mellom ei kristen forankring og eit medvit om mangfald, og hentar støtte til begge deler i vedtektene til NRK. Utviklinga i undersøkningsperioden er i hovudsak prega av eitt overordna mål: å nå ut til folk gjennom god formidling.

Takk til:

Knut Lundby, for å ha leia meg inn på rette vegar når eg har stått fast. Takk for at eg har kunne gå frå kvar einaste vegleiing med både lettare sinn og meir tyngde i oppgåva.

Informantane mine i NRK, for velvilje til intervju og tilgang til dokument.

Mari og Hanne, for tallause kaffikoppar og uendeleg tolmod.

Aslaug, for å alltid ha dei rette orda for både kropp, sjel og oppgåve.

Bestemor Hjørdis (89) og bestefar Kåre (91), for skiver med jordbærsyltetøy og gode morgonstunder ved radioen.

Mamma og pappa, for å urokkeleg hatt trua og heia på meg i 26,5 år.

Erlend, for alt du er og gjer. Takk for at du er den vågen eg ikkje visste om.

”- Vi skal lage eit produkt som folk likar å høyre på, som rører ved folk, som gjer dei glade, litt triste, som får folk til å stoppe opp”.

Sitat frå intervju med andaktsprodusent Helge Gudmundsen.

Innholdsliste

1	Innleiing	1
1.1	Kvifor morgonandakta?.....	1
1.2	Bakgrunn og forskingstema	2
1.3	Forskingshistorikk	3
1.4	Oppbygging av oppgåva.....	4
2	Eit mangfaldig Noreg	5
2.1	Pluralisme.....	5
2.1.1	Religion og pluralisme	5
2.1.2	Beckford - utdjuing av omgrepet religiøs pluralisme.....	6
2.1.3	Mangfald, aksept, verdi	7
2.1.4	Problemstilling og forskingsspørsmål.....	11
2.1.5	Andre om religiøs pluralisme	11
2.1.6	Sekularisering	12
2.2	Fleirstemt Noreg.....	14
2.2.1	Kva tala seier	14
2.2.2	Skepsis mot religion i det offentlege.....	15
3	Morgonandakta i NRK	17
3.1	Historisk blikk på NRK og religion	17
3.2	Radioandakt i andre land.....	20
3.2.1	I opphavet var BBC.....	20
3.2.2	”Morgenandagten” i Danmarks Radio	21
3.2.3	”Morgonandakterna” i Sverige.....	23
3.3	NRK som allmennkringkastar	25
3.3.1	Konseptet allmennkringkasting.....	25
3.3.2	NRK-plakaten – kampen om ordlyden.....	26
3.3.3	Avslørande årsrapportar?	29
4	Metode og undersøking	33
4.1	Kva skal eg undersøkje?.....	33
4.2	Metodiske utfordringar	35
4.2.1	Intervju som metode	35
4.2.2	Mi eiga rolle	37

4.2.3	Oppsummering	38
5	Intervjuanalyse	39
5.1	Informantar og variablar	39
5.2	Kvifor?	41
5.3	Vedtektstolking	43
5.4	Utvikling i form	44
5.5	Autoritet	47
5.6	Publikumsreaksjonar	49
5.7	Religiøst mangfald	50
6	Dokumentanalyse	53
6.1	Dokumenta	53
6.2	Kvifor?	54
6.3	Vedtektstolking	54
6.4	Utvikling i form	55
6.5	Autoritet	56
6.6	Publikumsreaksjonar	58
6.7	Religiøst mangfald	61
7	Andaktsanalyse	63
7.1	Kategoriar	63
7.2	2007	65
7.3	2008	67
7.4	2009	69
7.5	2010	70
7.6	2011	72
7.7	Mot helg	73
7.8	Oppsummering	75
8	Drøfting	79
8.1	Oppbygging	79
8.2	Korleis kjem pluralisme forstått som mangfald til syne i morgonandakta?	80
8.2.1	Mangfald	80
8.2.2	Medmenneskeleg formidling til folket	80
8.2.3	Oppsummering	83
8.3	Korleis kjem pluralisme forstått som aksept til syne i morgonandakta?	84

8.3.1	Aksept.....	84
8.3.2	Kristen arv med endringspotensiale	85
8.3.3	Oppsummering	86
8.4	Korleis kjem pluralisme forstått som verdi til syne i morgonandakta?.....	87
8.4.1	Verdi.....	87
8.4.2	Religion i praksis og polarisert publikum	88
8.4.3	Oppsummering	89
8.5	Konklusjon: Einstemt andakt – fleirstemt Noreg?	91
8.6	Vegen vidare	93
8.6.1	I hendene til politikarane.....	93
8.6.2	Mål i konflikt?.....	94
8.6.3	To alternativ	95
8.6.4	Framtidig marknad?	96
8.6.5	Framleis rom for andakt	99
	Litteraturliste	103
	Vedlegg	111
	Vedlegg 1: Intervjuguide.....	111
	Vedlegg 2: Informasjonsskriv	113
	Vedlegg 3: Liste over andaktene i utvalet.....	115
	Vedlegg 4: Musikk i andaktsutvalet.....	117
	Tabell 1: Lyttartal og timetal for andakta 2007 - 2011.	60
	Tabell 2: Andakter i veke 40, 2007.	65
	Figur 1: Ordsky for andaktene i veke 40, 2007.....	66
	Tabell 3: Andakter i veke 40, 2008.	67
	Figur 2: Ordsky for andaktene i veke 40, 2008.....	68
	Tabell 4: Andakter i veke 40, 2009.	69
	Figur 3: Ordsky for andaktene i veke 40, 2009.....	70
	Tabell 4: Andakter i veke 40, 2010.	70
	Figur 4: Ordsky for andaktene i veke 40, 2010.....	71
	Tabell 5: Andakter i veke 40, 2011.	72
	Figur 5: Ordsky for andaktene i veke 40, 2011.....	73
	Figur 6: Samla ordsky for andaktene i veke 40, 2007 - 2011.	77

1 Innleiing

1.1 Kvifor morgonandakta?

Dersom du skur på radioen din på kanalen NRK P1 ein vanleg vekedag rett før klokka viser 05.33 eller 08.20, får du høyre ein programleiar fortelje at no er det tid for andakt. Etter den faste kjenningsmelodien, strøymer stemma til andaktshaldaren ut gjennom høgtalarane til opp i mot 400.000 lyttarar. I sju minutt, inkludert eit musikkinnslag, blir morgonandakta kringkasta over heile landet gjennom NRK P1. Radiosendt andakt har eksistert i over 80 år, om enn med variasjonar i lengd, sendetid, form og innhald.

Mitt eige møte med morgonandakta fekk eg gjennom besteforeldra mine. Dei første skuleåra hadde eg fri kvar onsdag, og då var det bestemor og bestefar i nabohuset som passa meg. Eg rusla gjennom hagen deira, banka på glasruta på bakdøra, og fekk kome inn til ei ferdigsmurd bestemorbrødskeive med heimelaga jordbærsyltetøy. Så sette eg meg i sofaen med frukosten, medan lyden frå radioen, som alltid stod på P1, blei skrudd opp. Bestemor og bestefar inntok kvar sin lenestol. Der sat dei med falda hender og attlatne auge, og lytta til morgonandakta. Dei var trufaste til radioapparatet, og eg visste at hjå dei venta det same meg kvar morgon.

Den gong tenkte eg nok ikkje så mykje over innhaldet i andaktene, det var meir eit fast og trygt ritual som eg såg betydde mykje for besteforeldra mine. No, etter fleire år med studiar i både religionsvitenskap og journalistikk, har eg derimot reflektert meir over kva det er som blir formidla. Eg har høyrt radioandakter med generell livsvisdom som kunne vore sagt frå kva som helst religiøs eller ikkje-religiøs ståstad og eg har høyrt radioandakter med tydeleg kristen forkynning. Innhaldet i andaktene er med andre ord variert. Det har gjort meg nyfiken på kva val og verdiar som ligg til grunn for desse andaktene. At andaktene i tillegg blir sendt på NRK, den lisensfinansierte allmennkringkastaren, er med på å forsterke interessa for å undersøkje morgonandakta. I kraft av å vere sendt på den største radiokanalen i Noreg, som i tillegg er statleg finansiert, blir morgonandakta eit uttrykk for religion i offentlegheita. NRK er allemannseige, men kjenner alle i Noreg seg heime i andakta? Korleis kan morgonandakta vere "Noe for alle. Alltid" slik visjonen til NRK lyder? Det er denne potensielle konflikten eg synest er interessant å sjå nærare på, og som valet av oppgåvetema har rot i. Målet er å undersøkje korleis andakta, eit tradisjonsrikt kristent forankra uttrykk for religion i offentlegheita, møter eit Noreg på veg mot stadig større religiøst mangfald.

1.2 Bakgrunn og forskningstema

Det var i 1931 at radiobølgjer med andaktsbodskap for fyrste gong fann vegen ut til det norske folk.¹ I dei over åtti åra som har gått sidan den tid, har Noreg som samfunn endra seg på mange måtar. Andakta som programpost har likevel overlevd. Ei viktig endring frå andaktsoppstarten i 1931, er at det i Noreg i dag finst eit større og meir tydeleg mangfald av religionar og livssyn. Desse religiøse ståstadene kan ofte gå i sprikande retning, noko som stadig kjem til syne i samfunnsdebatten. Sjølv om kristen tradisjon og kulturarv har forma, og framleis er med på å forme Noreg, er det langt ifrå det einaste religiøse tankegodset som gir gjenklang i det norske samfunnet i dag. Både muslimar, ateistar og nyreligiøse er tydelege aktørane på livssynsmarknaden, i tillegg til ulike variantar av kristendom og andre religionar. Dei siste åra har religion også fått fornya merksemd, både i nyheitsbiletet, i media generelt og i academia.² Denne utviklinga gjer det ekstra interessant å setje søkjelys på morgonandakta, som eit til no fast innslag i ei elles stadig endra verd – og ikkje minst i ei hurtig endra medieverd.

Trass i endra omgivnader, har meiningsinnhaldet i omgrepet andakt stort sett stått ved lag sidan oppstarten i 1931. Store Norske Leksikon viser til at omgrepet andakt blir brukt mest i religiøs tyding. Ei andakt skal ”uttrykke den indre konsentrasjon om Gud og hans ord i lønnekammeret, i familien (husandakt) og i den kristne forsamling”.³ Ifølgje ordboksdefinisjonen er ei andakt ein kort tale med utgangspunkt i ein bibeltekst, eller ei kort gudsteneste og bønestund.⁴ Interessant nok er ”halde andakt i NRK” setninga som blir gitt som døme på ein samanheng ordet kan brukast i, ifølgje nynorskordboka. At andakta i NRK blir sett på som noko ordbokforfattarane reknar med folk kjenner til, kan kanskje tolkast som eit bevis på den tradisjonen og posisjonen morgonandakta har i NRK. Men sjølv om morgonandakta har fått halde på plassen sin i NRK P1 i over 80 år, kan ein ikkje ta for gitt at innhaldet har vore konstant.

¹ NRK.no, Jubileumsandakta på NRK P1, 9.mars 2011: URL: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.7539707> (Lesedato 5.12.11).

² (Botvar 2010:11)

³ Store norske leksikon, definisjonen andakt. URL: <http://snl.no/andakt> (Lesedato 15.4.12).

⁴ Dette kjem fram av dei to definisjonane av andakt i høvesvis bokmålsordboka og nynorskordboka. Bokmålsordboka, URL: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=andakt&bokmaal=+&ordbok=bokmaal> (Lesedato 15.4.12). Nynorskordboka, URL: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=andakt&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> (15.4.12).

Sett i lys av den religiøst mangfaldige situasjonen i Noreg i dag, er det interessant å sjå nærare på kva det er NRK i dag formidlar gjennom andaktene, og ikkje minst på korleis religiøst mangfald eventuelt har vore med på å påverke utviklinga til morgonandakta dei siste åra. Problemstillinga mi vil vere: *Korleis har morgonandakta i NRK P1 utvikla seg i perioden 2007-2011, sett i lys av Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn?* Ut ifrå denne problemstillinga ønskjer eg mellom anna å finne ut kva endringar som har skjedd i morgonandakta dei siste fem åra. I tillegg vil eg undersøkje korleis utviklinga er påverka av at Noreg er eit religiøst mangfaldig samfunn. Korleis eg vil gjere dette, kjem eg konkret tilbake til i kapittel 2.1.4. Der vil problemstillinga bli fullstendig formulert ut, og eg vil vise korleis eg tenkjer å knyte saman teori og undersøkingsmateriale.

Som teoretisk bakteppe kjem eg til å ta utgangspunkt i James A. Beckford si utdjuing av omgrepet religiøs pluralisme. I kapittel 2 kjem det ei utgreiing om Beckford si oppfatning av kva religiøs pluralisme kan vere. Beckford legg vekt på at pluralisme kan gjere seg gjeldande på ulike nivå, og deler derfor omgrepet inn i tre dimensjonar som eg vil ta føre meg. Grunnen til at eg brukar omgrepet *religiøst mangfald* og ikkje *pluralistisk* i problemstillinga, er nettopp på grunn av at eg vidare i oppgåva støttar meg til ein teori der pluralisme kan bli forstått på fleire plan, og der pluralistisk og pluralisme ikkje nødvendigvis treng å vise til det same. Dermed valde eg omgrepet religiøst mangfaldig i problemstillinga framfor pluralisme, som ifølgje Beckford kan vise både til noko normativt og deskriptivt, og dermed ville gjort problemstillinga mindre konkret enn kva eg ønskjer at ho skal vere.

1.3 Forskingshistorikk

Det er gjort veldig lite tidlegare forskning på radioandakta i NRK P1. Noko av det nærmaste eg har kome mitt eige prosjekt er Lena Skattum si masteroppgåve i medievitenskap frå 2008, *Mål for produksjonen av livssynsprogram i radioallmennkringkastingen*.⁵ Her tek Skattum føre seg både fleire kanalar og program enn det eg gjer, og ser først og fremst etter dei overordna måla for programproduksjonen. Til ei viss grad ser også eg etter overordna mål, men i motsetnad til Skattum tek eg føre meg éin konkret programpost. Eg har ikkje kome over noko

⁵ (Skattum 2008)

publisert materiale som først og fremst handlar om morgonandakta, men det er skriving av ein del historiske bøker om NRK som har vore nyttige for å orientere meg i landskapet kring andakta.

Det at det er gjort så lite forskning på dette feltet, har både vore ei kjelde til motivasjon og frustrasjon. Først og fremst har det gjort meg nyfiken, og dermed gitt meg ekstra lyst til å arbeide med prosjektet. Eg meiner at feltet religionsformidling i NRK er verdt meir merksemd enn kva det til no har fått. Det at morgonandakta blir sendt på NRK P1, og dermed er ei form for religionsformidling i offentlegheita, gjer at utviklinga i morgonandakta kanskje kan spegle nokon av dei store rørsleane som skjer i dagens norske samfunn når det kjem til religion og offentlegheit. Undersøkinga har likevel ikkje som mål å seie noko generelt om religion i offentlegheita i Noreg, til det innser eg både mi eiga og oppgåva si avgrensing. Eg håpar likevel å kunne seie noko om utviklinga dei siste åra til det som er eit veldig konkret døme på religion i offentlegheita i Noreg i dag – morgonandakta i NRK P1.

1.4 Oppbygging av oppgåva

I oppgåva vidare vil eg i neste kapittel sjå på teori kring pluralisme, i tillegg til å underbygge kvifor eg meiner at ein kan seie at Noreg er eit religiøst mangfaldig samfunn. Deretter kjem kapittel tre der eg skissar opp historia til morgonandakta, og viser til nokon av dei rammene som ligg rundt morgonandakta, som religionsformidling i NRK og allmennkringkasting. Eg viser også til korleis utviklinga har vore i radioandaktene i Sverige og Danmark siste åra. I kapittel fire går eg inn på kva framgangsmåte eg har brukt i undersøkinga mi. Deretter kjem tre analysekapittel. Først tek føre meg informantintervjua i kapittel fem, så dokumenta i kapittel seks, og til sist andaktsutvalet i kapittel sju. Avslutningsvis kjem ei drøfting i kapittel åtte, der eg prøvar å nøste opp pluralismetråden frå kapittel to, og gi eit svar på korleis ein kan tolke utviklinga i morgonandaktene i lys av Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn.

2 Eit mangfaldig Noreg

2.1 Pluralisme

2.1.1 Religion og pluralisme

Pluralisme er eit ord som blir brukt i mange ulike samanhengar, og av den grunn er det ikkje så lett å vite akkurat kva som ligg i omgrepet. I tillegg til omgrepet *pluralisme* finn ein også omgrepa eller formene *pluralitet*, *pluralisering* og *pluralisert*. Dei tre sistnemnde blir gjerne brukt for å skildre ei utvikling og tendens i samfunnet.⁶

I religionsfeltet er pluralisme eit viktig ord. I dagens globaliserte samfunn er pluralisme ei utfordring for alle verdsreligionane. Likevel er religiøs pluralisme noko som alltid har vore til stades, påpeikar Harold Coward i boka *Pluralism in the World Religions*.⁷ Alle dei store verdsreligionane har blitt til i religiøst pluralistiske samfunn, og dette miljøet har vore med på å forme dei. Coward påpeikar at pluralisme kan skape ei kreativ spenning, som igjen blir ein katalysator for religiøs utvikling.⁸ Religiøs pluralisme kan altså vere ei kjelde både til mulegheiter og konflikt. I verda i dag er det ofte det siste alternativet som dominerer, eller i alle fall får mest merksemd. Om ikkje religion alltid er hovudårsaka, så har det vore og er ei medverkande årsak til tallause krigar og konflikhtar i verda.

Pluralisme som omgrep blir ofte brukt i samfunnsvitskapane, gjerne for å karakterisere politiske system, men også heile samfunn som er prega av maktspreiing.⁹ Omgrepet blir også brukt for å skildre at ulike åndsretningar gjer seg gjeldande i eit samfunn, særleg med tanke på moral og religion.¹⁰ Det er først og fremst denne siste meininga av pluralisme eg vil nytte meg av i denne samanheng, den som viser til religiøs diversitet. Vidare kjem eg stort sett til å nytte omgrepet mangfald når eg omtalar til religiøs diversitet. Dei deskriptive omgrepa religiøs

⁶ (Schmidt 2010:26)

⁷ (Coward 2000:139)

⁸ (Coward 2000:139).

⁹ Store norske leksikon, definisjon av pluralisme. URL: <http://snl.no/pluralisme/politikk> (Lesedato 11.4.2012).

¹⁰ Nynorskordboka, definisjon av pluralisme. URL: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=pluralisme&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> (Lesedato 11.4.2012).

diversitet og mangfald, som i stor grad har same meiningsinnhald, treng likevel ikkje nødvendigvis å vere det same som pluralisme. Med bakgrunn i den britiske religions sosiologen James Beckford, er det denne skilnaden eg vidare vil gjere greie for.

2.1.2 Beckford - utdjujing av omgrepet religiøs pluralisme

James Beckford har argumentert for at religiøs pluralisme er eit omgrep som har meir enn éi tyding. Talet på ulike religiøse tradisjonar eller organisasjonar i eit land blir ofte sett på som ein av dei mest openberre indikatorane på pluralisme. Mellom anna har Rodney Stark og Roger Finke definert pluralisme eller religiøst mangfald som talet på ulike religiøse tradisjonar eller tru-tradisjonar som er representerte i eit bestemt land.¹¹ Beckford kritiserer derimot denne definisjonen for å putte alle nyansar av religiøst mangfald i ein felles sekk. Han er skeptisk til å bruke pluralisme som eit samleomgrep når religiøs pluralisme kan gjere seg gjeldande på så mange ulike plan, og hevdar at religiøst mangfald er meir komplekst enn som så.¹² Beckford argumenterer derfor for at det er nødvendig å skilje mellom tre ulike dimensjonar av religiøs pluralisme i eit samfunn, for å få fram kva omgrepet kan romme.¹³ Desse dimensjonane er 1: *religiøst mangfald*, 2: *aksept av ulike religiøse grupper* og 3: *grad av verdsetjing av religiøst mangfald*.¹⁴ Seinare i analysen kjem eg til å omtale desse dimensjonane i kortform som *mangfald*, *aksept* og *verdi*.¹⁵

Eitt av problema med å gjere pluralisme til eit samleomgrep, er at det ofte har blitt sett på som eit svært positivt lada omgrep. Det kan bli misvisande når omgrepet også blir brukt i tilfelle der det er snakk om maktkamp og ulikskap mellom religion og religiøse tradisjonar.¹⁶ Beckford peikar på at det også er problematisk at omgrepet religiøs pluralisme blir brukt for å skildre såpass ulike samfunn som til dømes USA med sin "frie" religionsmarknad, nordiske land med statskyrkje, og den sekulære staten i Frankrike.¹⁷ Beckford kritiserer det å skildre noko som pluralistisk, då omgrepet blir for vidfemnande til å kunne fungere analytisk. I staden for vil det vere føremålstenleg å dele omgrepet inn i tre dimensjonar med ulikt

¹¹ (Beckford 2008:74)

¹² (Beckford 2008:76)

¹³ (Beckford 2008:74)

¹⁴ (Schmidt 2010:25)

¹⁵ Mi eiga forenkling og namngjeving av kategoriane.

¹⁶ (Beckford 2008:100)

¹⁷ (Beckford 2008:101)

meningsinnhald, for då vil mellom anna nyansane mellom ulike samfunn kome betre fram, hevdar han.¹⁸ I drøftinga i kapittel 7, støttar eg meg til Beckford si oppdeling av pluralismeomgrepet, og vil derfor sjå problemstillinga i lys av dei tre nemnde dimensjonane av pluralisme. Eg vil no gå gjennom desse, i hovudsak med utgangspunkt i Beckford si eiga utgreiing, supplert av norske Ulla Schmidt sine refleksjonar rundt denne. I tillegg gir eg døme på kva desse dimensjonane av religiøs pluralisme i praksis kan vere i det norske samfunnet.

2.1.3 Mangfald, aksept, verdi

Mangfald

Den fyrste av desse pluralismedimensjonane er religiøs diversitet. Eit samfunnet kan vere religiøst pluralistisk ved at det er prega av religiøs diversitet, altså av mangfald og variasjon. Ulla Schmidt har peika på at dette mangfaldet kan gjere seg gjeldande på fleire felt, til dømes i talet på organisasjonar med religiøs eller livssynsmessig tilknytning, talet på menneske som er knytt til desse, og ikkje minst i talet på religionar og religiøse tradisjonar. Eit religiøst pluralistisk samfunn kan også vise til korleis ein kombinerer ulike element frå forskjellige livssyn og religiøse tradisjonar til sin eigen miks, og i kor stor grad der er retningsvariasjonar innanfor ein religiøs tradisjon.¹⁹ Det finst til dømes ei mengd med ulike kristne retningar i Noreg. Eit slikt mangfald kan ein også sjå innanfor andre religionar. Ei viktig påpeiking er at religiøst mangfald ikkje berre er eit resultat av at nye grupper av folk flyttar til Noreg, men at dei som bur her også endrar religiøs og livssynsmessig tilhøyrsl.²⁰

Beckford meiner at det ikkje er lett å gi ei eintydig oppfatning av kva religiøst mangfald er. Han hevdar det ikkje går an å lage ein målereiskap for religiøst mangfald, då det kan variere både i type og grad.²¹ På grunn av at religiøst mangfald kan vise til så mange ulike faktorar vegrar også Ulla Schmidt seg for å slå fast at Noreg er eit religiøst mangfaldig samfunn, og meiner det er meir rimeleg å seie at Noreg er i ferd med å pluraliserast.²² Med det viser ho altså til ein pågåande prosess der religiøst mangfald og pluralisme kan gjere seg gjeldande på

¹⁸ (Beckford 2008:101)

¹⁹ (Schmidt 2010:25)

²⁰ (Schmidt 2010:33)

²¹ (Beckford 2008:76)

²² (Schmidt 2010:43)

ulike plan og i ulik grad, noko som dermed blir ei stadfesting av Beckford si oppfatning av at det er nødvendig å dele pluralisme inn i fleire dimensjonar.

I problemstillinga vel eg likevel å nytte meg av omgrepet religiøst mangfald, når eg spør *Korleis har morgonandakta i NRK P1 utvikla seg i perioden 2007-2011, sett i lys av Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn?*. Eg meiner at sjølv om Noreg er midt i ein pluraliseringsprosess, som Schmidt påpeikar, så er det allereie no tydelege teikn til religiøst mangfald. Det blir stadig fleire i Noreg som høyrer til andre trus- og livssynssamfunn, og folk høyrer til eit breiare spekter av trussamfunn enn tidlegare.²³ Det er nettopp det at Noreg er i ein pågåande prosess mot meir mangfald som er med på å gjere problemstillinga spennande. Gjennomgangen av dei neste dimensjonane vil vitne om at Noreg på visse felt allereie no kan oppfattast som religiøst mangfaldig.

Aksept

Den andre dimensjonen av religiøs pluralisme kan målast ut ifrå kor stor grad ulike religiøse grupper er aksepterte som aktørar i offentlegheit og samfunn.²⁴ Verdsetjinga av religiøst mangfald kan i praksis variere frå vilkårlege løyvingar, til toleranse og godkjenning, til å få lovgjevne rettar. Slike variasjonar kan vere eit barometer som måler forholdet mellom religionar og religiøse grupper og offentlegheita og staten.²⁵ Lovgiving er eitt av felt der ein konkret kan sjå i kor stor grad ein religion eller religiøs retning er formelt akseptert og anerkjent. Ikkje minst kan det også kome til syne gjennom religiøse autoritetar sine avtalar med staten om rettar og plikter til å til dømes døype, vie og gravleggje.²⁶

Aksept kan også målast meir uformelt. Til dømes kan ein sjå på kva trussamfunn og religionar det er representantar frå til stades under offentlege seremoniar, arrangement og når store ulykker eller katastrofar skjer. Dette kan variere frå land til land, der nokre land også avstår frå all religiøs representasjon, medan andre tillèt ”anerkjente” religionar.²⁷ I Noreg er den offentlege religionsdebatten ofte knytt til problemstillingar som går på denne andre dimensjonen, spørsmålet om aksept er ei spørsmål som ofte gir utslag juridisk. Debattane

²³ (Schmidt 2008:31)

²⁴ (Beckford 2008:76)

²⁵ (Beckford 2008:76)

²⁶ (Beckford 2008:76)

²⁷ (Beckford 2008:77)

krinsar gjerne rundt spørsmålet om i kor stor grad ein kan og bør regulere religiøse verdiar og praksisar med statleg lovgiving og føringar. Debattar om til dømes omskjering, hijab og abort, har vist at det er mange diskusjonar der statleg lovgiving kan gå på tvers av religionsfridomen til individet. Når det er sagt, må ein ikkje gløyme at enkelte slike tilfelle ofte også kan vere kulturelt, ikkje berre religiøst betinga.

I tillegg til juridiske spørsmål, har ein den stadige krysselden mellom yringsfridom og respekt for andre sin religiøsitet som blussar om med jamne mellomrom, i nyare tid i Noreg kanskje tydelegast i kjølvatnet av Muhammed-karikaturane i 2006. Ein annan måte å måle offentleg aksept på, er å sjå på i kor stor grad religiøse grupper aksepterer kvarandre som verdige partnarar eller konkurrentar.²⁸ James Beckford hevdar at dette er særskilt viktig i land der ein eller eit lite utval religiøse organisasjonar er i ein dominerande posisjon med mykje makt og innverknad, noko situasjonen i Noreg med Den norske kyrkja dermed kan vere eit døme på.

Aksept av det religiøse mangfaldet i eit samfunn kan ein også til ei viss grad måle gjennom å sjå på korleis offentlege institusjonar, som til dømes sjukehus og fengsel, tek høgd for ulik religionstilhøyrse. Halal-mat og livssynsnøytrale rom er i dag for mange institusjonar i Noreg ei sjølvfølge. Ulla Schmidt konkluderer i boka *Religion i dagens Norge* med at Noreg er relativt sterkt og livssynsmessig pluralisert når det gjeld offentleg anerkjenning og aksept av ulike religiøse tradisjonar og praksisar.²⁹ Likevel, påpeikar ho, er Den norske kyrkja som ein del av staten heile tida med på å danne kulissane for pluraliseringa, den skjer i ein hegemonisk kontekst med Den norske kyrkja som dominerande.³⁰

Verdi

Medan enkelte sosiologar vil bruke omgrepet pluralisme på dei ulike gradene av aksept for religion og religiøse grupper, vil Beckford heller reservere omgrepet for "*expressions that convey a positive evaluation of religious diversity*". Medan dei to første dimensjonane går på meir deskriptive skildringar av samfunnet, handlar den tredje dimensjonen av religiøs pluralisering, ifølgje Beckford, om den normative vurderinga og verdsetjinga av religiøst mangfald. Det er først og fremst denne tydinga Beckford legg i omgrepet, at pluralisme kan

²⁸ (Beckford 2008:77)

²⁹ (Schmidt 2010:40)

³⁰ (Schmidt 2010:43)

bli sett på som ein verdi i seg sjølv. Beckford tek altså til orde for ei meir normativ oppfatning av omgrepet pluralisme. Han viser til at pluralisme representerer allereie i mange samanhengar eit populært ideologisk ideal, og er eit kjært omgrep både for akademikarar og venstresida³¹. Nettopp derfor er det viktig å sjå nærare på korleis omgrepet pluralisme blir brukt i ulike diskursar, hevdar Beckford. Den ideologiske tydinga av pluralisme må ikkje forvekslast med empiriske fakta om mangfald og forhold mellom ulike religiøse tradisjonar.³² Ulla Schmidt påpeikar at ved å leggje til omgrepet pluralisme eit slikt normativt utgangspunkt som Beckford gjer, vil den faktiske utviklinga og tendensen i samfunnet vere meir nyttig å skildre gjennom deskriptive omgrep som pluralitet og pluralisering enn det meir normative pluralisme.³³ I denne oppgåva vil eg trekkje fram begge sider av saka, både det faktiske religiøse mangfaldet i Noreg og grada av aksept som ein deskriptiv påverknadsfaktor for morgonandakta, og korleis pluralisme forstått som verdi, kan vere ein normativ påverknadsfaktor.

Det kan høyrest utfordrande ut å i ein gitt situasjon skulle måle i kor stor grad religiøst mangfald blir verdsett. Men dersom ein til dømes ser på det gjennom eit rettsleg og politisk perspektiv kan ein få brukbare måleverktøy. Statskyrkjeordninga er i endring, men før endringane som skal løyse banda mellom staten og Den norske kyrkja trer i kraft, står Den norske kyrkja framleis i ei særstilling samanlikna med andre trussamfunn. Den norske kyrkja slik ho er per dags dato, er finansiert over offentlege budsjett, noko som gjer at staten kan gripe inn i kyrkja på andre måtar enn kva den kan med andre trussamfunn. Ulla Schmidt påpeikar at dette ikkje betyr at andre trus- og livssynssamfunn ikkje er aksepterte. Gjennom ”Lov om trdomssamfunn og ymist anna” frå 1969, endra i 2006, har andre trussamfunn rett til å få tilskot frå staten som svarar til det som staten har budsjettert til Den norske kyrkja, utrekna etter medlemstalet til det aktuelle trussamfunnet.³⁴ Kanskje kan det at alle trussamfunn blir likt økonomisk verdsette frå staten si side seiast å vere pluralisme i praksis, dersom ein skal følgje det som Beckford legg i den tredje dimensjonen av omgrepet.

Eit anna døme på korleis ein kan måle verdsetjinga av ulike religiøse retningar på, er å gå til skuleverket og dei premissane som gjeld for trus- og livssynsopplæring. Ser ein på kva

³¹ Mi oversetjing av det engelske uttrykket ”political liberals”.

³² (Beckford 2008:101)

³³ (Schmidt 2010:26)

³⁴ Lov om trdomssamfunn og ymist anna, §§19, 19a, 20, Lovdata.no, URL: <http://www.lovdata.no/all/nl-19690613-025.html> (Lesedato 11.11.11).

namnet på religionsfaget dei siste åra så har det gått frå å heite Kristendom, til Kristendom, religion og livssynsopplæring (KRL) til dagens Religion, livssyn og etikk (RLE). I den siste endringa til faget religion livssyn og etikk, er det understreka at faget skal vere eit ikkje-forkynnande kunnskapsfag, med objektiv, kritisk og pluralistisk undervisning der alle religionar skal behandlast på ein fagleg måte ut ifrå særpreget sitt.³⁵ Slik sett kan det sjå ut til at det religiøse mangfaldet i Noreg blir verdsett i RLE-faget, i alle fall på papiret.

2.1.4 Problemstilling og forskingsspørsmål

Det er med bakgrunn i desse tre dimensjonane av pluralisme, mangfald, aksept og verdi, at eg ønskjer å sjå på utviklinga i morgonandakta. Problemstillinga *Korleis har morgonandakta i NRK P1 utvikla seg i perioden 2007-2011, sett i lys av Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn?*, vil dermed ha tre underliggjande forskingsspørsmål. Desse er:

- Korleis kjem pluralisme forstått som mangfald til syne i morgonandakta?
- Korleis kjem pluralisme forstått som aksept til syne i morgonandakta?
- Korleis kjem pluralisme forstått som verdi til syne i morgonandakta?

Med *kjem til syne*, så meiner eg korleis ein kan fange opp desse tre dimensjonane av pluralisme i morgonandakta i materialet mitt frå undersøkingsperioden 2007–2011. For å kunne svare på dette, har eg laga meg konkrete verktøy, eit sett med variablar, som eg har valt å analysere materialet mitt med. Desse variablane kan igjen knytast til dei tre teoretiske dimensjonane mangfald, aksept og verdi, noko eg greier ut om i drøftinga i kapittel 8. Eg vil undersøkje både informantintervju og dokument på denne måten. I tillegg har eg teke med utval andakter som blir undersøkt med eit anna sett kategoriar, då variablane som blir brukt til å analysere intervju og dokument ikkje fungerte like føremålstenleg til andaktsmaterialet. I kapittel 4 kjem eg med ei meir grundig utgreiing av metode og grunngjeving for utval.

2.1.5 Andre om religiøs pluralisme

Sjølv om pluralisme som ein positiv verdi har stor gjenklang i verda i dag, finst det også enkelte som er ueinige i at pluralisme er noko verdifullt. Det kanskje mest utbreidde motargumentet mot pluralisme som ein verdi, er forskjellige uttrykk for rasisme og

³⁵ (Schmidt 2010:39)

intoleranse. Med terroråttaka på Oslo og Utøya friskt i minne, har det blitt tydeleg at enkelte krefter ser på eit multikulturelt samfunn som noko destruktivt. Det finst også meir akademiske uttrykk for motstand mot pluralisme som verdi, til dømes dei som argumenterer frå ein filosofisk/politisk ståstad og fryktar at pluralisme kan forsterke etniske og religiøse kategoriar, som det etter deira meining er tryggare dersom dei blir oppfatta som vage og i stadig endring.³⁶ Peter Berger er ein av desse som har tolka pluralisme i ei meir negativ lei enn Beckford. Berger hevdar at i eit religiøst mangfaldig samfunn kan det oppstå ein kamp mellom ulike trusretningar, og at denne kan leie til nihilisme, destruktive tankar om eit samfunn utan meining.³⁷ Beckford kritiserer derimot denne oppfatninga, og meiner at Berger sine spådommar om samfunn i oppløysing ikkje stemmer, og viser til at det har vakse fram eit religiøst mangfald i Europa utan at det har oppstått ei stor krise der det blir sett spørsmålsteikn ved kredibiliteten til alle religionar.³⁸ Sjølv om framveksten av eit religiøst mangfald i Europa ikkje nødvendigvis har rokka kraftig ved truverda til religion, kan det vere grunn til å påpeike at samtidig som mangfaldet blir større, minkar interessa for religiøse institusjonar.³⁹

2.1.6 Sekularisering

Religion har dei siste åra blitt via meir plass, både i nyheitsbiletet og i akademia. Men sjølv om religion har blitt meir synleg i nyheitsbiletet treng det ikkje vere eit teikn på at folk har blitt meir religiøse.⁴⁰ Medan sekulariseringsteori for nokre tiår sidan stod sterkt, er det i dag meir problematisk å seie noko bastant om sekularisering som tendens.⁴¹ Det er ikkje lenger stovereint å snakke om at samfunnet er sekularisert, til det finst det for mange nyansar og nivå, i tillegg til ei oppfatning om at sekularisering ikkje kan vere ein statisk diagnose på eit så dynamisk fenomen som religion. I det ligg det ikkje ei direkte avvising av tesen om sekularisering, men ei oppfatning av at den i mindre grad enn tidlegare er funksjonell for å forklare endringar når det gjeld religion og livssyn i dagens samfunn.⁴² Pål Ketil Botvar er ein av dei som har teke til orde for at ein må kombinere sekulariseringsteori med andre teoriar

³⁶ (Beckford 2008:101)

³⁷ (Beckford 2008:84)

³⁸ (Beckford 2008:88)

³⁹ (Béraud 2009:408)

⁴⁰ (Botvar 2010:11)

⁴¹ (Botvar 2010:11)

⁴² (Botvar 2010:24)

kring religiøse endringar, dersom ein skal fange opp dei endringane som skjer i samfunnet når det gjeld religion og livssyn på best muleg måte.⁴³

Religionssosiologen Karel Dobbelaere har fått gjenklang for tanken om at dersom ein skal snakke om sekularisering, så må ein snakke om det på tre ulike nivå. Dobbelaere skil mellom *samfunnsmessig sekularisering*, *organisasjonsmessig sekularisering* og *individuell sekularisering*. Ei slik inndeling opnar mellom anna opp for at eit samfunn og samfunnsordningar langt på veg kan vere sekulariserte, utan at det treng å bety at individa i samfunnet er sekulariserte.⁴⁴ Tanken om at det er føremålstenleg å gjere ei inndeling av omgrepet for å betre få fram nyansane, ligg altså til grunn både for Dobbelaere si forståing av sekularisering og Beckford si forståing av pluralisme.

Medan Dobbelaere snakkar om tre ulike nivå av sekularisering, tek Oddbjørn Leirvik i boka *Sekularisme – med norske briller* først utgangspunkt i omgrepet sekularisme, for så å gå vidare til omgrep i nær slekt, nemleg sekularisering og sekularitet. Leirvik påpeikar at omgrepet sekularisme i dag gjerne fører tankane mot eit politisk program, medan omgrepet sekularisering til skilnad viser til ”*ein meir allmenn, samfunnsmessig prosess som gjer religionen mindre synleg på fellesarenaene i samfunnet, gjerne også med dalande oppslutnad om dei religiøse fellesskapa.*”⁴⁵ Den tredje varianten av omgrepet, sekularitet, forstår Leirvik som korleis ein ordnar det felles livet for borgarane i pluralistiske samfunn.⁴⁶ Dette kallar han det sekulære vilkåret, at sekularitet handlar om å leve saman i eit samfunn der religionar må dele makta i samfunnet med andre institusjonar og tankeretningar.⁴⁷

Ved å vise til at sekularisme gjerne blir sett på som eit politisk program, altså noko ideologisk, er Leirvik inne på noko av det same som James Beckford gjer med pluralisme i den tredje versjonen, ser på det som ein normativ verdi. Denne likskapen kan ein trekkje vidare og gjere ei inndeling av omgrepet pluralisme som liknar det Leirvik har gjort med sekularisme. Då vil den første dimensjonen av pluralisme vere pluralitet, ei deskriptiv skildring av mangfaldet i eit samfunn. Den andre dimensjonen vil vere pluralisering, ei deskriptiv skildring av den samfunnsmessige prosessen der eit mangfald av religionar møtest,.

⁴³ (Botvar 2010:24)

⁴⁴ (Furseth og Repstad 2006:102)

⁴⁵ (Leirvik 2012:8)

⁴⁶ (Leirvik 2012:10)

⁴⁷ (Leirvik 2012:10)

Omgrepet pluralisme vil då vise til den tredje dimensjonen, pluralisme som ein normativ verdi eller politisk program.

Vidare vil eg likevel halde meg til Beckford si opphavlege inndeling av pluralisme, utan å direkte samanstille dette med dei tankar som er gjort kring sekularismeomgrepet. Likevel meiner eg det er interessant å nemne korleis desse omgrepa kan bli forstått, utan at ein skal ta for gitt at det er ein overføringsverdi mellom tolkinga av omgrepa. Det ein uansett kan slå fast, er at dei prosessane som sekularisering og pluralisering viser til, er nært knytt til og kanskje gjensidig avhengig av kvarandre.

2.2 Fleirstemt Noreg

2.2.1 Kva tala seier

Dei nyaste medlemstala frå Den norske kyrkja, viser at ved årsskiftet 2010/2011 var 78 prosent av befolkninga i Noreg medlem i kyrkja.⁴⁸ Med bakgrunn i at det store fleirtalet i Noreg er medlemmer av Den norske kyrkja, kan det vere nærliggjande å hevde at Noreg er eit relativt einsarta religiøst samfunn. Likevel bør ein ha i mente at mange kan vere medlem i statskyrkja meir på grunn av tradisjon enn tru. Denne situasjonen er likevel i ferd med å endre seg i ei meir mangfaldig retning. Sidan slutten av 1990-talet har det vore ein tydeleg nedgang i medlemstallet i Den norske kyrkja. Samtidig har talet på folk som er med i andre trus- og livssynssamfunn stige, det same har også talet på dei som ikkje er med i noko trus- og livssynssamfunn.⁴⁹ I denne samanheng er det viktig å presisere at tala frå Statistisk sentralbyrå baserer seg på medlemstal frå trus- og livssynssamfunn, og reknar dermed ikkje med dei ”uorganiserte” religiøse i Noreg.

Sidan 2005 har talet på medlemmer i dei trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, auka med godt og vel 100 000 medlemmer. Det utgjer ein vekst på nær 27 prosent i desse sju

⁴⁸ Statistisk sentralbyrå, ”Flere til nattverd”, publisert 20.6.11, URL: http://www.ssb.no/kirke_kostr/ (Lesedato 4.5.12).

⁴⁹ Statistisk sentralbyrå, tabell 2.1 i (Schmidt 2010:27).

åra.⁵⁰ Dei nyaste tala frå SSB viser at av dei 4 920 305 personane som var busette i Noreg 1. januar 2011, var 484 500, eller 9,8 prosent, medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja.⁵¹ Ifølgje SSB er det ein auke på 34 700 personar, eller 8 prosent, frå året før. Tala viser også at det har vore størst vekst blant dei kristne trussamfunna.⁵² Over halvparten, 55 prosent, av trus- og livssynssamfunna som er registrert utanfor Den norske kyrkja, blir rekna som kristne. Av desse er den romersk-katolske kyrkja det største. Per 1. januar 2011 var islamske samfunn størst etter dei kristne, med 106 700 medlemmer, det vil seie 22 prosent av dei som er medlem i eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja.⁵³

Ulla Schmidt har konkludert med at hovudtendensane når det kjem til religiøs pluralisme i Noreg dei siste tiåra, har vore ei kvantitativ pluralisering. Det vil seie at det blir stadig fleire folk som høyrer til andre trus- og livssynssamfunn enn Den norske kyrkja. Samtidig legg Schmidt vekt på ein tendens som er endå meir tydeleg, nemleg ei kvalitativ diversifisering. Det vil seie at ein ser eit breiare spekter av trus- og livssynssamfunn, og ei oppblomstring av trussamfunn med lengre avstand til den religiøse og livssynsmessige tradisjonen som tidlegare har dominert i Noreg.⁵⁴

2.2.2 Skepsis mot religion i det offentlege

Dei siste åra har folk blitt meir kritiske til religion i offentlegheita, ifølgje undersøkinga Religion 2008.⁵⁵ Men denne skepsisen kan ikkje forklarast som eit resultat av generell skepsis til religion, heller ikkje som generelt lågare oppslutning om religion. For også blant religiøse er det fleire som er skeptiske enn positive til at religion skal ha innflytelse på det offentlege.⁵⁶

Jan-Olav Henriksen og Ulla Schmidt meiner dei har avdekt eit bilete som viser at eit samfunn med religiøst mangfald forsterkar oppslutninga om at det offentlege skal vere sekulært. Den

⁵⁰ Statistisk sentralbyrå, "Hva forteller statistikkene om religion, tro og livssyn i Norge", publisert 7.3.12, URL: <http://www.ssb.no/ssp/utg/201201/07/> (Lesedato 6.5.2012).

⁵¹ Statistisk sentralbyrå, "10 prosent er medlem i trus- og livssynssamfunn", publisert 6.12.11, URL: <http://www.ssb.no/emner/07/02/10/trosamf/> (Lesedato 29.4.2012).

⁵² Tala gjeld for dei trus- og livssynssamfunna om står utanfor Den norske kyrkja og får statstilskot.

⁵³ Statistisk sentralbyrå, "Hva forteller statistikkene om religion, tro og livssyn i Norge", publisert 7.3.12, URL: <http://www.ssb.no/ssp/utg/201201/07/> (Lesedato 6.5.2012).

⁵⁴ (Schmidt 2010:31)

⁵⁵ (Henriksen og Schmidt 2010:83)

⁵⁶ (Henriksen og Schmidt 2010:83)

rådande haldninga er at dersom ein skal delta i det offentlege samfunnet, bør ein fyrst og fremst gjere det som borgar, ikkje som religiøs. Det er likevel ikkje alltid likskapsteikn mellom denne posisjonen og dei som inntek ein sekularistisk posisjon og med det ønskjer å fjerne alle offentlege uttrykk for religion.⁵⁷ Henriksen og Schmidt konkluderer med at folk i det norske samfunnet stort sett ønskjer eit samfunn som er prega av det sekulære. Dei slår fast at utfordringane for framtidig religionspolitikk blir med det å sikre toleranse og likeverd, og sikre at religion får avgrensa påverknadskraft utan å forsvinne frå det offentlege rom.⁵⁸

Det er i denne konteksten, Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn, eg vil setje utviklinga i morgonandakta på NRK P1 inn i. Andakta i NRK blir eit veldig konkret døme på religion i det offentlege, då NRK er ein lisensfinansiert allmennkringkastar, finansiert av det norske folk. Kva har eigentleg det at Noreg er eit mangfaldig samfunn å seie for NRK som religionsformidlar og for kringkastinga av morgonandakta? Kan ein sjå spor av pluralisme i andaktsutviklinga i NRK, og i så fall kva slags pluralisme? Dette er noko av det eg ønskjer å undersøkje, men før eg tek til på det må ein skru tida tilbake og sjå på historia til den uthaldande 81-åringen som er i sentrum for denne oppgåva – morgonandakta i NRK P1.

⁵⁷ (Henriksen og Schmidt 2010:91)

⁵⁸ (Henriksen og Schmidt 2010:94)

3 Morgonandakta i NRK

”Morgenandakten på P1 mandag til torsdag kl. 5.33 og kl. 8.20 tar utgangspunkt i kristen tro og skal gi publikum en åndelig og god start på dagen.”

(Utdrag frå NRK Årsrapport 2010)⁵⁹

3.1 Historisk blick på NRK og religion

Den første radiosendinga i Noreg fann stad 12. februar 1920, då ”trådløs telegrafi” frå Kristiania til Horten blei demonstrert med pressa til stades i studio på Akershus festning.⁶⁰ Etter fleire år med amatørradio blei det i 1920-åra oppretta fire private kringkastingselskap i Noreg, først eitt i Oslo i 1925, deretter følgde Bergen, Ålesund og Tromsø etter.⁶¹ Dei gongane dei tre selskapa utanfor Oslo ikkje hadde kapasitet til å produsere egne program, tok dei inn program frå Kringkastingselskapet i Oslo.⁶² I 1933 vedtok Stortinget at all kringkastingsverksemd i Noreg skulle gå over til å bli drifta av staten, og Norsk Rikskringkasting, seinare forkorta og kalla NRK, blei etablert. Lov om kringkasting blei vedteke 24. Juni 1933, med verknad frå 1. Juli, og Norsk Rikskringkasting overtok deretter dei private kringkastingselskapa.⁶³

Mediehistorikar Hans Fredrik Dahl har påpeika at medan radio er ei teknisk oppfinning, er kringkasting er ei sosial oppfinning.⁶⁴ I den nye norske rikskringkastinga sa det seg heller ikkje sjølv med ein gong kva innhaldet skulle vere, det måtte formast. Utforminga av NRK og programmalsetjingane, var i byrjinga prega av at kringkastinga var ein reiskap for nasjonen, ikkje for publikum, påpeikar Ketil Jarl Halse og Helge Østbye i *Norsk kringkastingshistorie*. I det låg det at NRK skulle vise respekt for sentrale samfunnsinstitusjonar som kyrkja, politiske institusjonar, næringsliv, arbeidsliv og kultur- og utdanningsinstitusjonar.⁶⁵ Argumentet om at kringkastinga burde få utvikle seg i private former, slik tilfellet var med avisene, måtte vike

⁵⁹ NRK Årsrapport 2010, URL: <http://nrk.no/aarsrapport/2010/livssyn/> (Lesedato 29.4.12).

⁶⁰ (Dahl 1991:16)

⁶¹ (Dahl 1991:30)

⁶² (Halse og Østbye 2003:41)

⁶³ (Halse og Østbye 2003:69)

⁶⁴ (Dahl 1999:17)

⁶⁵ (Halse og Østbye 2003:63)

for utbyggingsargumentet om at kringkastinga var ei landssak.⁶⁶ I byrjinga var det også sett på som så sjølvstøtt at programma i NRK skulle vere av folkeopplysande karakter at det ikkje stod nedskrive nokon stad.⁶⁷ Kulturomgrepet i NRK var dermed heilt frå starten av pluralistisk karakter, ikkje som BBC-versjonen som bar meir preg av å ville spreie elitekultur til massane.⁶⁸ Den aller første morgonandakta på radio blei heldt 9. mars 1931 av biskop Bernt Støylen, altså allereie før NRK var formelt skipa.⁶⁹ Andakta har med andre ord vore med i bagasjen til NRK heilt frå byrjinga –og vel så det. Men medan det pluralistiske kulturomgrepet har halde fram med å utvikle seg sidan byrjinga, har den religiøse forankringa derimot bleikna, ifølgje Halse og Østbye. Dei hevdar at sjølv om religiøse program og forkynning framleis finst i NRK i dag, så blir slike program definerte som ein type sektorprogram, som har liten innverknad utover sine egne grenser.⁷⁰

I eit føredrag frå 1969 var dåverande kringkastingssjef Hans Jacob Ustvedt heilt tydeleg på NRK si plikt til å sende religiøse program. Ustvedt la vekt på at ein stor del av folket både ønskte og sette pris på slike program.⁷¹ At Ustvedt som kringkastingssjef allereie i 1969 påpeika at *”I et stadig mer utpreget pluralistisk samfunn kan det i kringkastingen ikke være tale om noe kristelig meningsmonopol”*, er interessant. Ustvedt påpeikar vidare at NRK ikkje kan vere ein kristeleg forplikta institusjon, samtidig som han framhevar at religiøse spørsmål må behandlast med respekt. Han er klar på at NRK er plikta til å spegle det religiøse liv i Noreg, *”med den styrke og mangesidighet som dette til enhver tid måtte ha”*.⁷²

Den delen av religiøse program i NRK som har eit forkynnande innhald, står i særstilling samanlikna med det generelle prinsippet i NRK om at dei ikkje skal prøve å påverke lyttarar og sjåarar i ei bestemt retning. NRK skal ikkje vere ein arena for propaganda, i noko som helst retning, noko som også tidlegare kringkastingssjef Ustvedt påpeikar.⁷³ Ustvedt viser til at når NRK bryt desse prinsippa i samband med forkynnande religiøse program, er det fordi

⁶⁶ (Bastiansen og Dahl 2008:247)

⁶⁷ (Bastiansen og Dahl 2008:249)

⁶⁸ (Halse og Østbye 2003:264)

⁶⁹ NRK.no, Jubileumsandakta på NRK P1, 9. mars 2011, URL:

<http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.7539707> (Lesedato 12.04.12).

⁷⁰ (Halse og Østbye 2003:264)

⁷¹ (Lundby 1974:108)

⁷² Sitat frå tidlegare kringkastingssjef Hans Jacob Ustvedt gjengitt i (Lundby 1974:108).

⁷³ (Lundby 1974:108)

dei vil kome i møte eit krav frå ”brede befolkningsgrupper”, eit krav som Ustvedt påpeikar at folket har rett til å stille.⁷⁴

NRK har alltid henta andaktshaldarane sine frå kristne kyrkjesamfunn, og folk med statskyrkjebakgrunn har med få unntak dominert.⁷⁵ I 2008 vedtok NRK at dei ville tilby forkynnande program frå andre tradisjonar enn den kristne, men dette fekk ingen direkte konsekvensar for morgonandakta. Vedtaket førte til at det i 2009 blei sendt eit forkynnande program frå ei muslimsk høgtid.⁷⁶ Likevel er det programma med forankring i kristen tradisjon som har stått og framleis står sterkast i NRK. I dag gjer desse programma seg særskilt gjeldande i radiokanalen NRK P1, som sender både morgonandakter og gudstenester med kristen forkynning.

Ei undersøking frå NRK Analyse gjort i januar/februar 2011, viser at det i dag er delte meiningar om morgonandakta, og at ganske mange ikkje har ei meining om andakta i det heile.⁷⁷ På spørsmålet ”*NRK P1 sender mandag til fredag mellom kl 08:20 – 08:27 andakt og Mot helg. Hva er din oppfatning om dette?*”, svarer 40 prosent av dei som dagleg lyttar til P1 at dei ønskjer at NRK skal sende andakt/Mot helg. Av befolkninga totalt er det 25 prosent som meiner det same. Samtidig er det 20 prosent av dei som dagleg lyttar til P1 som ikkje ønskjer at NRK P1 skal sende andakt/Mot helg, og 22 prosent av befolkninga totalt som ikkje vil ha andakt/Mot helg på NRK P1. Størsteparten av dei spurde i undersøkinga veit ikkje eller har inga oppfatning om kva dei meiner om at NRK P1 sender andakt/Mot helg. 40 prosent av dei som dagleg lyttar til P1 er likegyldige til andakta, det same er 54 prosent av befolkninga totalt.

⁷⁴ (Lundby 1974:108)

⁷⁵ (Lundby 2010:116)

⁷⁶ NRK Årsrapport 2008, URL: <http://www.nrk.no/aarsrapport/2008/> (Lesedato 21.10.11)

⁷⁷ Undersøkinga har eg fått tilsendt frå Tor Eide i NRK Analyse.

3.2 Radioandakt i andre land

3.2.1 I opphavet var BBC

Skal ein sjå på radiohistoria i Noreg, må ein også sjå til Storbritannia og til BBC, British Broadcasting Corporation. BBC dreiv både med radio og religionsformidling i radio før NRK blei til, og som dagens kanalsjef i NRK P1 seier: *”Morgonandakta som tradisjon har vi arva frå BBC – som alt anna”*.⁷⁸

Julaftan 1922 blei den første religiøse talen overført på BBC radio, og soknepresten i Whitechapel kunne konstatere at han gjennom radioteknologien no snakka til fleire folk enn kva sjølvaste Paulus hadde gjort i heile sitt liv. Likevel var det ein viktig skilnad, påpeika soknepresten: Kyrkjelyden hadde for første gong også mulegheit til slå av preika fysisk, ikkje lenger berre i sitt stille sinn i kyrkjebenken.⁷⁹ Året etter blei den rådgivande komiteen ”The Sunday Committee” forma, og oppgåva deira var å sjå på mulegheitene som låg i det nye radiomediet, i tillegg til å forme ut eit religiøst tilbod i eit til no upløgd radioforkynningslandskap.⁸⁰ Komiteen blei forma fordi administrerande direktør i BBC John Reith ville ha praktiske råd om korleis han skulle velje ut talarane som slapp til i eteren, både når det gjaldt kva kristen retning dei høyrde til, og kven kyrkjene sjølve såg på som passande. På det fyrste møtet til komiteen blei det også avgjort at talarane ikkje skulle få noko anna lønn enn det som dekte eventuelle utgifter, og at dei måtte levere manus minst tre dagar før preika.⁸¹

I 1926 starta Miss Kathleen Cordeux ein kampanje for ”a short religious service” på BBC radio, og i januar 1928 gjekk ønsket i oppfyljing. Som eit eksperiment blei det sendt ei kort gudsteneste i 15 minutt kl. 10.15. Innslaget fekk enorm respons, og ”Daily service” blei etter kvart eit fast innslag.⁸² I dag eksisterer framleis Daily Service, og har 25 ulike andaktshaldarar frå ulike kristne kyrkjeretningar. Programmet blir sendt i kvarteret mellom 9.45 til 10.00 på

⁷⁸ Kanalsjefen i NRK P1, Jon Branæs, er ein av informantane i intervjumaterialet mitt. Utsegna blei sagt i intervju 16.12.11.

⁷⁹ (Woolfe 1984:xxi)

⁸⁰ (Noonan 2008:56)

⁸¹ (Woolfe 1984:6)

⁸² BBC.co.uk, History of the Daily Service. URL: <http://www.bbc.co.uk/radio4/features/daily-service/history/> (Lesedato 26.1.12).

BBC Channel 4. Etter å ha vore på lufta i 84 år, er Daily Service det programmet av sin sort i heile verda som har hatt lengst levetid.⁸³

3.2.2 "Morgenandagten" i Danmarks Radio

I Danmark har det også vore tradisjon for å sende morgonandakt. Andaktene har vore sendt på Danmarks Radio, det offentleg finansierte kringkastingselskapet som svarer til NRK i Noreg. Opplegget rundt andakta er likevel ganske annleis enn på NRK P1. Den danske "Morgenandagten" blir nemleg direkte radiooverført frå Vor Frue Kirke i København, der ein prest dagleg held ei andakt på 20 minutt, inkludert salmesong og velsigning. I 2001 blei andakta flytta frå danske P1 til P2. Våren 2011 blei det vedteke endå ei flytting, som skulle vise seg å resultere i ein drastisk nedgang i lyttartala. Etter ei tilbodsrunde mista Danmarks Radio ein FM-kanal til Radio24syv. Dermed blei danske P1 og P2 slått saman til éin FM-kanal frå og med 1. November 2011. Morgonandagten fekk ikkje plass på den nye hovudkanalen på FM-bandet, men blei verande på P2, som no berre er tilgjengeleg på digital DAB-radio. Allereie etter ei veke hadde lyttartala falle kraftig, frå 43 000 til 8000.⁸⁴ Og reaksjonane lét ikkje vente på seg, både i lesarinnlegg, artiklar og på leiarplass i den kristne danske dagsavisa Kristeligt Dagblad.⁸⁵ Prest og styremedlem i Danmarks Radio, Katrine Winkel Holm, var ei av dei som reagerte kraftig:

"Morgenandagten er en slags dåbsattest for DR. Når DR hver dag begynder med en lille gudstjeneste, er det et symbolsk tegn på, at vi lever i et kristent land. Hvis vi slagter Morgenandagten, er det en aktiv afkristning af DR. Og som bestyrelsesmedlem bliver det over mit lig, hvis det skal ske".⁸⁶

⁸³ BBC.co.uk, History of the Daily Service. URL: <http://www.bbc.co.uk/radio4/features/daily-service/history/> (Lesedato 26.1.12).

⁸⁴ Kristeligt Dagblad, "Lytterne flygter fra DR's kirkelige programmer", publisert 12.11.11, URL: http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/440077:Kirke---tro--Lytterne-flygter-fra-DR-s-kirkelige-programmer?article_page=1 (Lesedato 08.04.12).

⁸⁵ Kristeligt Dagblad har 116.000 lesarar kvar dag, ifølgje deira egne tal frå 2011: "Avisen om livets store spørsmål", URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/om> (Lesedato 29.11.11). Til samanlikning les 96 000 den norske kristne dagsavisa Vårt Land, ifølgje tal frå 2011: "Informasjon om Vårt Land", URL: http://vl.kundesenter.com/bestill_annonse/bedrift/ (Lesedato 30.4.2012).

⁸⁶ Kristeligt Dagblad, "DR's bestyrelse skal se på blødende morgenandagt", publisert 25.11.11, URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/441721:Kirke---tro--DR-s-bestyrelse-skal-se-paa-bloedende-morgenandagt> (Lesedato 29.11.11).

At lyttartala rasa nedover med meir enn 80 prosent, førte til at Danmarks Radio såg seg nøydde til å tilby ei anna mulegheit til andaktslytting. DR starta dermed med å sende andakta også på ein AM-kanal på langbølgjeradio. Det er ein type radiosignal som ein kan få inn på eldre radioapparat, men til dømes ikkje på moderne bilradioar. Ei tidlegare undersøking gjort av DR viste at denne frekvensen har svært få lyttarar, under to prosent av dei spurde lytta til denne AM-kanalen.⁸⁷ I slutten av januar, nesten tre månader etter at andakta blei flytta til DAB-radio, kunne Kristeligt Dagblad likevel melde om at lyttartala til morgonandakta hadde teke seg litt opp igjen. Men trass i at andakta hadde fått tilbake lyttarar etter det drastiske fallet på over 80 %, noko som gav eit lyttartal på 8000, var det i januar 2012 likevel berre halvparten så mange som lytta til andakta som før omlegginga, 22 000 lyttarar mot tidlegare 43 000.⁸⁸

Samtidig som debatten gjekk om flyttinga av andakta, introduserte Danmarks Radio eit nytt tilbod på andaktsfronten, som etter det eg har kome over av avisartiklar fekk langt mindre merksemd enn flyttinga av den tradisjonelle andakta. Danmarks Radio presenterte nemleg i samarbeid med den danske folkekirken ei ny mobilandakt som eit supplement til morgonandakta på radio, der målet var å fengje spesielt dei i 20- og 30-åra.⁸⁹ Den nye mobilandakta er ein gratis applikasjon som folk kan laste ned til smarttelefonar. I tillegg blir andakta lagt ut på nettsidene til folkekirken, folkekirken.dk.⁹⁰ Andakta "Dagens ord" inneheld ei salme, ei bøn, ei velsigning og ein video der ein prest held ein kort tale. Mobilapplikasjonen fungerer slik at kvar dag blir det lagt ut ein ny video og ein ny salme som Folkekirkens Ungdomskor syng. I tillegg kan dei som brukar applikasjonen skrive ei bøn eller sende velsigninga frå presten vidare til vennene sine.⁹¹ *"Pointen med andagten er, at man kan*

⁸⁷ Kristeligt Dagblad, "Morgenandagten går på langbølge", publisert 2.12.11, URL: http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/442548:Kirke---tro--Morgenandagten-gaar-paa-langboelge?article_page=2 (Lesedato 15.2.2012).

⁸⁸ Kristeligt Dagblad, "Lyttterne vender tilbage til DR's Morgenandagten", publisert 24.11.12, URL: http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/448594:Kirke---tro--Lyttterne-vender-tilbage-til-DR-s-Morgenandagten?article_page=2 (Lesedato: 29.4.2012).

⁸⁹ Kristeligt Dagblad, "DR's nye morgenandagt rettes mod de unge", publisert 23.11.11, URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/441372:Kirke---tro--DR-s-nye-morgenandagt-rettes-mod-de-unge> (Lesedato: 29.4.2012).

⁹⁰ Folkekirken.dk, "Dagens ord", URL: <http://www.folkekirken.dk/dagensord/> (Lesedato: 29.4.2012).

sammensette den, som man vil, og bruge den på den måde, man har lyst til”, seier Ellen Aagaard Petersen, redaktør på folkekirken.dk og ein av initiativtakarane til den nye mobilandakta, til Kristeligt Dagblad.⁹²

3.2.3 ”Morgonandakterna” i Sverige

Også i Sverige blir det sendt morgonandakt på radio, gjennom det svenske statlege rikskringkastingsselskapet Sveriges Radio. Allereie for over 30 år sidan blei denne flytta frå den største radiokanalen SR P1 til SR P2. I januar 1979 vedtok Sveriges Radio ei endring i sendeplanen, som førte til at morgonandakta som blei sendt 05.50 – 06–00 og 06.50 – 07.00 blei flytta til P2 med ny sendetid 07.20 – 07.30 frå og med 26. februar 1978.⁹³ Grunngevinga for å flytte “Morgonandakterna” frå P1 til P2 var at Sveriges Radio meinte det var ein programpost for “medvitna” lyttargrupper, ikkje for den store allmenta.⁹⁴ Gjennom heile 70-talet hadde lyttartala til den svenske morgonandakta vore fallande, og enkelte meinte at endringa frå tradisjonelle mot meir “livsfrågeorienterte” morgonandakter var grunnen til nedgangen, som igjen blei sett på som noko av grunnen til at andakta blei flytta vekk frå svenske P1.⁹⁵ I tillegg meinte Sveriges Radio at der ikkje var eit naturleg rom for andakta i deira nye morgonsending, “Nyhetsmorgon med musikk”.⁹⁶ Andakta blei likevel flytta tilbake igjen på P1 i august 1980.⁹⁷

I dag er situasjonen i Sverige annleis. Morgonandakta går framleis på P1, måndag til fredag kl. 05.45, men no i ein fleirreligiøs versjon der det i tillegg til kristne andakter også blir sendt muslimske og jødiske andakter.⁹⁸ Opplegget varierer frå veke til veke. Det kan enten vere ei heil veke med tradisjonelle andakter frå til dømes ein pinsepastor, eller så kan det vere

⁹¹ Kristeligt Dagblad, ”DR’s nye morgenandagt rettes mod de unge”, publisert 23.11.11, URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/441372:Kirke---tro--DR-s-nye-morgenandagt-rettes-mod-de-unge> (Lesedato: 29.4.2012).

⁹² Kristeligt Dagblad, ”DR’s nye morgenandagt rettes mod de unge”, publisert 23.11.11, URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/441372:Kirke---tro--DR-s-nye-morgenandagt-rettes-mod-de-unge> (Lesedato 29.4.2012).

⁹³ (Hellström 1984:81)

⁹⁴ (Hellström 1984:82)

⁹⁵ (Hellström 1984:82)

⁹⁶ (Larsson 1988:179)

⁹⁷ (Larsson 1988:179)

⁹⁸ Sveriges Radio, heimesida til Morgonandakten, URL: <http://sverigesradio.se/sida/default.aspx?programid=1320> (Lesedato 30.4.12).

temaveke der fem ulike personar frå forskjellige religionar (kristendommen, islam eller jødedommen) reflekterer rundt det same temaet, som til dømes lykke, ansvar og misunning. Catharina Vestin, samordnar og produsent av Morgonandakten i Sveriges Radio, fortel i ein e-post at det var i 2004 at Sveriges Radio starta med muslimske og jødiske andaktsveker.⁹⁹ Den svenske Morgonandakten blir i dag sendt måndag til fredag, kvar veke gjennom heile året kl. 05.45 i svenske P1. Ifølgje Vestin skal det i 2012 bli sendt 7 muslimske andaktsveker og 4 jødiske andaktsveker. I tillegg sender dei 5 veker med temaandakter, der tre kristne, ein muslim og ein jøde reflekterer ein morgon kvar kring temaet for veka. Vestin fortel at det finst ingen skrivne dokument om dette, men ho var sjølv med og innførte dei muslimske og jødiske morgonandaktene i Sveriges Radio.

Sjølv om det ikkje finst mange skrivne dokument om morgonandakta i Sverige, så viser det seg at det er enkelte som er misfornøgde med dagens ordning. På fleire bloggar dukkar det opp stemmer som meiner at når Sveriges Radio tilbyr islamsk morgonandakt, så er det propaganda og eit teikn på at det svenske samfunnet blir islamisert.¹⁰⁰ Mange hiv seg på med islamkritiske utsegn i kommentarfelta til desse blogginnlegga, og éin hevdar til dømes at islam slepp unna det same kritiske blikket som kristendommen har måtte tåle i Sverige. I kommentarfeltet til blogginnlegget "Islamiseringen av Sverige – Morgonandakten propaganda för islam" på bloggen MXp, kjem også ein annan type kritikk til syne. Den går ikkje direkte på islam, som dei fleste andre kommentarane, men på at ei fleirreligiøs morgonandakt blir for generell og "allmänreligiös":

*"Programmet fyller man nu inte längre med kristna andakter. Det fylls nu med ett allmänreligiöst innehåll. Man behåller begreppen men fyller dem med nytt innehåll. Den här nya läran får ny tjäna som ett material att användas allt efter behov enligt vad man kan benämna IKEA-teologi."*¹⁰¹

⁹⁹ Svar på spørsmål om den svenske Morgonandakten, sendt til meg på e-post 26.03.11.

¹⁰⁰ Dette kjem mellom anna fram av innlegget "Islamiseringen av Sverige - Morgonandakten propaganda för islam" på bloggen MXp – Missional experiences, URL: <http://missionxp.webblogg.se/2011/july/islamiseringen-av-sverige-morgonandakten-pr.html> (Lesedato 3.4.2012). Det aktuelle blogginnlegget er kopiert og publisert på andre svenske bloggar, i tillegg er det delvis gjengitt på den norske islamkritiske nettstaden Document.no, URL: <http://www.document.no/2011/07/andakt-for-det-nye-sverige/> (Lesedato 3.4.2012).

¹⁰¹ Kommentar nr. 6 ovanfrå på innlegget "Islamiseringen av Sverige - Morgonandakten propaganda för islam" på bloggen MXp – Missional experiences, URL: <http://missionxp.webblogg.se/2011/july/islamiseringen-av-sverige-morgonandakten-pr.html> (Lesedato 3.4.2012).

3.3 NRK som allmennkringkastar

3.3.1 Konseptet allmennkringkasting

NRK er ein allmennkringkastingskanal, noko som tyder at dei får sende riksdekkjande kringkasting i byte mot at dei sikrar folket eit rikhaldig tv- og radiotilbod. Ein allmennkringkastar i Noreg er mellom anna forplikta til å ha eit tilbod som fengjer både breie og smale publikumsgrupper, samtidig skal han vere med på å styrke norsk språk, kultur og identitet.¹⁰² Dette er slått fast i stortingsmeldinga I ytringsfrihetens tjeneste frå 2000-2001, der det blir framheva at i omgrepet "public service" ligg det eit krav til breidde og mangfald i innhaldet.¹⁰³ Allmennkringkasting som omgrep blir ikkje omtala i Noreg før på slutten av 1980-talet, då NRK tok det i bruk for å markere ein distanse til kommersielle kanalar.¹⁰⁴ Sjølve omgrepet kjem av det engelske «public service broadcasting», som først blei brukt for å skildre BBC på 1920-talet.¹⁰⁵ Sidan NRK starta opp som radiokringkastar i 1933, har konseptet offentleg finansiert kringkasting måtte tåle mykje diskusjon. Mellom anna har NRK si rolle som allmennkringkastar i møte med nye medieplattformer vore eit aktuelt tema den siste tida. Eit overordna mål med NRK er at alle som bur i Noreg kan fungere best muleg som borgarar i eit demokratisk samfunn.¹⁰⁶ Men svaret på kva det inneber å vere ein allmennkringkastar er ikkje konstant, og diskusjonen kring NRK si rolle og oppgåver skjer både i og utanfor NRK. I 2007 kom stortingsmeldinga om NRK-plakaten Noe for alle. Alltid, som eit resultat av press utanfrå. Andre kommersielle kringkastarar har levert klagar på offentleg finansierte kringkastarar heilt sidan tidleg på 1990-talet, med grunnlag i det konkurransepolitiske regelverket til EU.¹⁰⁷ Dei meiner det gjer det vanskeleg å konkurrere

¹⁰² Medietilsynet: «Hva er allmennkringkasting?», URL: <http://www.medietilsynet.no/no/Oppslag/Ofte-stilte-sporsmal/Allmennkringkasting/Hva-er-allmennkringkasting/> (Lesedato: 21.8.11).

¹⁰³ Kulturdepartementet (2001), *I ytringsfrihetens tjeneste. Mål og virkemidler i mediepolitikken*. St.meld. nr 57 (2000-2001), kapittel 3.3.2.

¹⁰⁴ (Syvertsen 2004:179)

¹⁰⁵ (Syvertsen 2004:179)

¹⁰⁶ (Moe 2008: 360)

¹⁰⁷ (Moe 2008:361)

med NRK, når over 90 prosent av inntektene til NRK er offentlig finansiert gjennom lisensavgifta.¹⁰⁸

3.3.2 NRK-plakaten – kampen om ordlyden

Rammene for NRK sitt virke som allmennkringkastar står i vedtektene til NRK. Desse blei endra i 2008, som følgje av Stortingsmelding nr. 6 om NRK-plakaten, *Noe for alle. Alltid*. Vedtektene er i dag delt i to delar, der den første delen går på organisatoriske avgjersler og den andre delen går på allmennkringkastaroppdraget til NRK.¹⁰⁹ Del to er det som ofte blir kalla NRK-plakaten.¹¹⁰ Stortingsmeldinga *Noe for alle. Alltid*. slår innleiingsvis fast at det var behov for ein gjennomgang av allmennkringkastingspliktene til NRK, i lys av utviklinga på kringkastingsfeltet. Vidare heiter det at NRK-plakaten skal på eit overordna plan uttrykkje forventningane og krava som fellesskapet har til NRK.¹¹¹

I vedtektene til NRK kunne ein før NRK-plakaten blei endra gjennom Stortingsmelding nr. 6, spore to punkt som viste til religionsformidling. Det første var under §3.4 om kjerneverksemda til NRK, der det stod at NRK skal ”samlet ha en bred samfunnsmessig dekning og således avspeile mangfoldet av kultur, livssyn og levevilkår som finnes i de forskjellige delene av landet”.¹¹² I den tidlegare §3.5, som viste til programtilbodet, stod det at det ”livssynsprogrammer og religiøse programmer” skulle vere ein del av det riksdekkjande tilbodet til NRK, både i radio og fjernsyn.¹¹³ I den noverande NRK-plakaten,

¹⁰⁸ NRK.no: «Dette er allmennkringkasting», URL:

<http://www.nrk.no/informasjon/1.6512112> (Lesedato: 17.08.11).

¹⁰⁹ NRK.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438> (Lesedato 16.4.12).

¹¹⁰ Medietilsynet, ”NRK-plakaten”, URL:

<http://www.medietilsynet.no/no/Tema/Allmennkringkasting/NRK-plakaten/> (Lesedato 17.4.12).

¹¹¹ Kultur- og kyrkjedepartementet (2007-2008), *NRK-plakaten. Noe for alle. Alltid*. St.meld. nr 6 (2007-2008), kapittel 1.1, s.5.

¹¹² Regjeringa.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL:

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-6-2007-2008-/9.html?id=489034> (Lesedato 29.4.2012).

¹¹³ Regjeringa.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL:

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-6-2007-2008-/9.html?id=489034> (Lesedato 29.4.2012).

som blei vedteke som eit resultat av Stortingsmelding 6, er det delmål tre, at ”NRK skal styrke norsk språk, identitet og kultur”, som inneheld eit punkt som seier noko om religion og livssyn. Men, i forslaget til kva underpunkt delmålet skulle innehalde, var korkje religion eller livssyn nemnd i det fyrste høyringsnotatet som blei sendt ut frå det dåverande Kultur- og kyrkjedepartementet.¹¹⁴ Ein av høyringsinstansane, organisasjonen Familie og Medier, reagerte på dette: ”(...) Det har vært sendt andakter og gudstjenester fra radioens barndom, og dette er en verdi vi mener også bør reflekteres i allmennkringkastingsplakaten”.¹¹⁵ Også fleire andre trussamfunn og livssynsorganisasjonar etterlyste at religion og livssyn skulle bli vektlagt i plakaten. Mellom anna påpeika Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn at det måtte bli tydeleg i plakaten at i Noreg i dag er det mange ulike måtar å vere engasjert i religion og livssyn på.¹¹⁶

Etter reaksjonar frå fleire høyringsinstansar merkte departementet seg at mange meinte at plakaten burde innehalde eit krav om å spegle religion og livssyn. Ifølgje stortingsmeldinga har departementet vist til at NRK er pålagde å sende program om religion og livssyn, gjennom det som kjem fram i programkrava i §3-5 i dei dåverande vedtektene.¹¹⁷ Samtidig såg departementet det som naturleg at dette også skulle kome fram av den nye NRK-plakaten, og la derfor opp til eit nytt underpunkt der dette er eksplisitt teke med. Forslaget blei dermed ”NRK skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfoldet av livssyn og religioner i det norske samfunnet”, og er nedfelt i det som er punkt i) i §14, i dei noverande vedtektene.¹¹⁸ Dette var eit forslag frå regjeringa, og blei valt på kostnad av forslaget frå mindretallet som var ”NRK skal gjenspeile Norges kristne og humanistiske kulturarv og mangfoldet av livssyn i det

¹¹⁴ Kultur- og kyrkjedepartementet (2007-2008), *NRK-plakaten. Noe for alle. Alltid*. St.meld. nr 6 (2007-2008), kapittel 3.5.1, s.20.

¹¹⁵ Kultur- og kyrkjedepartementet (2007-2008), *NRK-plakaten. Noe for alle. Alltid*. St.meld. nr 6 (2007-2008), kapittel 3.5.2, s.21.

¹¹⁶ Kultur- og kyrkjedepartementet (2007-2008), *NRK-plakaten. Noe for alle. Alltid*. St.meld. nr 6 (2007-2008), kapittel 3.5.2, s.22.

¹¹⁷ Regjeringa.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL:

<http://www.regjeringen.no/n/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-6-2007-2008-/9.html?id=489034> (Lesedato 29.4.2012).

¹¹⁸ NRK.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438> (Lesedato 28.9.2011).

norske samfunnet.”¹¹⁹ Formuleringa *kristne og humanistiske kulturarv* måtte altså gi tapt for ordlyden *religiøse arv*.

Det er likevel ikkje slik at den noverande NRK-plakaten står skriven i stein. Seinast onsdag 12. april 2012 blei forholdet mellom NRK og kristendom teke opp i spørjetimen på Stortinget. Denne første spørjetimen etter påske utfordra stortingspolitikar Olemic Thommesen frå Høgre kulturminister Anniken Huitfeldt frå Arbeidarpartiet på kva ho meinte om det han kalla eit ”*fravær av vår kristne arv*” i påskeprogramma til NRK. Thommesen meinte at det at påskebodskapen ikkje kom til syne i NRK denne påska, spegla ”*et uforløst forhold til vårt eget religiøse ståsted og til vår egen religiøse tradisjon*”.¹²⁰ Dette var uheldig då det tok ifrå folk både eit forhold til eiga historie og eit haldningsapparat for det å møte menneske frå andre religionar, hevda han. Thommesen etterlyste ei vektlegging av det han kalla den kristenhumanistiske arven, og spurde kulturministeren om korleis ho reflekterte rundt dette. Huitfeldt svarte med å påpeike det ikkje var hennar oppgåve å diktere sendeprogrammet til NRK, og sa ho delegerer dette ansvaret heilt og fullt til NRK.¹²¹

Øyvind Håbrekke frå KrF gjekk også på talarstolen og støtta utsegna til Høgre. Håbrekke spurde så kulturministeren om kva ho legg i formuleringa i NRK-vedtektene om at ”*NRK skal gjenspeile Norges religiøse arv*”. Dette svarte Huitfeldt ikkje konkret på, men viste til at allmennkringkastingsoppdraget skal leggje grunnlag for programverksemda til NRK, og at det ikkje er hennar oppgåve som øvste sjef å godkjenne korleis NRK har tenkt å oppfylle dette oppdraget ved kvar enkelt høgtid.¹²²

¹¹⁹ Vårt Land, ”Dropper kristen kulturarv”, publisert 25.2.09, URL:

<http://www.vl.no/samfunn/nrk-dropper-kristen-kulturarv/> (Lesedato: 17.4.12).

¹²⁰ Stortinget.no, referat frå spørjetimen i Stortinget onsdag 11. april 2012, URL:

<http://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2011-2012/120411/> (Lesedato 11.4.2012).

¹²¹ Stortinget.no, referat frå spørjetimen i Stortinget onsdag 11. april 2012, URL:

<http://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2011-2012/120411/> (Lesedato 11.4.2012).

¹²² Stortinget.no, referat frå spørjetimen i Stortinget onsdag 11. april 2012, URL:

<http://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2011-2012/120411/> (Lesedato 11.4.2012).

I eit møte i Kringkastingsrådet 10. juni 2010, blei livssynsdekninga til NRK diskutert som eit eige punkt på programmet.¹²³ Henning Olstad, redaksjonssjef i livssynsredaksjonen i NRK, viste til at dei tek utgangspunkt i behovet til lyttarane, men at det er vanskeleg å kome med eksakte svar på kva som er behovet innanfor livssyn.¹²⁴ Olstad viser til at tidlegare var religion eit meir svart-kvitt spørsmål, enten trudde ein på Gud eller ei, medan i dag meiner han at behovet innanfor livssyn er i konstant endring. ”*Det er lite som endrar seg så mykje som religion*” er tesen livssynsredaksjonen ønskjer å jobbe ut ifrå, kunne han fortelje. I innlegget sitt viste Olstad til at Medietilsynet i 2007 påpeika at NRK i livssynsdekninga si ikkje i stor nok grad spegla det mangfaldet dei var pålagde å gjere. I Medietilsynet sine rapportar frå 2008 og 2009, konkluderte tilsynet derimot med at dette kravet var oppfylt. Olstad stadfestar at dei etter kritikken frå medietilsynet har prøvd å leggje meir vekt på mangfald. Likevel er han tydeleg på at han definerer den religiøse arven i Noreg som kristen:

*”Viss vi skal prøve å definere Noregs religiøse arv, så tek vi utgangspunkt i at gudstenesta i Den norske kyrkja, fortsatt er eit av dei viktigaste kulturuttrykka i Noreg. Tala viser at det er fleire som går til gudsteneste enn som går på tippeligakampar.”*¹²⁵

Leiar i Kringkastingsrådet May-Helen Molvær Grimstad påpeika i etterkant av utgreiinga frå Henning Olstad, at ho meinte det var viktig at NRK ikkje brukar stadig fleire fleirkulturelle i Noreg som ei unnskyldning for å sende færre kristne program.¹²⁶

3.3.3 Avslørande årsrapportar?

I april kvart år publiserer NRK ein årsrapport, der programinnhaldet det føregåande året blir presentert gjennom bilete, tekst, statistikk og video. NRK er plikta til å levere eit slikt programrekneskap årleg, ifølgje vedtektene. Her skal dei greie ut om kva dei tilbyr publikum, og dette skal samsvare med det programtilbodet NRK er forplikta til å levere, ifølgje eigne

¹²³ NRK.no, ”Kringkastingsrådet”, URL:

<http://www.nrk.no/informasjon/organisasjonen/1.3911376> (Lesedato 29.4.2012).

Kringkastingsrådet skal drøfte og uttale seg om hovudlinjene for programverksemda i NRK. Rådet skal uttale seg i programsaker som kringkastingsjefen legg fram for det, eller som rådet vil ta opp etter initiativ fra eit medlem eller frå lyttarar og sjåarar.

¹²⁴ NRK.no, ”Kringkastingsrådmøte 10. juni 2010”, URL: <http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/643682/> (Lesedato 25.4.2012).

¹²⁵ NRK.no, ”Kringkastingsrådmøte 10. juni 2010”, URL: <http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/643682/> (Lesedato 25.4.2012).

¹²⁶ NRK.no, ”Fornøyd med livssynsmangfold”, URL:

http://www.nrk.no/informasjon/nyheter_om_nrk/1.7162707 (Lesedato: 25.04.12).

vedtekter.¹²⁷ Kvart år blir rapporten evaluert av Medietilsynet, som vurderer om NRK har oppfylt programpliktene som allmennkringkastar.¹²⁸ Medietilsynet er eit uavhengig kontrollorgan, men er samtidig underlagt Kulturdepartementet, det same departementet som har ansvar for eigarstyringa av NRK.

I årsrapportane er der eigne kapittel som handlar om livssynsformidlinga i NRK. Livssynskapitla i desse årsrapportane seier noko om korleis NRK grunngjev og forstår si eiga formidling av livssyn og religion. Titlane på livssynsskapitla i den aktuelle undersøkingsperioden, 2007 til 2011, er dette: ”Øyne for nye tanker”, ”Utvider horisonten”, ”Trosbytte”, ”Ord for dagen. NRK viser mangfoldet av tro i Norge i dag”, og ”Alene på banen”. Kanskje kan ein berre utifrå titlane til desse kapitla frå undersøkingsperioden sjå ei utvikling i livssynsformidlinga i undersøkingsperioden 2007-2011? Innhaldet i rapportane viser i alle fall at noko skjer frå år til år. Livssynskapitla i årsrapportane frå 2007 og i 2008 ber likevel preg av å vere ganske like.¹²⁹ Begge åra ser kapitelet ut til å vere meir ein slags rekneskap over program som er sendt det føregåande året, utan dei store refleksjonane kring kvifor programma blei sendt. Det einaste som peikar mot ei slags grunngjeving, er at programkravet om livssyn frå dei gamle vedtektene står i ein liten boks på framsida, utan vidare utdjuping.

I 2009 endrar dette seg noko, då det i eit eige avsnitt blir konstatert at det i Noreg er blitt eit multireligiøst samfunn.¹³⁰ Rapporten viser så til at nær 92 000 er medlemmer i et muslimsk trussamfunn i Noreg, og at det dermed er det nest største trussamfunnet etter dei kristne. Dette blir det vist til som ei grunngjeving for at då NRK i 2008 vedtok å tilby forkynnande program frå andre religionar enn kristendommen, var program med bakgrunn i islam det mest naturlege valet.

Årsrapporten frå 2010 startar med å vise til vedtektsformuleringa om at NRK har et oppdrag der dei skal spegle *”Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske*

¹²⁷ NRK.no, ”Årsrapporten og årsregneskapet”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/1.6519947> (Lesedato: 16.4.12).

¹²⁸ Medietilsynet.no, ”Tilsyn med allmennkringkasting”, URL: <http://www.medietilsynet.no/no/Tema/Allmennkringkasting/Tilsyn-med-kringkasting-1/> (Lesedato: 16.4.12).

¹²⁹ NRK Årsrapport 2007, URL: <http://www.nrk.no/aarsrapport/2007/#livssyn?sk=no> (Lesedato 25.4.12). NRK Årsrapport 2008, URL: <http://www.nrk.no/aarsrapport/2008/#livssyn> (Lesedato 25.4.12).

¹³⁰ NRK Årsrapport 2009, URL: <http://nrk.no/aarsrapport/2009/#livssyn> (Lesedato 25.4.12).

samfunnet".¹³¹ I staden for å opplyse kor mange som høyrer til muslimske trussamfunn, slik det blei gjort året før, refererer årsrapporten i 2010 til kor mange det er i Noreg som har innvandrarakgrunn. Det blir eit betydeleg høgare tal. Årsrapporten viser til at det er i dag 552 000 personar busett i Noreg som enten sjølve har innvandra, eller er født i Noreg av innvandrarforeldre, og at fire år fram i tid vil det vere om lag 700 000 personar i Noreg med fleirkulturell bakgrunn. Vidare står det at mangfald og popularisering av innhaldet derfor har vore to sentrale retningar for livssynsredaksjonen i 2010, i tillegg til eit mål om å spegle mangfaldet innanfor kristendommen. Livssynskapitlet konkluderer til slutt med at "*NRKs livssynsprogrammer viser mangfoldet av tro i Norge i dag, i tråd med NRKs allmennkringkastingsoppgave*".¹³²

I 2011 presiserer livssynskapitlet i årsrapporten at Statistisk sentralbyrå ikkje registrerer folk etter kva religion eller livssyn dei har, og at det derfor ikkje finst sikre data på kor mange i Noreg som reknar seg som muslim, katolikk, buddhist, og så vidare.¹³³ På same måten som i 2010, refererer livssynskapitlet derfor til kor mange som bur i Noreg i dag som har fleirkulturell bakgrunn. I 2012 var det rundt 600 000, noko som svarer til rundt 12 prosent av innbyggjarane. Det blir opplyst om at desse kjem frå 215 ulike land og sjølvstyrte regionar. Årsrapporten påpeikar så at det aukande kulturelle og religiøse mangfaldet i befolkninga betyr noko for den rolla NRK har som allmennkringkastar. Rapporten seier så nøyaktig det same om måla til livssynsredaksjonen som året før. Det første er at mangfald og tilgjengeleggjering av innhaldet er to sentrale retningar for livssynsredaksjonen i NRK. Det andre er at redaksjonen også har eit mål om å spegle mangfaldet innanfor kristendommen. Den einaste endringa i formuleringa frå 2011 til 2012, er at ei av dei to sentrale retningane for redaksjonen i 2011, *popularisering*, er i 2012 bytt ut med formuleringa *tilgjengeleggjering av innhaldet*. Korleis denne utviklinga i årsrapportane kan tolkast, vil eg kome tilbake til i kapittel 6.7 i dokumentanalysen.

¹³¹ NRK Årsrapport 2010, URL: <http://nrk.no/aarsrapport/2010/livssyn/> (Lesedato 29.4.12).

¹³² NRK Årsrapport 2010, URL: <http://nrk.no/aarsrapport/2010/livssyn/> (Lesedato 29.4.12).

¹³³ NRK Årsrapport 2011, URL: <http://www.nrk.no/aarsrapport/2011/livssyn> (Lesedato 25.4.12).

4 Metode og undersøking

4.1 Kva skal eg undersøkje?

For å kunne svare på spørsmålet om korleis morgonandakta har utvikla seg i perioden 2007 til 2011, har eg gjort tre undersøkingar. Den første og største undersøkinga er kvalitative intervju med personar som jobbar med morgonandakta i NRK. Her har eg valt å intervju fire informantar som er tilknytt morgonandakta på ulike nivå i NRK-systemet. I analysen av intervju har eg laga eit sett med seks variablar som eg har prøvd å spore i materialet. Desse variablane er *kvifor sender NRK morgonandakt, vedtektstolking, utvikling i form, autoritet, publikumsreaksjonar, og mangfald*. Ei meir grundig utdjuing av kva eg legg i desse omgrepa vil eg kome tilbake til når eg skal nytte variablane i kapittel fem.

Den andre undersøkinga er ein dokumentanalyse. Der har eg sett på relevante dokument som på ulike vis seier noko om morgonandakta, og dermed er med på å supplere informantintervju. Det finst fleire dokument som kan seie noko om utviklinga til morgonandakta dei siste fem åra. Eg har valt å trekkje inn mesteparten det eg har kome over av skriftleg materiale om morgonandakta frå 2007 til 2011 i denne analysen, det vil seie alt frå lesarinnlegg frå privatpersonar, livssynsredaksjonen sitt eige strategidokument, i tillegg til vedtektene til NRK. Eg har brukt dei same variablane i analysen av dokumenta som i informantintervju, og utdjuinga av variablane som kjem i kapittel fem, vil også gjelde for dokumentanalysen i kapittel seks.

Dokumenta er ikkje utvalde etter eit bestemt system, men eg har valt å analysere dei dokumenta eg har sett på som mest relevante. Utvalet av lesarinnlegg er tilfeldig, men alle er henta frå den siste tida av undersøkingsperioden min, frå 2010 eller 2011. Innlegga som eg har teke med, har eg sjølv funne gjennom søk i avisdatabasen Retriever, sett i aviser, eller fått tips om frå andre. At eg ikkje har med nokon innlegg frå dei første tre åra av undersøkingsperioden kan vere ei svakheit. Med tanke på tidsomfang og plassomfang har eg vurdert det slik at det uansett ville vore vanskeleg å få med seg alle lesarinnlegg om morgonandakta som er publisert over denne femårsperioden. Innlegga som eg har teke med omtalar ikkje ei spesifikk andakt, men er meir generelle kommentarar til andaktsform og

innhald. Med grunnlag i dette meiner eg utvalet kan gi eit godt innblikk i dei meiningsytringane som har kome om morgonandakta dei siste fem åra.¹³⁴

Eit anna problem med lesarinnlegga er det at eg kanskje får ei overvekt av negative reaksjonar, då folk truleg har lettare for å skrive avisinnlegg om noko som forargar dei enn om noko som dei er fornøgde med. Er dei fornøgde sender dei kanskje heller ein rosande e-post direkte til andaktshaldaren, produsenten eller NRK. Det er umuleg for meg å ta med alle reaksjonane som blir sendt direkte til NRK, både fordi NRK ikkje vil utlevere desse, og i tillegg hadde eg ikkje hatt plass til alle reaksjonane frå desse fem åra. Når eg samanliknar dei synspunkta som kjem fram i lesarinnlegga med dei reaksjonane informantane mine fortel om i intervju, meiner eg likevel å sjå eit visst samsvar.

Den tredje undersøkinga er eit utval av andakter som eg har analysert ut ifrå fem kategoriar. I analysen av andaktene nyttar eg meg altså ikkje av dei same variablane som i intervju- og dokumentanalysen, då andaktsmaterialet ikkje ville kunne gje eigna svar på desse. I staden for opererer eg med kategoriane er *bibel*, *musikk*, *mangfald*, *posisjon* og *personleg*. Kva eg legg i omgrepa kjem eg tilbake til når andaktsanalysen tek til i kapittel 7.

Eg valde meg ei bestemt veke frå kvart år for å få eit utval andakter å samanlikne. Valet fall på veke 40, som dei fleste åra fall i slutten av september eller i byrjinga av oktober. Grunnen til at eg valde veke 40 var fordi eg ville ha ei mest muleg normal veke som ikkje var knytt opp til spesielle høgtider eller andre hendingar. På grunn av tidsavgrensing og oppgåveomfang valde eg å sjå på berre ei andaktsveke per år. Utvalet blir dermed for snevert til å kunne drage konklusjonar om dei store linjene og utviklingstrekk. Eg kan heller ikkje vite om morgonandaktene i veke 40 i perioden 2007–2011 gir eit representativt inntrykk av andaktene. Likevel ville eg ha med ein andaktsanalyse, både for å vise konkret kva ei morgonandakt kan vere, og fordi at sjølv om ein ikkje kan bastant konkludere ut ifrå eit så avgrensa utval, kan ein kanskje likevel spore visse endringar. Andaktsanalysen er tenkt å fungerer som eit illustrerande og konkret supplement til informantintervju og dei skriftlege kjeldene i dokumentanalysen. Dette er også grunnen til at eg har valt å leggje mest vekt på materialet frå intervju- og dokumentanalysen og ikkje andaktsanalysen i drøftinga i kapittel 8.

¹³⁴ Dei fleste lesarinnlegga som blir drøfta i kapittel 6.6, er anonymiserte, og derfor ikkje teke med i litteraturlista. Unntaket er når det eg reknar som meir offentlege personar har ytra seg.

4.2 Metodiske utfordringar

4.2.1 Intervju som metode

For å kunne gi eit skikkeleg svar på problemstillinga, var det nødvendig å gjere informantintervju. Eg starta først med å kontakte produsenten, som er den personen som jobbar tettast på andakta, produsenten, deretter redaksjonssjefen for livssynsavdelinga i NRK. Linja oppover i NRK-systemet førte meg deretter til kanalsjefen i P1 og programdirektøren for NRK-divisjonane utanfor Marienlyst. Å gjere vitskaplege intervju med desse såg eg på som ei god og berande kjelde i oppgåva. Dei nemnde informantane har stor påverknadskraft på utforminga av morgonandakta, om enn i varierende grad og på ulike nivå. Eg meiner at det ikkje var fleire aktuelle informantar å intervjuje om morgonandakta i NRK-systemet, noko også informantane sa seg einige i då eg spurde eit par av dei om det var fleire som burde bli intervjuja i samband med oppgåva mi. Skulle eg hatt med fleire informantar enn desse fire, kunne eg til dømes ha intervjuja politikarar som har vore med på å forme ut vedtektene til NRK. Dette vurderte eg derimot til å bli så omfattande, og kan hende lite fruktbart, at eg valde å ikkje gjere det. I tillegg ville nok dei fleste ha kunne uttalt seg mest om religionsformidling i NRK i sin heilskap, og ikkje så konkret om morgonandakta som ønskjeleg frå mi og problemstillinga si side. Politiske utspel om religionsformidling i NRK har eg likevel fått med gjennom å vise til utsegn som kom i samband med stortingsmeldinga om NRK-plakaten, og debatten om livssynsformidling i NRK som kom opp i spørjetimen i Stortinget onsdag 11. april 2012.

Alle dei fire informantane blei intervjuja i om lag ein times tid, noko som viste seg å vere om lag den tida eg trong for å få svare på spørsmåla mine. Eg gjorde lydopptak av alle intervjuja. Informantane er alle i kraft av yrket sitt vande med å vere omgitt av mikrofonar, og for meg verka det som om dei alle snakka veldig fritt. Eg opplevde god flyt i samtalen, noko som truleg kjem av at informantane er vande med både å intervjuje og å bli intervjuja. I ettertid blei opptaka av intervjuja skrive ned så ordrett som muleg. Alle informantane har fått tilsendt sitatsjekk på dei direkte sitata, og godkjent desse.

Det som er teke med av svar frå informantane i intervjuanalysen, er naturleg nok prega av at eg har vore på jakt etter svar på bestemte spørsmål.¹³⁵ I det å velje ut kva spørsmål ein vil

¹³⁵ Intervjuguiden som eg tok utgangspunkt i ligg som vedlegg.

stille, kan intervjuaren vere med på å leggje føringar for kva svar ein vil fram til, i alle fall til ei viss grad. Eg var interessert i å få fram endringar i morgonandakta, og stilte derfor spørsmål som gjekk på det, i staden for å vinkle spørsmåla til dømes mot kva som har stått ved lag i morgonandakta dei siste åra. I tillegg har eg naturleg nok ikkje kunne ta med alt som blei sagt i intervjuet. Eg har gjort ei meningskategorisering av intervjuet, det vil seie at eg har koda intervjuet inn i ulike variablar, ein metode som lenge er blitt brukt i kvalitative analysar.¹³⁶ Utvalet som er teke med er dei delane av intervjuet som kunne kategoriserast inn i desse seks variablane eg såg etter. Variablane utforma eg i etterkant av intervjuet, då eg såg kva eg hadde av informasjon i intervjuet mitt. Ved å gjere ei slik meningskategorisering i analysen operasjonaliserte eg problemstillinga mi, eg laga meg eit verktøy for å hjelpe meg nærmare eit svar på problemstillinga.

Desse undersøkingane vil vere prega av mine eigne tolkingar. Allereie før undersøkingane var i gang, hadde visse føringar blitt lagt. Dette gjeld spesielt utforming av spørsmål i samband med intervjudelen. Det største analyse materialet ligg i intervjuet, men ved å sjå på dokument og observere eit utval andakter meiner eg at materialet blir meir heilskapleg. Analysen går dermed vidare enn mine eigne tolkingar av utsegn frå informantane gitt i intervjuet, då eg ser på desse i samanheng med både andaktsobservasjon og dokumentfunn. Eg meiner at ei så brei materialsamansetjing er med på å sikre truverd og god gyldigheit i dei funna eg gjer, noko som kan vere ei utfordring i kvalitativ metode. Innsamlinga av materialet har gått føre seg på ein systematisk måte, og ved å gjere både informantintervju, dokumentanalyse og andaktsanalyse, kan ein seie at eg har gjort ei triangulering. Triangulering er når ein brukar fleire forskingsmetodar eller kjelder til data for å styrke gyldigheita i funna ein gjer.¹³⁷

Trass i at det i seg sjølv er ei kvalitetssikring å undersøkje ulike typar materiale for å kunne gi eit mest muleg balansert svar på problemstillinga, må eg likevel vere obs på at det å tolke og analysere informantane sine utsegn set visse krav til meg som forskar. Informantane har rett på å bli forstått ut ifrå eigne premissar. Steinar Kvale har påpeika at intervju som metode korkje er ein objektiv eller subjektiv metode, derimot er det intersubjektiv interaksjon.¹³⁸ Sagt med andre ord: mellommenneskeleg samhandling. Eit forskingsintervju er likevel ikkje som ein samtale mellom to likeverdige partnarar, då det er forskaren som både definerer og

¹³⁶ (Kvale 1996:199)

¹³⁷ (Bryman 2008:700)

¹³⁸ (Kvale 1996:66)

kontrollerer situasjonen. Forskaren sit med makt til å bestemme emnet for intervjuet, og kan med eit kritisk blikk følgje opp informantene sine svar på spørsmåla.¹³⁹ I alle intervju starta eg med å stille spørsmål med utgangspunkt i intervjuguiden, men dersom informanten kom inn på noko interessant, kasta eg meg vidare på det sporet. Oppfølgingsspørsmåla blei også gjerne tilpassa den enkelte si stilling og arbeidsfelt i NRK. Til enkelte av spørsmåla i materialet har eg derfor ikkje like utfyllande svar frå alle dei fire informantane, då eg har tilpassa oppfølgingsspørsmåla til den enkelte informant sine svar og rolle. Undervegs i intervju brukte eg også enkelte oppfølgingsspørsmål til å få stadfesta om eg hadde forstått og tolka svaret på føregåande spørsmål rett, noko Kvale peikar på som viktig for å styrke kvaliteten på eit forskingsintervju.¹⁴⁰

4.2.2 Mi eiga rolle

Eg har i dei tre neste kapitla undersøkt morgonandakta i NRK P1 frå tre ulike hald, gjennom informantintervju, dokumentanalyse og eit utval andakter. På mange måtar har eg objektivert andakta, gjort den til eit objekt for undersøking. Han Skjervheim påpeikar i essayet "Deltakar og tilskodar" at ei objektivert innstilling er ei åtakshaldning.¹⁴¹ I den samanheng viser han først og fremst til det som kan skje når til dømes ein sosiolog undersøker eller analyserer eit anna menneske, og dermed går inn i ein maktposisjon ved å gjere den andre til eit objekt. Sjølv om undersøkinga mi ikkje direkte er av personar, så kan ein kanskje likevel drage linjer til nokon av mekanismane som Skjervheim viser til i essayet. Eg må hugse på å ikkje handsame dei vurderingane eg gjer som fakta, men nettopp som vurderingar. Desse vurderingane er i sin tur prega av at det er nettopp eg som har gjort dei. Eg kan dermed ikkje stille meg utanfor som ein nøytral tilskodar til materialet og hevde at analysen og drøftinga mi vil vere objektive fakta. Skjervheim meiner at forskaren må bli subjektiv tenkjar. Med bakgrunn i dette har eg prøvd å vere tydeleg om min eigen subjektivitet gjennom heile dette arbeidet ved å grunngje kvifor eg har teke dei vala eg har gjort, og samtidig vere open om bakgrunnen for desse.¹⁴²

¹³⁹ (Kvale 1996:6)

¹⁴⁰ (Kvale 1996:145)

¹⁴¹ (Skjervheim 1996:75)

¹⁴² (Skjervheim 481:1957)

4.2.3 Oppsummering

Ein kan spørje seg om det eigentleg er muleg å seie noko om dei store linjene, å generalisere, ut ifrå det avgrensa materialet mitt. Eg meiner at når ein ser på både dokument, andakter og informantar under eitt, får ein eit såpass samansett bilete av ulike sider av morgonandakta i NRK P1, at det er til ei viss grad muleg. Det at eg opererer innanfor eit forholdsvis avgrensa tidsrom (2007-2011), gjer det i tillegg muleg å få ei viss oversikt over kva som har skjedd i denne perioden. Likevel er avgrensinga av materialet også noko av svakheita i oppgåva. Då tenkjer eg spesielt på andaktsutvalet, og det at eg berre har teke med ei veke frå kvart år.

Kanskje kan ein også ha innvendingar mot det at eg har valt å intervju dei informantane som jobbar opp mot morgonandakta i NRK per dags dato, og ikkje dei som har hatt dei tilsvarande stillingane før dei. Fleire av informantane har nemleg starta i stilling si midt i perioden eg undersøker, altså mellom 2007 og 2011, og enkelte har forklart at mange av dei endringane og prioriteringane som er gjort kring morgonandakta i undersøkingsperioden, er bestemt før deira tid. Eg gjorde likevel eit val om å berre intervju dei som jobbar opp mot andakta per dags dato, fordi eg såg på dei som dei mest relevante kjeldene.

Vidare vil eg fyrst ta føre meg analysen av informantintervju i kapittel 5, for så å gå inn i dokumentanalysen i kapittel 6. Deretter tek eg føre meg analysen av andaktsutvalet i kapittel 7. I kapittel 8 vil det kome ei drøftinga av det eg ser på samla sett som dei viktigaste funna i kapittel 5, 6 og 7. Her vil eg kategorisere variablane som eg brukte i intervju- og dokumentanalysen inn under dei tre dimensjonane av pluralisme: mangfald, aksept og verdi, for å sjå korleis funna eg har gjort kan seie noko om kvar einskild pluralismedimensjon.

5 Intervjuanalyse

5.1 Informantar og variablar

Den første eg intervjuar var andaktsprodusent Helge Gudmundsen, så redaksjonssjef for livssynsavdelinga Henning Olstad, deretter kanalsjef i P1 Jon Branæs og til slutt programdirektør for all NRK-produksjon utanfor Marienlyst Grethe Gynnild-Johnsen.¹⁴³ Alle informantane har gitt skriftleg samtykke til å bli identifiserte med namn. I intervjuanalysen har eg likevel valt å namngje dei etter arbeidstitel, då dei er intervjuar nettopp i kraft av stillinga si i NRK, ikkje som privatpersonar. Helge Gudmundsen vil derfor bli referert til som **produsenten**, Henning Olstad som **redaksjonssjefen**, Jon Branæs som **kanalsjefen** og Grethe Gynnild-Johnsen som **programdirektøren**. Eg har valt å ikkje anonymisere informantane, då dei uansett blir avslørt av stillingstitel, og stillingstitelen er nødvendig å opplyse om då den kan vere viktig for tolkinga av informasjonen som blir gitt i intervjuar. Ingen av informantane har heller ytra noko ønske om anonymisering, tvert imot vist stor velvilje til å stille opp.

For å kunne analysere intervjumaterialet har det som nemnt vore viktig å kunne skilje ut eit sett med variablar. Dette er variablane eg har brukt til å sortere ut funna i intervjuar:

1. *Kvifor sender NRK morgonandakt?*
2. *Utvikling i form*
3. *Vedtektstolking*
4. *Autoritet*
5. *Publikumsreaksjonar*
6. *Religiøst mangfald*

Desse variablane har blitt til med utgangspunkt i kva eg ønskjer å leite etter i intervjumaterialet for å kunne svare på problemstillinga. Variablane er dermed konstruerte av meg sjølv, og det er muleg at eg har oversett viktige synsvinklar som også kunne ha vore med

¹⁴³ Intervjuet med produsenten blei gjort i på NRK Tyholt i Trondheim måndag 12. desember 2011. Same dag og same plass gjorde eg også intervjuet med redaksjonssjefen. Fredag 16. desember intervjuar eg kanalsjefen på NRK Marienlyst i Oslo. Fredag 6. januar intervjuar eg programdirektøren, også dette intervjuet skjedde på NRK Marienlyst i Oslo.

på å seie noko om utviklinga i andakta i perioden 2007–2011. Likevel meiner eg at dette er dei mest relevante variablane for meg når eg skal sjå nærare på utviklinga til morgonandakta i lys av religiøst mangfald dei siste fem åra. Sjølv om det i stor grad går fram av namnet på variablane kva det er eg skal sjå etter, vil eg likevel gi ei kort presisering. Under variabelen *kvifor sender NRK morgonandakt*, vil eg sjå etter grunngevingar for kvifor NRK sender morgonandakt. I variabelen *utvikling i form* ser eg etter konkrete formmessige utviklingstrekk i andakta. Under *vedtekststolking* vil eg sjå etter korleis vedtektene til NRK blir tolka i samanheng med andakta, då med særskilt tanke på §14 i) som handlar om religionsformidling i NRK. Funn i materialet om oppfatningar av autoritetar og ei autoritær framstilling – eller teikn på det motsette, vil bli sortert under variabelen *autoritet*. Variabelen *publikumsreaksjonar* skal fange opp dei publikumsreaksjonane som kjem til andakta i materialet mitt, og variabelen *religiøst mangfald* går på spor av tilstadevering av andre religionar eller livssyn enn kristendommen.

Eit aspekt som blei ein gjengangar i alle intervjuar, men som ikkje er skilt ut som ein eigen variabel, er dei ulike journalistiske utfordringane som morgonandakta kan støyte på. Her fekk eg mange interessante refleksjonar frå intervjuobjekta, men desse blir vanskeleg å få med innanfor rammene av denne oppgåva. Nokre vil likevel skine gjennom i svara som blir gitt til andre variablar. Alle intervjuar er gjort med utgangspunkt i same intervjuguide, men spørsmåla er tilpassa den enkelte rolla den enkelte informant har til andakta. Det vil derfor variere kor mykje kvar informant har å seie til kvar variabel, då den jobben dei gjer opp mot morgonandakta ikkje nødvendigvis er like involvert i alle variablane.

I dei neste underkapitla kjem svara frå dei fire informantane, kategorisert etter variablane. Svara til informantane er grupperte etter når eg gjorde intervjuar, ei rekkjefølgje som til ei viss grad også speglar kor nært dei arbeider opp imot andakta. Først er det produsenten sine svar, deretter redaksjonssjefen, så kanalsjefen, og til slutt programdirektøren. Den første gong eg viser til intervjusvara til ein informant under den aktuelle variabelen, er namnet/tittelen deira markert i feit skrift.

5.2 Kvifor?

På spørsmål om kvifor NRK sender morgonandakta, viser **produsenten** med ein gong til vedtektene. Han seier til at NRK har eit mandat knytt til NRK-plakaten, som er vedteken av Stortinget. Der står det at NRK skal spegle den religiøse arven i Noreg, samtidig som NRK også skal spegle det fleirreligiøse Noreg. ”- *NRK har tolka den plakaten slik at morgonandaktene høyrer til den religiøse arven på ein heilt spesiell måte. Morgonandakta er i år 80 år, og dekkjer på mange måtar eit behov i folket,*” seier han. Vidare påpeikar han eit omgrep, som han fortel at han har lånt frå kringkastingsjef Hans Tore Bjerkaas, nemleg *samfunnsansvar*, og at det er dette morgonandaktene tek høgde for. Produsenten meiner det er eit behov for morgonandakta ute i folket, og kallar andaktene for ei slags NRK-sjel som alltid har vore til stades for folk.

Produsenten synest det er viktig at ei god andakt også skal vere god radio, at ho ikkje skal vere eit ”nødvendig vonde”: ”- *Vi skal lage eit produkt som folk likar å høyre på, som rører ved folk, som gjer dei glade, litt triste, som får folk til å stoppe opp*”.

Redaksjonssjefen meiner det er eit viktig poeng at det å ha forkynnande program i NRK radio og tv, det er å vise religion i praksis. ”- *Vi skal ikkje berre snakke om religion, vi skal vise det også,*” seier han. Han seier at NRK sender andakter i dag fordi dei ser at det er eit stort behov for veldig mange, og at dei får mange tilbakemeldingar frå publikum som set stor pris på det. Som produsenten viser også han til vedtektene. Redaksjonssjefen seier at å spegle norsk kultur og religiøs tradisjon, og samtidig vise mangfaldet innan ulike trusretningar, er to viktige faktorar som gjer at dei held oppe andaktstradisjonen. Han understrekar samtidig at livssynsredaksjonen definerer den religiøse tradisjonen i Noreg til å vere den kristne.

Redaksjonssjefen er oppteken av at andakta skal vere ein god start på dagen, eit andeleg rom som gir mulegheit for refleksjon. Andakta skal vere lett tilgjengeleg og gi lyttaren ei oppleving der og då, men han legg spesielt vekt på at det også skal vere noko til ettertanke. ”- *I motsetning til det meste vi lagar elles på P1, som er veldig mykje gode opplevingar der og då, så er det også meirverdien etter å ha høyrt andakta vi er på jakt etter*”. Han understrekar at dersom andakta har den ekstra dimensjonen som gir tankar ein kan ta med seg etterpå, så har dei lukkast veldig bra i oppdraget sitt. ”*Det å drive med livssynsprogramproduksjon er kjernen i allmennkringkastaroppdraget,*” seier han, og viser til at det er ikkje gitt at

morgonandakta er ein type program som blir ivareteke av kommersielle aktørar dersom dei ikkje må.

Kanalsjefen grunngir kvifor NRK sender andakt med at det har mykje med tradisjon å gjere, det er ein arv frå tidlegare tider. Han viser til at NRK er til stades for dei som av ymse årsaker ikkje kan delta på ei fysisk hending, då kan NRK bringe slike hendingar til dei. Også kanalsjefen, som redaksjonssjefen, kallar andakta for livssyn i praksis. Kanalsjefen meiner at andakta har ei ganske viktig rolle i P1-morgonen, fordi den bidreg med eit tidlaust innhald som ikkje er knytt til dagens nyheitsbilete, men med noko som er *”meir luftig, men på ein positiv måte”*. Han meiner at når andakta klarer å vere relevant utan å vere direkte knytt til dagsorden, då fungerer ho på sitt beste. *”Eg tenkjer at historia til morgonandakta handlar om at ein har ei tenkjestund på morgonen, der ein blir inspirert. At dei som trur på Gud får ein start på dagen som gir ei slags tryggleik og eit anker”*. Han peikar også på at det er viktig for NRK at mykje av det dei driv med ville ingen andre gjort dersom NRK ikkje gjorde det, og spesielt gjeld det livssynsdekning. *”Ingen andre ville tilbydd morgonandakt om ikkje vi gjorde det, sjølvst sett vekk ifrå Kristen Riksradio i den grad folk får inn det. Og dei ville nok gjort det heile tida”*.

Som dei andre informantane, dreg også **programdirektøren** ei linje til formuleringa i NRK-plakaten når ho blir spurd om kvifor NRK sender morgonandakt: *”Vi har eit oppdrag der vi skal ta vare på Noregs religiøse arv, det seier seg sjølv at vi er nøydt til å lage andakter, nøydt til å lage høgmesser, nøydt til å lage forkynnande program. Det er ein del av jobben vår”*. Programdirektøren viser også til Mot helg, og fortel at målsetjinga med denne programposten er å få den gode forteljinga om gudstru ut ifrå eit levd liv.¹⁴⁴ Ho meiner det er viktig å gi vanlege menneske aksept for at det dei har opplevd er viktig, sjølv om det ikkje alltid stemmer overeins med det som står i bibelen. Programdirektøren ser på det som viktig å få fram dei stemmene som ikkje ønskjer å bli plasserte i ein andaktsbås.

¹⁴⁴ Mot helg er programmet som frå og med januar 2010 erstatta andakta på fredagar. Kvar fredag kjem ein ny gjest og fortel om trua si. I motsetnad til andaktene resten av veka er ikkje Fader Vår og velsigninga teke med. Innslaget er basert på eit intervju som andaktsprodusent Helge Gudmundsen har hatt med gjesten. Gudmundsen redigerer vekk sine eigne spørsmål i intervjuet slik at det slik bli ei meir samanhengande forteljing frå gjesten.

5.3 Vedtektstolking

Produsenten viser til at den overordna målsetjinga for andaktene ligg i NRK-plakaten, og seier at denne har dei tolka slik at andakta høyrer til den religiøse arven vår. *”Når det står ”vår religiøse arv”, tolkar eg den ordlyden som kva er Noreg sin religiøse arv, – jau det er vår kristne kulturarv”*. Han er heilt tydeleg på at å spegle norsk kultur og religiøs tradisjon er å spegle det kristne. Produsenten er dermed på linje med **redaksjonssjefen**, som meiner det er litt tidleg å kalle det religiøse mangfaldet i Noreg i dag for ein arv. Han påpeikar at arv er eit sterkt omgrep.

”Vi har ein allmennkringkastarplakat der det å spegle Noregs religiøse arv er eit viktig oppdrag”, seier redaksjonssjefen. Han meiner at vedtektsformuleringa vitnar om at det å sende morgonandakt er eitt av dei grunnleggjande oppdraga til NRK. Redaksjonssjefen legg også til at han trur det å vise religion i praksis på den måten som morgonandakta gjer, kan bidra til innsikt og opplysning for dei som vel å tru at det ikkje finst ein gud, eller trur på ein annan type gud.

Kanalsjefen legg som produsenten vekt på at det er den kristne arven som i dag er Noreg sin religiøse arv. På spørsmål om kor sterkt han meiner morgonandakta er knytt til det som står i vedtektene, seier han at andakta er veldig sterkt knytt til dei. *”Andaktene blir ikkje oppfatta som eit pliktløp, men som eit veldig tydeleg svar på den delen av vedtektene til NRK.”* Til spørsmålet om han tenkjer at morgonandakta klarer å spegle det religiøse livet i Noreg, slik formuleringa er i vedtektene, svarer kanalsjefen at i så fall må det gjelde det indre religiøse livet og dei problemstillingane som folk går rundt og tenkjer på, men at dei ikkje klarer å spegle all slags verksemd i misjonsforeiningar og kyrkjelydar rundt omkring.

Å ha eit oppdrag der ein skal ta vare på den religiøse arven i Noreg vil seie at NRK er nøydt til å lage andakter, høgmesser og forkynnande program, seier **programdirektøren**. På spørsmål om NRK favoriserer kristendommen framfor andre religionar ved å sende morgonandakter, svarer programdirektøren stadfestande. Slik den religiøse arven ser ut i Noreg i dag, er det eit medvite val å la arven vere tufta på kristen tru. Ho meiner at så lenge ein har den noverande allmennkringkastingsplakaten, så er det NRK si oppgåve å drive med religiøs forkynning. *”Dersom vi ikkje skal drive med det så er det noko som må forankrast hos eigarane våre. Det er opp til Stortinget å ta initiativ til og vedta endringar i vedtektene til NRK.”* I ein kommentar til spørsmål om korleis NRK oppfyller mangfaldsdelen av

vedtektene, seier ho at enkelte vil kanskje meine at NRK kom seint i gang med å spegle andre livssyn og religionar, men at no er dei i alle fall i gang.

5.4 Utvikling i form

Produsenten fortel at dei siste åra har NRK også fått mulegheita til å tilpasse andaktene lokalt, dersom noko spesielt har skjedd. Han fortel om då tida var komen for den første Utøya-gravferda i Østfold, ringde redaktøren i NRK Østfold for å be om ei tilpassa andakt. Produsenten starta då å gjere research, og fann presten som skal halde gravferda. Han var villig til å starte dagen i NRK med ei andakt på direkten, og slik blei det.

Produsenten har vore involvert i morgonandakta sidan 1986, og har vore med på fleire omleggingsfasar i NRK. Han meiner at rammene rundt morgonandakta ikkje har endra seg etter år 2000. Han trur at det var det året NRK gjekk vekk frå detaljert innannonsering.¹⁴⁵ Litt av grunnen til dette var at dei ville forenkla, og vere meir opptekne av budskapet og formidlinga. I 2010 kom produsenten tilbake til stillinga som andaktsprodusent, etter å ha jobba med produksjonen av fjernsynsgudstenestene i seks år. Då han kom tilbake til produsentjobben for morgonandakta, tok han for alvor til å arbeide med å få andre folk enn prestar og profesjonelle forkynnarar involverte i andaktene. I 2010 kom den største endringa, det blei fire andakter i staden for fem og Mot helg blei introdusert.

Ei anna utvikling som har skjedd etter at han kom tilbake i 2010, er at produsenten har sett ein lengre manusfrist. Andaktshaldarane må no levere manuset ei veke før dei skal i studio. Då får dei betre tid til evaluering og prosesskriving den siste veka, forklarer han. I tillegg brukar produsenten meir tid enn tidlegare på å integrere musikken i andaktene, noko som er ei ny utvikling. Han jobbar etter ein tanke om at musikken skal underbyggje det som blir sagt, og meiner at musikken har blitt meir og meir viktig for han i andaktene. Det er også ein grunn til at manusfristen er tidlegare no enn før, for å ha tid til å finne den rette musikken og integrere den på ein god måte. I tillegg er det andaktshaldaren som utannonserer musikken, noko som ikkje var tilfelle før 2010. Då var det alltid morgonvertane i distriktssendingane som gjorde

¹⁴⁵ Innannonsering er når ein programleiar i radio fortel kva neste innslaget er, rett før det startar.

det. Endringa kom etter ei tilbakemelding frå morgonvertane om at dei synest det var unaturleg å utannonsere ein musikk som allereie var ferdig for eitt minutt sidan.

”Dersom andakta ikkje skulle følgje radioen si eiga utvikling, så hadde andakta blitt eit framandelement i ein radiokvardag, i alle fall i P1”, seier produsenten, og understrekar at han då tenkjer på form, ikkje på innhald. Han seier utfordringa hans heile tida har vore å utvikle andakta i tråd med radioutviklinga. Produsenten seier han har ei god kjensle for at dagens andaktsformat kjem til å leve lenge, med tanke på tidsramme og musikkbruk. Han viser også til at dei med Mot helg klarte å auke lyttartalet til unge lyttarar mellom 20 og 40. Produsenten trur at det har kan ha noko med formatet å gjere. *”Eg intervjuar folk, og så klipper eg meg sjølv bort. Og plutselig får du ein som sit og fortel på ein munnleg måte, ikkje manusbasert. Det er spennande!”*. Han legg også til at det er ingen av dei spurde som har takka nei til å stille opp som gjest i Mot helg til no.

Redaksjonssjefen peikar på at P1 er ein kanal i konstant endring, og derfor må andakta også formmessig vere i konstant endring. Eitt av måla dei jobbar mot er å nå breitt ut med viktig innhald, og det er det dei prøvar på gjennom å gjere utviklingsgrep med andakta. Han meiner statistikken viser ein positiv tendens etter endringane i 2010, både når det gjeld andakta og Mot Helg. Han fortel samtidig at det førebels ikkje er fastsett fleire konkrete utviklingsplanar. Redaksjonssjefen fortel at dei tenkjer at endringane i andakta og Mot helg no må få virke, og så veit dei ikkje heilt kva som blir neste steg. Han trur noko av grunnen til at ingen har sagt nei til å stille opp i Mot helg kan ha med forma å gjere, det er ufarleg fordi ein blir ikkje motsagt. Redaksjonssjefen er fornøgd med at endringane i 2010 ikkje førte til at dei mista lyttarar, men fekk fleire. I tillegg fekk dei fleire yngre lyttarar, noko han fortel at dei ser på som viktig. Noko konkret forklaring på kvifor dei tiltrakk seg fleire av dei yngre aldersgruppene har ikkje redaksjonssjefen. Han ser likevel ikkje vekk ifrå at det kan ha med innføringa av Mot helg å gjere, at ein del av dei som slår av radioen når det kjem ei vanleg andakt ikkje gjer det same når dei høyrer personar tenke høgt kring livssyn på ein mindre formell måte.

Kanalsjefen var sjølv inne i prosessen med å kutte frå fem til fire andakter i 2010, og fortel at det var eit konkret initiativ frå dåverande redaksjonssjef Petter Myhr. Sidan det handla om eit såpass profilert program som morgonandakta, som mange har eit sterkt forhold til, vart omlegginga også diskutert oppover i systemet. Kanalsjefen påpeikar at hausten 2011 og våren

2012 er dei inne i eit stort utviklingsarbeid av NRK P1, som går parallelt med ein ny strategi for NRK radio i samband med radiodigitaliseringa. Han fortel at i begge desse prosessane er livssynsinnhaldet problematisert, men understrekar at det ikkje er eit mål at livssynsinnhaldet skal bli borte, men heller at det skal bli presentert i naturlege rammer.

På spørsmål om han trur andakta kan gi folk som ikkje trur på den kristen Gud noko, så svarer kanalsjefen ja, og påpeikar at dei endringane som har blitt gjort siste åra har sitt utspring i nettopp denne tanken: dei vil vere relevante for flest muleg. Kanalsjefen fortel at i samband med omlegginga i 2010 støtta han livssynsredaksjonen i å hente inn andaktshaldarar som ikkje nødvendigvis er teologar, men som er gode formidlarar:

”Når dei til dømes får Henrik Syse til å halde andakt, så er det bra for alle. Han er ei kjent stemme, han er kunnskapsrik og ein god formidlar. Han trur på dette og har eit brennande hjarte for det. Og hadde det til samanlikning vore sport, så hadde det jo vore kjempefint å finne den som brenn for idretten og samtidig er ein god formidlar, og kanskje også er kjent blant folk slik at han har truverte frå før”.

Programdirektøren fortel at arbeidet med ein ny livssynsstrategi var godt i gang før ho byrja i jobben sin januar 2009, og det var dåverande redaksjonssjef Petter Myhr som dreiv det. Ho meiner han gjorde ein kjempejobb med noko som ikkje var ei enkel affære: *”- Det er nesten skummelt å annonsere endringar i den type tradisjonsprogram,”* seier ho. Programdirektøren meiner at dei no har i større grad enn tidlegare tilpassa både morgonandakta og Mot helg til radiomediet, noko som ho trur er viktig. Samtidig ser ho at slike moderniseringsgrep vekker reaksjonar, då mange helst vil ha ei tradisjonell andakt. Ho viser til at Mot helg blir ei heilt anna form for refleksjon enn den vanlege andakta, der dei slepp til folk som også har ein annan bakgrunn enn kristen tru.

Programdirektøren trur ikkje at det vil bli gjort radikale endringar i morgonandakta med det fyrste, og ho seier dei er fornøgde med den livssynsstrategien dei har no. Ho framhevar også kor viktig det er å ha strategiar for det dei gjer: *”Eg er for strategiar. Eg er ikkje for at tilfeldige magekjensler skal avgjere kva vi skal drive på med. Vi lagar strategiar som er tufta*

på det oppdraget vi har. Vi har eit publikum å halde oss til”. Programdirektøren legg til at den siste vedtekne livssynsstrategien i NRK blei gjort i januar 2011.¹⁴⁶

Som redaksjonssjefen påpeikar også programdirektøren at innføringa av Mot helg gav dei fleire unge lyttarar: *”Det som har skjedd med ”Mot helg” er at det er færre unge som slår av radioen. Og det må vere viktig for ein allmennkringkastar, å få dei unge med”*.

Programdirektøren oppsummerer utviklinga med at andakta har blitt meir journalistisk og meir radiovenleg, og at dei legg vekt på å vise mangfaldet som er i Noreg. *”- Med det kan du nesten seie at vi har popularisert andakta i positiv forstand, i alle fall til ei viss grad,”* avsluttar ho.

5.5 Autoritet

Produsenten påpeikar at det er viktig å understreke at dei som held andakta i NRK ikkje har mandat frå ei kyrkje eller meinighet, men at dei låner stemma si til NRK. Dei er der i kraft av seg sjølv, si eiga tru og si eiga forteljing. Produsenten seier han er meir oppteken av innhaldet enn å plasserer folk i båsar. Han meiner det har vore ei dreining dei siste åra, ei demokratisering der dei ønskjer medmennesket til stades. Produsenten seier at han vil vekk frå autoritetstenkinga, der det er ein pastor eller prost som fortel at slik og slik er det.

”- Vi skal ikkje forlate den profesjonelle forkynnaren, men den profesjonelle forkynnaren skal ut av kyrkjerommet, skal vere eit medmenneske og skal formidle meir av seg sjølv enn av dogme. Det er dit vi vil, for då blir det god radio”.

For å oppnå dette er produsenten oppteken av at andaktshaldarane ikkje skal gøyme seg bak manus og dogmatikk, men våge å ha med sitt eige liv inn i andakta, si eiga tru, sorg og glede. Dei skal våge å vere heile menneske, menneske som er personlege utan å vere for private. Ein av grunnane til at vi ønskjer dette, er at radio er eit personleg medium, seier han og forklarar:

”- Andaktshaldaren kjem på ein måte inn på besøk, du blir ein medpassasjer i ein bil, du kjem inn på eit sjukeområde, du kjem ved kjøkenbordet og låner stemma di til dei som sit og ventar på andakta. Då skal du vere eit menneske som kjem og gir av deg sjølv. Du blir eit medmenneske og ein medvandrar”.

¹⁴⁶ Ut ifrå den informasjonen eg har fått av informantane eksisterte det ikkje nokon skriftleg formell livssynsstrategi før denne frå 2011.

Produsenten vil at andaktshaldarane skal snakke om noko som er viktig for dei, om noko som betyr noko for folk i kvardagen. Likevel oppmodar han andaktshaldarane til å la politiske og kyrkjepolitiske innspel liggje, til det har ein andre fora, meiner han. Når det gjeld Mot helg er han ekstra tydeleg på at gjestene skal vere personlege, og seier at dersom dei ikkje vågar det så blir det eit dårleg program. Produsenten viser til at nedtrappinga frå fire til fem andakter og innføringa av Mot helg i 2010 også handlar om det å gå frå autoritetar til demokratisering, eit ønske om å få vanlege folk i tale. Dette er også ein viktig del av ein stadig pågåande fornyingsprosess når det gjeld utskifting av andaktshaldarar. Når produsenten leitar etter nye held han auga opne for dei som ikkje er profesjonelle forkynnarar.

”- Det er jo ingen menneskerett å halde andakter i NRK,” seier produsenten, når han snakkar om utveljinga av andaktshaldarar. Det same er **redaksjonssjefen** inne på, når han seier at å halde andakt er ikkje noko kyrkja kjem til NRK og gjer på oppdrag frå seg sjølv. *”- Det er ikkje nokon sine sju-minutt, P1 er altfor svær til at vi kan reservere sendetid til Den norske kyrkja eller andre trussamfunn.”* Redaksjonssjefen fortel at det likevel har hendt at mindre, kristne grupper har kome og spurt om dei kan få halde andakter ei veke, men understrekar at det ikkje er slik det fungerer, dei er heller på jakt etter enkeltpersonar som er gode formidlarar. Når det gjeld institusjonell tilknytning, meiner han det er mindre og mindre relevant å skulle basere seg på tillit til folk gjennom titlar, det er meir det ein nettopp har høyrte som er viktig. Også han legg vekt på at morgonandakta vil ned frå autoritetane og ut til folket, og at det er eit viktig premiss for andakta si vidare utvikling. Redaksjonssjefen seier at andakta ikkje kan vere ufiltrert taletid, men at dei må ha ein regi på det som skjer: *”- Vi kan ikkje berre seie ver så god her er ein bandopptakar, sei kva du vil og så klipper vi det saman med litt musikk”*.

Også **kanalsjefen** er tydeleg på at andakta skal nå ut til folket, som dette sitatet viser:

”- Andakta har til tider hatt ei form som ikkje har vore veldig folkeleg. Den har i periodar tidlegare bore preg av å vere ei preike som skal ha ei slags oppdragande effekt. Dei endringane vi har gjort dei siste åra handlar mykje om å få andaktshaldarar som tek det kristne innhaldet litt meir ned på bakken og ut til folket, og ikkje svingar seg til dei teologiske høgder”.

Kanalsjefen grunnjev dette med at NRK P1 er ein veldig brei kanal der det er viktig at innhaldet når ut og blir forstått av folk, og at dette kravet også gjeld andakta.

Som dei tre andre er også **programdirektøren** heilt klar på at det er den gode formidlinga og enkeltmennesket som skal skine gjennom i morgonandakta. Ho viser til formuleringa i livssynsstrategien som seier at *”Morgonandakta er i dag eit rom der enkeltmenneske reflekterer omkring det som gir livet meaning for dei. Morgonandakta er ikkje ein stad der Den norske kyrkja får fortelje lyttarane kva som er den rette tru”*.

5.6 Publikumsreaksjonar

”Andakta er på mange måtar ein utsett programpost, og har alltid vore det, ifrå ulike grupperingar i samfunnet som ikkje ønskjer andakt. Det har eg levd med sidan eg starta i 1986”.

Produsenten i intervju 12.12.11.

Produsenten fortel at morgonandakta får mange reaksjonar. For han er all reaksjon positivt, då det fortel han at andakta betyr noko for folk. Han seier at nokon kanskje går over streken i reaksjonane sine, men at det likevel formidlar eit engasjement som han synest er bra. Dei største negative reaksjonane som har kome mot andakta, går ikkje på ei konkret andakt, men på endringane som blei gjort i 2010 då fredagsandakta blei erstatta med Mot helg. Då meinte mange at fordi Fader vår og velsigninga ikkje lenger var teke med, så var det ikkje godt nok. Produsenten fortel at desse reaksjonane måtte han lytte til og ta til seg, men at i dag er den stormen heilt stilna, han får ikkje lenger negative reaksjonar på Mot helg. Produsenten kan fortelje at nokon av dei som var veldig harde i kritikken til og med har ringt tilbake og bede om unnskyldning og tilgjeving for dei skuldingane dei kom med.

Produsenten har også fått reaksjonar frå den eldre generasjon som har reagert på musikkbruken i andakta, dei ønskjer gjerne at det berre skal vere salmar. Produsenten meiner likevel det blir best når også musikkbruken er variert: *”Eg vil overraske litt, eg vil ikkje at folk skal sovne hen og tenkje – ”Åh, no er det andakt, no blir det akkurat sånn”*”.

Redaksjonssjefen seier han opplever at publikum har eit ønske og eit behov for at NRK skal sende morgonandakt. Også han får klagar, til dømes frå folk som er misfornøgde med at det blir spelt engelskspråkleg musikk i andakta. Redaksjonssjefen seier at han meiner ein ikkje kan ta omsyn til alle slike preferansar og krav som folk tydelegvis tenkjer meir på enn det at

NRK faktisk sender andakt i sju minutt på den største radiokanalen i Noreg. Han understrekar at det er viktig at morgonandakta tilpassar seg den kanalen, det flytprogrammet og det sendeskjemaet det skal vere ein del av. Redaksjonssjefen har ingenting imot at folk er tydelege på korleis dei ønskjer at andakta skal vere, men medgir at det ofte blir veldig polarisert.

”- Det blir enten veldig på den eine sida eller den andre. Du har nokon som ikkje trur det finst nokon Gud, og dei vil ikkje høyre dette. Så har du sjølv sagt veldig mange på motsett side som ikkje får nok”.

Redaksjonssjefen seier at dei prøver å balansere mellom ulike interesser, men at han medgir at det er omtrent ingen ting som kan skape så mykje reaksjonar for og imot som dette stoffet.

Kanalsjefen fortel at han ofte får førespurnader om at andakta bør bli fjerna frå NRK, men han seier han ikkje har eit inntrykk av at det er eit breitt folkeleg krav.

Programdirektøren fortel at ho har fått krass kritikk frå mange som meiner at NRK er med på å avkristne Noreg, samtidig som ho har motteke mykje ros om livssynsprogramma. Ho seier at i NRK er dei veldig opptekne av å svare på alle publikumsreaksjonane som kjem, og at alle skal få eit skikkeleg svar.

5.7 Religiøst mangfald

”NRK har ingen teologi i botnen for verksemda si,” sa **produsenten** då eg stilte han spørsmål om retningslinjene til andaktshaldarane. Det var viktig for han å leggje vekt på at mandatet hans var å lage morgonandakt for lyttarane til P1, ikkje for spesielle grupperingar i folket. Han la vekt på at ein ikkje skal ta omsyn til spesielle lyttargrupper, men tenkje på at innhaldet skal bli forstått av folk flest, anten ein er *”muslim, same eller indremisjonsmann frå Vestlandet”*. I tillegg påpeika han at det ikkje er naturleg for NRK å sende til dømes muslimske andakter. Morgonandakta er etter hans meining tufta på det kristne, og han tolkar vedtektsformuleringa *”vår religiøse arv”* som den kristne kulturarven i Noreg. Når det kom til det stadig gjentakande mangfaldsombegrepet som NRK legg stor vekt på i livssynskapitla i årsrapporten, var produsenten tydeleg på at mangfald i morgonandakta går på mangfald

innanfor ein kyrkjeleg sfære. Han viste til at mangfald som i fleirreligiøsitet, er noko andre program tek seg av.

Redaksjonssjefen påpeikar at morgonandakta berre er ein liten del av religionsformidlinga i NRK, og at andakta derfor ikkje kan vere representativ for alt religionsstoffet i NRK. Han viser til at NRK no også lagar forkynnande program knytt til den muslimske høgtida Id, noko dei har gjort dei tre siste åra. Redaksjonssjefen seier dei har prøvd å tilpasse andakta til det mangfaldet ein ser i Noreg i dag, og då særskilt til det mangfaldet ein ser innan kristendommen. Også han er tydeleg på at morgonandakta er knytt til kristen tru. – *”Vi har late ein premiss liggje urørt førebels, og det er at andakta skal bli halde innanfor ein kristen kontekst og tradisjon”*.

Redaksjonssjefen problematiserer sjølve religion- og livssynsomgrepa, og peikar på at livssyn kan vere veldig mykje, og at også religiøsitetssomgrepet kan knytast til det meste. Han meiner det er synd at mange set livssynsprogram i ein bås som og tenkjer at livssyn alltid handlar om noko religiøst eller kristent.

”– Vi prøver å gå vidare enn det. Då er det viktig å prøve å gi innhaldet ei form for meirverdi som gjer at du reflekterer og tek med deg undringa, ettertanken etterpå. Sånn ønskjer vi at andakta skal vere. Om vi lykkast med det varierer nok veldig mykje, trur eg”.

Redaksjonssjefen fortel at då livssynsstrategien i NRK var oppe i Kringkastingsrådet i juni 2010, hadde leiar May Helen Molvær Grimstad éin merknad. Grimstad meinte at det var heilt rett av livssynsredaksjonen å leggje vekt på mangfald og opne opp for meir fleirreligiøst stoff, men dette måtte ikkje gå på kostnad av det kristne stoffet.¹⁴⁷ Redaksjonssjefen er tydeleg på at det er ingen planar om at andakta skal bli erstatta av ei fleirreligiøs andakt, og legg til at det kan vere mykje betre å dekkje andre religionar ved å lage andre typar livssynsprogram enn til døme ei muslimsk forkynnande andakt:

”- Då trur eg vi lykkast betre med å vise Id-feiringa, sette det i ein samanheng, sende det på tv, lage ei ramme rundt det, portrettere folk og sende frå forkynninga”.

Kanalsjefen meiner at andakta kan gi noko til dei som ikkje trur på ein gud, og viser til at ein slik tankegang er bakgrunnen for fleire av endringane som er gjort siste åra. Han peikar på at sjølv om tradisjonell gudstru kan vere på tilbakegang i Noreg, så kjem andre typar av det

¹⁴⁷ May-Helen Molvær Grimstad er KrF-politikar, tidlegare stortingsrepresentant, og leiar for Kringkastingsrådet i perioden 2010-2013.

andelege fram i lyset. Sjølv om folk kan vere kristendoms skeptiske, så snur dei seg ikkje vekk frå mysteria i livet og undrande spørsmål kring desse.

På spørsmål om det er slik at dersom ein til dømes trur på Allah, så er det muleg å tolke det slik at den gud det er snakk om i morgonandakta er Allah, er kanalsjefen avvisande. Han seier at slik klarer dei ikkje å lage andaktene, og at det heller ikkje er forventa av andaktshaldarane. Han viser til at alle andaktshaldarane er kristne, og lagar andakta ut ifrå sin kristne ståstad. Likevel er det ikkje berre teologar frå statskyrkja som held andakt, og det synest han er viktig å påpeike.

”– No er det ein mykje meir variert bukett av folk som alle er valt ut fordi dei har til felles at dei kan formidle, meir enn at dei kan teologien. Det er nettopp fordi vi ønskjer at dei tankane som blir presenterte og problemstillingane som blir tekne opp skal vere relevant for alle uansett livssyn. Sjølv om det har ei tydeleg kristen ramme med fadervår og velsigninga, fire dagar i veka, i alle fall”.

Kanalsjefen er også klar på at dei ikkje ser på det som naturleg å trekkje inn andre religionar i sjølve morgonandakta. Han viser til at mangfaldet i livssynsdekninga handlar førebels ikkje om morgonandakta, men om dei andre programma NRK lagar, mellom anna overføring av fredagsbøna i samband med Id.

Programdirektøren fortel at tanken om at NRK må utvikle dei religiøse programma sine med tanke på det samfunnet vi går inn i, starta for nokre år sidan. Ho viser til at det er hennar jobb å passe på at den største radiokanalen i landet har eit tilbod til menneske som har ein annan bakgrunn enn den tradisjonelle norske. At morgonandakta likevel favoriserer kristendommen framfor andre religionar meiner ho er tilfelle, og ho viser til at det er eit medvite val fordi NRK har som oppdrag å spegle den religiøse arven i Noreg. *”- Slik den religiøse arven er no er han tufta på kristen tru så kan det godt hende at han ser annleis ut om nokre år”.* På spørsmål om ho trur at NRK er med på å forme det religiøse landskapet i Noreg med dei vala som blir gjort i livssynsdekninga svarer ho nei, men at NRK heller speglar, spesielt når det gjeld morgonandakta.

6 Dokumentanalyse

6.1 Dokumenta

I denne dokumentanalysen har eg teke utgangspunkt i fleire skriftlege dokument som på ulike måtar er knytt til og seier noko om morgonandakta. Desse er:

- Livssynsstrategien til NRK.
- Vedtektene til NRK.
- Årsrapportane frå livssynsredaksjonen 2007–2011.¹⁴⁸
- Vegleiinga som andaktshaldarane får tilsendt frå produsenten.
- Fleire lesarinnlegg frå Journalisten.no og Vårt Land.
- Artikkelen ”Landets største prekestol” av Per Anders Nordengen.
- Lyttarstatistikk frå NRK Analyse.

Livssynsstrategien er eit internt dokument som ikkje er publisert eller offentleg tilgjengeleg, men som eg har fått utdelt av redaksjonssjef for livssynsavdelinga Henning Olstad.

Vedtektene til NRK og årsrapportane frå livssynsredaksjonen har eg funne på nettsidene til NRK. Vegleiinga til andaktshaldarane har eg fått tilsendt frå andaktsprodusent Helge Gudmundsen. Lesarinnlegga er henta frå Journalisten.no og papirutgåva av avisa Vårt Land.¹⁴⁹ Artikkelen ”Landets største prekestol” er publisert i Årbok for Den Norske Kirke 2010, og denne blei eg tipsa om av Nordengen sjølv då eg kontakta han for å høyre om han hadde fått svar på innlegget han skreiv i Vårt Land i mars 2010.¹⁵⁰ Lyttarstatistikk har eg fått tilsendt frå analytikar Tor Eide i NRK Analyse og redaksjonssjef Henning Olstad i livssynsredaksjonen. I den vidare analysen av desse dokumenta kjem eg som sagt til å nytte

¹⁴⁸ Sjå kapittel 3.3.3 for ein fullstendig gjennomgang av årsrapportane.

¹⁴⁹ Sjå kapittel 4.1. for vidare utgreiing om lesarinnlegga.

¹⁵⁰ Innlegget til Nordengen står under kapittel 6.6, Publikumsreaksjonar.

meg av dei same variablane som i andaktsanalysen: *Kvifor sender NRK morgonandakt, utvikling i form, vedtektstolking, autoritet, publikumsreaksjonar og religiøst mangfald*.¹⁵¹

6.2 Kvifor?

Vedtektene til NRK står som det sentrale dokumentet når ein skal leite etter grunnen til at NRK sender morgonandakt. Å formidle religion og livssyn blir rekna som ein del av NRK sitt oppdrag som allmennkringkastar, og i vedtektene er det allmennkringkastingsoppdraget som blir oppgitt som grunnen til at NRK sender morgonandakt. I Noreg er ein allmennkringkastar mellom anna forplikta til å ha eit tilbod som fengjer både breie og smale publikumsgrupper, og samtidig skal han vere med på å styrke norsk språk, kultur og identitet.¹⁵² Igjen er det §14 i) i vedtektene som står sentralt, plikta til å spegle Noregs religiøse arv og mangfaldet av livssyn og religion i det norske samfunnet. Livssynsstrategien til NRK viser også til §15 a) i vedtektene, der det som grunngeving til kvifor NRK sender forkynnande program står at *”NRK skal tilby tjenester som kan være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap gjennom programmer av høy kvalitet.”*. Samtidig påpeikar strategien at hovudargumentet for dei forkynnande programma er at NRK ikkje berre skal snakke om religion, men også vise det i praksis, eller som formuleringa i strategien seier: *”tørre å by på de opplevelsene det er å ha overføring av en forkynnelse”*.¹⁵³

6.3 Vedtektstolking

Som nemnt står vedtektene sentralt når NRK grunngir kvifor dei sender morgonandakt, spesielt §14 i) om at NRK skal spegle den religiøse arven i Noreg og mangfaldet av livssyn og religion i det norske samfunnet. Dersom ein skal sjå på korleis vedtektene blir tolka i praksis,

¹⁵¹ Eg legg den same tydinga i desse variablane som i analysen i førre kapittel, sjå kapittel 5.1 for utgreiing.

¹⁵² Medietilsynet.no, ”Hva er allmennkringkasting”, URL: <http://www.medietilsynet.no/no/Oppslag/Ofte-stilte-sporsmal/Allmennkringkasting/Hva-er-allmennkringkasting/> (Lesedato 2.9.11).

¹⁵³ Frå punktet ”Forkynnelse i 2011” i livssynsstrategien.

må ein egentleg sjå på heile tilbodet av religion- og livssynsprogram i NRK. Likevel vel eg i denne samanheng å først og fremst sjå på korleis vedtektene blir tolka i samband med morgonandakta, då det er morgonandakta som er temaet eg undersøker og sjølv utgangspunktet for analysen. Det kan likevel vere greitt å ha i mente at vedtektene gjeld heile religion- og livssynstilbodet til NRK, ikkje berre morgonandakta. Akkurat korleis NRK tolkar vedtektene heilt konkret når det gjeld morgonandakta, står ikkje eksplisitt i livssynsstrategien. Eg meiner at tolkinga likevel kjem til syne i dei vala som blir gjort, til dømes når det gjeld utvikling i form, som neste punkt i analysen dreier seg om.

6.4 Utvikling i form

I livssynsstrategien til NRK står det at *”Vi opplever at færre andakter per andaktsholder høynar kvaliteten”*¹⁵⁴, som noko av grunngevinga til kvifor dei i 2010 endra frå fem til fire andakter i veka. Samtidig blir det slått fast at andakta framleis skal ta utgangspunkt i kristen tru. Det blir påpeika at andakta blir sendt på den største radiokanalen i Noreg, NRK P1, og at den dermed må følgje krava til fokus, innhald som ein kjenner seg igjen i og musikkvalitet. Innføringa av Mot helg blir også omtala under punktet om morgonandakta i livssynsstrategien, og det blir sagt at målsetjinga med programmet er å *”få den gode fortellingen om gudstro ut fra levd liv”*. Vidare står det:

*”Vi vil gi vanlige mennesker aksept for at det de har opplevd er viktig, selv om det ikke alltid stemmer overens med det som står i hellige skrifter. Refleksjoner baseres på erfaringer og åndelige opplevelser. Og det er viktig å få fram de som ikke vil plasseres i en ”andaktsbås””*¹⁵⁵.

¹⁵⁴ Står under punktet ”Morgenandakten” i livssynsstrategien til NRK, datert 17. januar 2011.

¹⁵⁵ Livssynsstrategien til NRK, datert 17. januar 2011.

6.5 Autoritet

I eit innlegg på fagbladet Journalisten sine nettsider 9.12.2010, påpeikar distriktsredaktør i NRK Grethe Gynnild-Johnsen og redaksjonssjef i livssynsavdelinga Henning Olstad at forkynnande program er ein del av public serviceoppdraget til NRK.¹⁵⁶ Dei viser til NRK-plakaten si formulering om at NRK skal ”*gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet*”. Samtidig skriv dei at programinnhaldet i NRK skal tilpasse seg behovet til lyttarane og at livssynsredaksjonen kontinuerleg jobbar med dette.

Dette innlegget er eit tilsvar på blogginnlegget ”Mikrofonstativ for Gud”, som analysesjef i medieovervakingsselskapet Retriever Kristina Nilsen publiserte på Journalisten.no tre dagar tidlegare. Der hevdar Nilsen at det er tvilsamt at folk flest vil ha morgonandakt i regi av Den norske kyrkja i radioen.¹⁵⁷ Gynnild-Johnsen og Olstad meiner derimot det motsette, og skriv at dei får tilbakemelding frå svært mange lyttarar om at morgonandakta betyr mykje for dei, og at det er ein av dei viktigaste programpostane gjennom dagen.¹⁵⁸ Dei kjem også med ei korrigering av påstanden til Nilsen om at morgonandakta er i regi av Den norske kyrkja:

*”Ingen som inviteres til å holde andakten på NRK P1 snakker på vegne av Den norske kirke eller det trossamfunnet de er en del av, men de er der på vegne av seg selv. Valgt av oss”.*¹⁵⁹

I det same innlegget fortel Gynnild-Johnsen og Olstad litt om at innføringa av Mot helg er ein del av det å rette seg vekk frå autoritetane og ut mot folket:

”Radioandakten er et av NRKs programmer som i 2010 har gjennomgått de mest markante journalistiske forandringene. Filosof Henrik Syse er eksempel på en god formidler som ikke er prest, men som har holdt radioandakter i 2010. Rune Larsen en annen. Dessuten har vi i 2010 redusert antall andakter på NRK P1 fra fem til fire. Dette er ut fra

¹⁵⁶ Journalisten.no, ”Mikrofonstativ for Gud”, blogginnlegg av Kristina Nilsen, publisert 6.12.10. URL: <http://www.journalisten.no/story/63371> (Lesedato 29.11.11).

¹⁵⁷ Journalisten.no, ”- Morgenandakten viktig del av programtilbudet”, innlegg på Journalisten.no av Grethe Gynnild-Johnsen og Henning Olstad, publisert 9.12.2010. URL: <http://www.journalisten.no/blogg/33076> (Lesedato 29.11.11).

¹⁵⁸ Journalisten.no, ”Mikrofonstativ for Gud”, blogginnlegg av Kristina Nilsen, publisert 6.12.10. URL: <http://www.journalisten.no/story/63371> (Lesedato 29.11.11).

¹⁵⁹ Journalisten.no, ”- Morgenandakten viktig del av programtilbudet”, innlegg på Journalisten.no av Grethe Gynnild-Johnsen og Henning Olstad, publisert 9.12.2010. URL: <http://www.journalisten.no/blogg/33076> (Lesedato 29.11.11).

*livssynsstrategien til NRK om å gå ned fra autoritetene og ut til folket. Det er vårt inntrykk at mange vil gjøre seg opp en egen mening om hva de vil tro på”.*¹⁶⁰

I eit anna dokument frå livssynsredaksjonen, rettleiinga som andaktshaldarane får utdelt frå produsenten, blir det også lagt vekt på at dei som held andakta skal framstå som ”levande menneske”, menneske som er seg sjølve.

*”Lyttaren ønsker å møte deg, ikke ditt manus. Det går an å gjemme seg bak manus og rette dogmatiske sannheter. Det handler om troverdighet. Den skapes ikke ved at man gjemmer bort tro, tvil, glede eller sorg. Det er det sårbare, undrende og lyttende menneske som skaper kontakt. Det handler rett og slett om å være seg selv”.*¹⁶¹

I rettleiinga oppmodar altså produsenten andaktshaldarane til å ikkje gøymde seg bak dogme og manus, men til å vere eit medmenneske. Det autoritære blir ikkje framheva som noko å trakte etter. Det same går igjen i livssynsstrategien, der det blir framheva at morgonandakta ikkje er ein stad der Den norske kyrkja får fortelje lyttarane kva som er den rette trua. Som i innlegget på Journalisten.no, påpeikar redaksjonssjefen også i strategien at innføringa av Mot helg er eit ledd i det å gå ned frå autoritetane og ut til folket. I byrjinga av livssynsstrategien blir utviklinga i det norske religiøse landskapet skildra, og strategien konstaterer dette:

*”Folks forhold til autoriteter er også i konstant endring, de siste åra godt dokumentert på sosiale medier der du kontant klubbes i hodet om du forsøker å bidra med ”sannheter” som strider mot andres erfaringer og opplevelser av hva som er riktig”.*¹⁶²

Vidare blir det sagt at dersom tru og religion blir demokratisert, så er det viktig at dette blir spegla i NRK, då demokratisering er ei viktig allmennkringkastaroppgåve. Livssynsstrategien viser dermed at NRK ser på autoritære framstillingar som noko som ikkje skal inngå i oppgåvene til ein allmennkringkastar, derimot blir demokratisering av religion ein viktig del av allmennkringkastaroppdraget. Så kan ein spørje seg kva som eigentleg ligg i formuleringa ”demokratisering av religion”, men slik eg forstår NRK-kjeldene så går det på å opne opp for at folk kan gjere seg opp si eiga meining, slik Gynnild-Johnsen og Olstad understreka i innlegget i Journalisten.

¹⁶⁰ Journalisten.no, ”- Morgenandakten viktig del av programtilbudet”, innlegg på Journalisten.no av Grethe Gynnild-Johnsen og Henning Olstad, publisert 9.12.2010. URL: <http://www.journalisten.no/blogg/33076> (Lesedato 29.11.11).

¹⁶¹ Utdrag frå vegleiinga som andaktsprodusent Helge Gudmundsen sender til dei som skal halde andakt.

¹⁶² Utdrag frå punktet ”Trender” i livssynsstrategien, datert 18. januar 2011.

6.6 Publikumsreaksjonar

Å omtale publikumsreaksjonane som kjem inn til NRK om morgonandakta kunne ha vore eit masteroppgåveprosjekt i seg sjølv. For som ein av informantane uttalte: *”Det er to ting som skaper lyttarstorm i NRK P1. Musikken og andaktene”*. Eit stadig tilbakevendande tema i lesarinnlegga om andakta, er at den manglar klår forkynning, som ein ser av til dømes dette utdraget:

”Det kan faktisk gå hele uker uten at Jesu navn nevnes overhodet. Med den korte tiden en har til rådighet, burde det være viktig å få formidlet det sentrale. I stedet snakkes det generelt om kjærlighet og det å ta vare på hverandre, men uten forankring i noe spesifikt kristent. I tillegg brukes nesten halvparten av tiden til musikk som ofte har svært perifer tilknytning til det kristne budskap”.

Lesarinnlegg ”Hva er en andakt” i Vårt Land 9. august 2011.

Som produsenten nemnde i intervjuet, blir omlegginga frå fem til fire andakter og innføringa av Mot helg brukt som argument for det enkelte ser på som utvatna forkynning.

”Det var ikkje utan grunn at vi var bekymra for at vi fekk enda mindre forkynning i media da fredagsandakten vart tatt bort og erstatta med ”Mot helg”. Vi som beklaga det, fekk rett. Det vart mykje prat. Og vi mista Fadervår og velsigninga”.

Lesarinnlegg i Vårt Land 17. august 2011.

Dei same argumenta ser ut til å gå igjen blant fleire av dei som skriv lesarinnlegg, og skytset er som regel retta mot at forkynninga er for utydeleg og at musikken ikkje fell i smak.

”Hadde det ikke vært for Fadervår og Velsignelsen kunne mange av de andaktene jeg har hørt like godt vært holdt av en humanetiker, filosof eller psykolog”.

Lesarinnlegg ”Hva er en andakt” i Vårt Land 9. august 2011.

”Hvorfor blir Jesus så sjeldent nevnt? Hvorfor hører vi ikke om Frelseren og det han har gjort? Og hvorfor må musikken være så bråkete? Dessuten er den som oftest på engelsk og tar svært mye av andaktens tid”. (...)

”I eit land der storparten av folket er kristne og samfunnet er gjennomsyra av kristen tanke og tradisjon, så skulle det vera ein naturleg del av rikskringkastingas ansvar å formidla og ivareta dette, ikkje noko vi treng bukka og takka for, eller trygla og be om”.

Lesarinnlegg i Vårt Land 22. august 2011.

Gjennom ei rekkje innlegg i Vårt Land i august 2011 støttar fleire lesarar kvarandre i kritikken av andakta. Men så kjem det til ei anna stemme. Ei stemme som kanskje ikkje

overraskande er kritisk til andakta – men på heilt motsett grunnlag enn dei som fryktar avkristning:

”(...) kristne har det privilegium at fellesinstitusjonen NRK forkynner deres egen religion, og kun deres. (...). Hva synes hun¹⁶³ NRK bør gjøre for norske lisensbetalere som muslimer, jøder, bahaier, sikher, hinduer, holister, buddhister, Jehovas vitner, mormonere, unitarer og humanister når det gjelder forkynnelse?”¹⁶⁴

Lesarinnlegg av Jens Brun-Pedersen, pressesjef i Human-Etisk Forbund i Vårt Land 22. august 2011.

Trass i denne påpeikinga fekk Jens Brun-Pedersen i Human-Etisk Forbund aldri noko svar på dette innlegget frå den kristne andaktskritikarleiren, i alle fall ikkje noko som kom på trykk i Vårt Land. Også i mars 2010 var andakta debattert. Tidlegare biskop Per Lønning går i eit innlegg i Vårt Land hardt ut mot NRK, og seier dei har drive ei nedprioritering av kyrkje og kristenliv i ei årrekkje. *”Religionsfrihet betyr i dagens samfunn: et felles rom mest mulig befridd for religion”*, sukker han i eit lesarinnlegg.¹⁶⁵ Nokre veker seinare får Lønning og dei som har slengd seg på i debatten med liknande argument eit tilsvar, men denne gong ikkje frå Human-Etisk side. No er det ein av andaktshaldarane sjølv som tek til orde:

”Jeg undrer meg over den ensidige sutringen og kritikken fra kristne som skrive slike lesarinnlegg (...). Jeg forstår ikke hvorfor alle endringer må bli møtt med skepsis, mistenksomhet og at ”alt var bedre før” når ”kristenfolket” uttaler seg. Hvor er kirkens og de kristnes røster som uttrykker noe positivt og som gleder seg over at NRK fortsatt gir beste sendetid som morgenandakten er med sine om lag 500 000 lyttere?”¹⁶⁶

Lesarinnlegg av Per Anders Nordengen, Vårt Land 3. mars 2010.

Prest, forfattar og andaktshaldar i P1 Per Anders Nordengen viser til NRK-plakaten og det at NRK ser på andakta som ein del av det religiøse arvegodset i Noreg. Nordengen påpeikar at han ikkje ser på dette som ei sjølvfølge, og rettar ei takk til NRK for at dei framleis prioriterer og satsar på vidareutvikling av andaktene og kristne program *”i en tid med mye*

¹⁶³ Brun-Pedersen referer her til eit innlegg skrive av ei kvinne nokre dagar tidlegare, der ho kritiserer andakta for å vere for lite forkynnande og skriv at NRK har eit ansvar for å formidle den kristne budskapet.

¹⁶⁴ Vårt Land (2010), ”Andakt i NRK”, lesarinnlegg av Jens Brun-Pedersen, trykt 22.8.11, s. 21.

¹⁶⁵ Vårt Land (2010), ”Et prosjekt for kirkeforskning”, lesarinnlegg av Per Lønning, trykt 11.2.10, s. 25.

¹⁶⁶ Vårt Land (2010), ”Takk til NRK”, lesarinnlegg av Per Anders Nordengen, trykt 3.3.10, s. 3.

motstand og religiøs pluralisme".¹⁶⁷ Etter dette innlegget stilna debatten, i denne omgang. I tillegg til å delta i debatten i Vårt Land i 2010, skreiv Nordengen same år artikkelen "Landets største prekestol" i *Årbok for Den Norske Kirke*. Her rosar han også NRK for å sende morgonandakt på NRK P1:

*"Landets mest hørte andakt finner sted utenfor kirke og forsamlingshus. Norges største prekestol har daglig omlag en halv million lyttere. Det er statskanalen NRK som i beste sendetid på hovedkanalen P1 bruker 7 minutter av morgensendingen på å kringkaste andakt. Dette er oppsiktsvekkende, både i lys av den post-kristne tid vi lever i, og ikke minst sammenlignet med andre land."*¹⁶⁸

I tillegg til desse uttalte publikumsreaksjonane som kom fram i ulike avisinnlegg, meiner eg at også utviklinga i lyttartal er ei form for publikumsreaksjon. Ved å samanlikne lyttartala til morgonandakta i undersøkingsperioden, har eg utforma dette skjemaet:¹⁶⁹

Tabell 1: Lyttartal og timetal for andakta 2007 - 2011.

År:	Lyttartal:	Timar sendt:
2007	383 000	(ikkje opplyst) ¹⁷⁰
2008	366 000	59
2009	352 000	59
2010	372 000	47
2011	361 000 ¹⁷¹	47

¹⁶⁷ Vårt Land (2010), "Takk til NRK", lesarinnlegg av Per Anders Nordengen, trykt 3.3.10, s. 3.

¹⁶⁸ (Nordengen 2010:13)

¹⁶⁹ Lyttartala har eg fått tilsendt frå analytikar Tor Eide i NRK Analyse. Timetala har eg fått frå redaksjonssjef Henning Olstad, sendt på e-post til meg 24.4.2012. Det er viktig å påpeike at timetala som er oppgitt i årsrapportane ikkje stemmer med desse tala som eg her brukar. Det er fordi årsrapportane baserer seg på tal der det er ein feil i programloggen. I loggen står at 05.33-andakta varer fram til 05.45, men den varer eigentleg berre til 05.40. Feilen kjem av det er fylt på med musikk i etterkant, som ikkje har noko med andakta å gjere, før programposten vêrvarslinga tek over 05.45. Derfor må ein trekkje frå fem minutt dagleg, noko som til saman utgjer 21 timar på eitt år. Tala i skjemaet mitt er korrigert for dette.

¹⁷⁰ Eg manglar tal for 2007. Ifølgje redaksjonssjef Henning Olstad var det ingen programmessige endringar frå 2007 til 2008 som skulle tilseie at tala her er forskjellige.

Tala viser at i perioden 2007 til 2009 fekk morgonandakta stadig færre lyttarar. I 2010 hadde andakta derimot snudd trenden, og fått ein god del fleire lyttarar enn året før. Av tabellen kan det sjå ut til at lyttartalet fall igjen i 2011. Men tala frå 2011 kan ikkje samanliknast med tala frå dei føregåande åra. Dette fordi NRK i 2011 endra den statistiske vektmodellen, noko som førte til at lyttartala til NRK P1 jamt over gjekk ned. Tidlegare har det blitt registrert noko fleire lyttarar enn det NRK skulle ha, og tala frå 2011 er meir i tråd med den reelle lyttinga, ifølgje analytikar Tor Eide i NRK Analyse.¹⁷²

Ved første augekast kan det sjå ut til at morgonandakta har fått drastisk færre sendetimar i 2010 og 2011. Det stemmer til ein viss grad dersom ein ikkje ser på Mot helg som ein del av andaktene. Endringa i timetalet kjem på grunn av innføringa av Mot helg i 2010, då andaktene gjekk over til å bli sendt mandag til torsdag i staden for mandag til fredag. Frå 2010 har livssynsredaksjonen produsert 51 Mot helg-program årleg, noko som utgjer 12 timar.¹⁷³ Ser ein andaktene og Mot helg under eitt, så er altså talet på sendetimar likt alle dei fem åra i undersøkingsperioden. Slik sett kan ein seie at den tradisjonelle andakta har fått mindre sendetid, men dersom ein ser på Mot helg som ei form for andakt så er det ikkje kutta i talet på sendetimar.

6.7 Religiøst mangfald

Religiøst mangfald blir omtala både i livssynsstrategien og årsrapportane til livssynsredaksjonen. I tillegg blir mangfald omtala i vedtektene til NRK, i det same punktet som av informantane mine blei sett på som sjølv legitimeringa for at NRK sender andakter. I vedtektene står det, som nemnt fleire gonger tidlegare, at *”NRK skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet”*.¹⁷⁴ Formuleringa ”Mangfold av livssyn og religion” tolkar eg som religiøst mangfald. Slik setninga er oppbygd,

¹⁷¹ Tala frå 2011 kan ikkje samanliknast med tala frå dei føregåande åra, sjå vidare utdjuping i etterfølgjande avsnitt.

¹⁷² Telefonsamtale med analytikar Tor Eide i NRK Analyse om korleis eg skulle tolke tala, 2.5.2012.

¹⁷³ Opplyst av redaksjonssjef Henning Olstad i e-post sendt til meg 24.2.2012.

¹⁷⁴ NRK.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438> (Lesedato 31.3.2012). Dette står i punkt i), under § 14 som går på at NRK skal styrke norsk språk, identitet og kultur.

sidestiller ho den religiøse arven i Noreg med mangfaldet av livssyn og religion. Så kan ein spørje seg om det er tilfeldig eller ei at den religiøse arven likevel blir nemnt før mangfaldet.

I livssynsstrategien til NRK, presentert på redaktørmøtet 18. januar 2011, blir det slått fast to hovudretningar. Den eine er at ein skal *”Speile mangfoldet innen livssyn i det norske samfunnet”*, og den andre er å *”Utvikle programmene i tråd med behovet til brukarane”*.¹⁷⁵ I eit eige punkt i strategien kalla ”trendar” blir det lagt stor vekt på at Noreg er eit fleirkulturelt land, at verda kjem til oss, samtidig som det blir påpeika at ein ser ei blømande interesse for det andeleg. Snåsamannen og englane til Märtha blir brukt som døme på det sistnemnde. Det er med andre ord tydeleg at livssynsstrategien til NRK tek høgd for eit variert religiøst liv i Noreg.

Sjølv om det som kjem fram i livssynskapitla i årsrapportane til NRK ikkje nødvendigvis viser til morgonandakta, meiner eg det er viktig å i denne samanheng trekkje inn kva desse årsrapportane seier om NRK si livssynsformidling og mangfald. Dette fordi det er med på å danne konteksten for dei prioriteringane og vala som blir gjort i og rundt morgonandakta. Det kan nemleg av gjennomgangen i årsrapportane i kap. 3.3.4 sjå ut til at mangfald blir vektlagt meir og meir i livssynsredaksjonen for kvart år som går. Truleg er ikkje dette på grunn av at det har skjedd så store endringar i religiøs tilhøyring i Noreg frå 2008 til 2009, då det religiøse mangfaldet, reint statistisk sett, vitnar nok om ei relativt lik fordeling frå det eine året til det andre. Det som derimot skjedde frå 2008 til 2009, var at vedtektsendringa, som kom i samband med Stortingsmeldinga om NRK-plakaten, trødde i kraft. I dei nye vedtektene, som har vore gjeldande i dei tre siste åra av undersøkingsperioden, 2009, 2010 og 2011, er mangfald meir tydeleg nemnt enn i dei føregåande vedtektene som gjaldt i 2007 og 2008. Ei forklaring på kvifor mangfald blir lagt meir og meir vekt på for kvart år som går, kan kanskje derfor bli forklart med endringa av ordlyd i dei nye vedtektene, der det blir lagt meir vekt på mangfald enn tidlegare.¹⁷⁶

¹⁷⁵ Livssynsstrategien til NRK, datert 17. januar 2011.

¹⁷⁶ Sjå kapittel 3.3.2 for ordlyden i dei gamle og nye vedtektene.

7 Andaktsanalyse

7.1 Kategoriar

For å kunne analysere andaktene, hare eg laga fem kategoriar. Desse er *bibel*, *musikk*, *mangfald*, *posisjon* og *personleg*. I analysen har eg lagt visse føresetnader til grunn for kva utslag andaktene gir i kategoriane. Ei utgreiing av desse er derfor nødvendig før vi går til sjølve analysekjemaa.

I kategorien *bibel* har eg sett etter om det er direkte sitering frå bibelen i den aktuelle andakta eller ei. Dersom bibelen er direkte sitert, slik det til dømes blir gjort i denne andakta: “*Vi leser fra Johannesevangeliets 8. kapittel: Jesus sa da til de jødene som var kommet til tro på ham (...)*”¹⁷⁷, så skriv eg “direkte sitering” i analysekjemaet. Dersom det ikkje er noko direkte bibelreferanse i andakta skriv eg “0”.

Kategorien *musikk* har eg forenkla kraftig, og skil her mellom enten sekulær eller kristen musikk. Ei svakheit med å gjere det slik, er at eg ikkje tek høgd for at ein song til dømes kan oppfattast som at den høyrer til begge kategoriar, alt etter tolkingsuniverset til lyttaren. Likevel såg eg på det som nødvendig å operere med to slike forenkla kategoriar, då analysen er meint meir som ein indikator på korleis andaktene har vore i åra 2007–2011 enn ei djuptpløyande analyse av musikkbruken. Eit døme på korleis eg skil mellom sekulære og kristne songar, er at Nidarosdomens Guttekor med “Herre Gud du er og bliver”¹⁷⁸ blir kategorisert som kristen musikk, medan Helena Sjøholm med “Gabriellas sång”¹⁷⁹ blir kategorisert som sekulær musikk.¹⁸⁰

Noko eg la merke til i gjennomgangen av andaktene, er at mange av songane som ein ved første augekast tenkjer på som sekulære, kan få ei meir religiøs tyding når ein ser songen i samanheng med budskapet som er formidla i andakta. Dette viser at det kan vere problematisk å gjere ei slik forenkla inndeling som eg har gjort i analysen. Men sidan

¹⁷⁷ Dømet er henta frå andakta som Ola Smeplass heldt måndag 1. oktober 2007.

¹⁷⁸ Dømet er henta frå andakta som Ola Smeplass heldt torsdag 4. oktober 2007.

¹⁷⁹ Dømet er henta frå andakta som Ola Smeplass heldt onsdag 3. oktober 2007.

¹⁸⁰ Sjå elles vedlegg for ei liste over kva songar som var med i utvalet, og korleis eg har kategorisert desse som enten kristen eller sekulær.

musikken er noko av det dei som jobbar med radioandakta får mest tilbakemelding på frå publikum, valde eg likevel å ta med musikken som ein analysekategori. Det krevde ei slik forenkla inndeling.

Kategorien *mangfald* byr til liks med musikkategorien på utfordringar når det kjem til å definere kva som skal tolkast som eit mangfaldsfunn eller ikkje. Mangfald i denne samanheng viser til om eg finn spor av andre religionar i andaktene. Som teoretisk definisjon for ein større analyse er ein slik forenkla mangfaldsdefinisjon til lita nytte, men eg meiner at denne innsnevringa kan fungere i samband med denne andaktsanalysen. Eg har sortert funna av mangfald i andakta som 0 for ikkje noko funn, og der eg har gjort funn har eg spesifisert kva dette er.

Kategorien *posisjon* er teke med for å få fram om lyttaren får vite noko om posisjonen til andaktshaldaren eller ei. Der dette er tilfelle, vil det i skjemaet vere merka med X, der lyttaren ikkje får vite noko om denne, er det merka med 0. Då introduksjonen til andakta varierer frå distriktskontor til distriktskontor, er ikkje introduksjonen teke med i materialet. Kategorien tek utgangspunkt i det som kjem fram i sjølve andaktsteksten, og er teke med for å kunne fange opp funn dersom andaktshaldaren har framstiller budskapet på ein autoritær måte.

Det kan vere vanskeleg å måle om ein andaktshaldar er personleg eller ikkje, men eg har valt å bruke kategorien *personleg* til å måle om andaktshaldaren brukar ord som “eg” og “du” i andakta. Ein kan hevde at dette er ein litt laus og samtidig litt for snever indikator på om andaktshaldaren verkeleg er personleg i andakta eller ei, men eg gjorde det valet at det er den mest konkrete måten eg kan måle ein slik kategori som personleg på i denne samanheng.

Vidare kjem eit analyseskjema for kvart av åra frå 2007 til 2011, med etterfølgjande kommentar. Heilt til slutt for kvart år har eg laga ei ordskey, som viser kva ord som er brukt mest i andaktene i veke 40 det aktuelle året.¹⁸¹ Etter analysane av kvart år kjem eit underkapittel om Mot helg, deretter ei oppsummering og samanstilling av andakstanalysane.

¹⁸¹ Ordskeyene er laga ved hjelp av gratisprogrammet Wordle, som eg fann på <http://www.wordle.net/>. Det fungerer slik at eg limer inn ein tekst, så genererer programmet ei sky av ord der dei orda aukar i størrelse alt etter kor ofte dei er brukt i den aktuelle teksten.

7.2 2007

Når: 1. til 5. oktober 2007

Andaktshaldar: Ola Smeplass, diakon, forbundsleiar i Det norske diakoniforbund.

Tabell 2: Andakter i veke 40, 2007.

Dag	Bibel	Musikk	Mangfald	Posisjon	Personleg
Måndag	Direkte sitering	Sekulær	0	0	0
Tysdag	Direkte sitering	Kristen	0	0	X
Onsdag	Direkte sitering	Sekulær	0	0	X
Torsdag	Direkte sitering	Kristen	0	0	0
Fredag	Direkte sitering	Kristen	Viser til striden rundt muhammedkarikaturane og oppmodar til å ta omsyn til andre.	0	0

I 2007 var det Ola Smeplass som var andaktshaldar. Han knytte andaktene tett opp mot dagens bibeltekst, og siterte bibelen kvar dag. Musikkbruken spente frå kristen korsong tre av dagane, til songar av Björn Afzelius og Helena Sjöholm. Smeplass går ikkje noko særleg inn på tema som viser til religiøst mangfald, men fredagsandakta startar han med ei oppmoding om at ein skal gjere som Paulus når det kjem til striden rundt Muhammed-karikaturane, ein har lov til alt, men alt tener ikkje til det gode. ”*Et godt kristent vitnesbyrd overfor den islamske verden kunne jo være å vise at vi har friheten, men vi velger å ikke bruke den når vi vet at andre blir provosert av det.*” seier Smeplass.¹⁸² Så sjølv om andakta gir utslag for den mangfaldsdefinisjonen som det blir operert med i denne samanheng, kan ein diskutere kva slags religiøst mangfald det er snakk om når det blir laga eit skilje mellom ”oss” som kan ty til eit kristent vitnesbyrd, og ”dei”, den islamske verda.

Når det kjem til posisjon etablerer Smeplass ikkje seg sjølv i nokon bestemt posisjon, anna enn å nemne i ei av andaktene ei erfaring han har gjort seg i yrket som diakon. Andaktene denne veka gir utslag i personlegkategorien to dagar, den eine dagen berre fordi setninga

¹⁸² Smeplass i andakta fredag 5. oktober 2007.

”For noen uker siden leste jeg i et bilblad” er brukt, utan at ”jeg”-et dukkar opp fleire gonger i den andakta.¹⁸³ I kor stor grad utslaget faktisk er personleg, kan altså diskuteras. Kva Smeplass har lagt vekt på i andaktene sine kan også til ei viss grad bli avslørt ved å sjå på ordskeya for 2007. Der ser ein at både *Jesus*, *Gud* og *Herren* er mykje omtala, orda *frihet*, *handler*, *snakker* og *dag* er også gjengangrar.

Figur 1: Ordskeya for andaktene i veke 40, 2007.



¹⁸³ Smeplass i andakta tysdag 2. oktober 2007.

7.3 2008

Når: 29. september til 3. oktober 2008.

Andaktshaldar: Carl Petter Opsahl, gateprest i Kirkens Bymisjon i Oslo.

Tabell 3: Andakter i veke 40, 2008.

Dag	Bibel	Musikk	Mangfald	Posisjon	Personleg
Måndag	0	Sekulær	0	0	X
Tysdag	0	Sekulær	Religionsdial og, jødisk nyttår og siste dag i ramadan.	0	X
Onsdag	Direkte sitering	Kristen	Respekt for ulike religiøse markeringar	0	X
Torsdag	Direkte sitering	Kristen	0	0	X
Fredag	0	Sekulær	0	0	X

Andaktene i veke 40 i 2009 skil seg frå same veke året før på fleire måtar. Carl Petter Opsahl siterer bibelen direkte berre to dagar, og brukar fleire sekulære songar enn kristne. Opsahl er direkte innom tema som går på religiøst mangfald i to av andaktene. I den eine ønskjer han lyttaren godt (jødisk) nyttår og snakkar også om den muslimske Id-festen.¹⁸⁴ Også musikkvalet er prega av det er jødisk nyttår, denne dagen er songvalet "Nigun", ein tradisjonell jødisk nynnesong sunge av Gloria Feidman. Dagen etterpå fortel Opsahl lyttarane at det er den FN's internasjonale dag for eldre, og trekkjer samtidig inn at 2009 er utpeika som Mangfaldsåret.¹⁸⁵ Han påpeikar at det i eldreomsorga er viktig at det blir teke omsyn til at det er eit etnisk og kulturelt mangfald blant eldre, som elles i befolkninga. "Vi skal respektere og legge til rette for ulike skikker og religiøse markeringar, og etter beste evne ta vare på og gi næring til eldres kulturelle identitet," seier Opsahl, og med det slår han eit slag for respekt for at menneske kan vere religiøst forankra i andre religionar enn kristendommen i Noreg i dag.¹⁸⁶

¹⁸⁴ Opsahl i andakta tysdag 30. september 2009.

¹⁸⁵ Opsahl i andakta onsdag 1. oktober 2009.

¹⁸⁶ Opsahl seier dette avslutningsvis i andakta onsdag 1. oktober 2009.

7.4 2009

Når: 28. september til 2. oktober 2009.

Andaktshaldar: Ragnhild Jepsen, domprost i Nidarosdomen.

Tabell 4: Andakter i veke 40, 2009.

Dag	Bibel	Musikk	Mangfald	Posisjon	Personleg
Måndag	Direkte sitering	Kristen	0	X	X
Tysdag	Direkte sitering	Sekulær	0	X	X
Onsdag	Direkte sitering	Sekulær	0	X	X
Torsdag	Direkte sitering	Kristen	0	X	X
Fredag	Direkte sitering	Kristen	0	X	0

I veke 40 i 2009 er det vist direkte til bibelen i alle andaktene gjennom veka. Musikkvala til Ragnhild Jepsen er både kristne og sekulære songar, frå søndagsskuleklassikaren ”La oss vandre i lyset”¹⁸⁷ til ”Precious Angel” av Bob Dylan¹⁸⁸. Når det gjeld referansar til mangfald gir andaktene denne veka ingen utslag.

På ein annan og meir konkret måte enn dei to føregåande åra så knyter Ragnhild Jepsen andaktene sine til sitt daglege virke som prest. Ho startar kvar andakt med ein variasjon over setninga ”– *God morgon! Namnet mitt er Ragnhild Jepsen og eg er prest i Nidarosdomen*”. Med det er ho også med på etablere posisjonen sin som prest i den norske nasjonalheilagdomen. Samtidig er ho personleg i fire av fem andakter, og brukar ofte eigne observasjonar som inngang til temaet for andaktene. Ser ein på ordskya for denne veka, er det tydeleg at det er trioen *Gud, Mikael og Nidarosdomen* som peikar seg ut. Dette kjem nok av at 29. september denne veka var det Mikkelsmesse, og andakta denne tysdagen tek utgangspunkt i statuen av erkeengelen Mikael som står på eitt av tårna i Nidarosdomen. Mikael blir dermed naturleg nok nemnt mange gonger denne dagen, og klatrar dermed opp til same posisjon som Gud og Nidarosdomen, to ord som går igjen gjennom heile veka.

¹⁸⁷ | andakta fredag 2. oktober 2009.

¹⁸⁸ | andakta tysdag 29. september 2009.

7.6 2011

Når: 3. til 7. oktober 2011

Andaktshaldar: Karsten Isachsen, prest, forfattar, føredragshaldar.

Tabell 5: Andakter i veke 40, 2011.

Dag	Bibel	Musikk	Mangfald	Posisjon	Personleg
Måndag	0	Sekulær	0	0	X
Tysdag	Direkte sitering	Sekulær	0	0	X
Onsdag	0	Sekulær	0	0	X
Torsdag	0	Sekulær	0	0	X
Fredag	(Mot helg)	(Mot helg)	(Mot helg)	(Mot helg)	(Mot helg)

Det er Karsten Isachsen som held andaktene i veke 40 i 2011. Han refererer direkte til ein bibeltekst ein av fire dagar. Som den einaste gongen i utvalet har andaktene denne veka fått tonefølge av berre sekulære songar, og både Elvis og CC Cowboys får sleppe til. Isachsen viser ikkje direkte til religiøst mangfald i nokon av andaktene. Han seier heller ingen ting om sin eigen posisjon.

Isachsen er kanskje den av andaktshaldarane som er mest gjennomført personleg i forma. Han brukar "eg"-forma mykje og viser til sjølvopplevde hendingar. I tillegg er han den av andaktshaldarane i utvalet som i størst grad viser til sjølvopplevde kjensler. Eg oppfattar at han gjer dette på ein inkluderande måte, slik at mange lyttarar nok vil kjenne seg igjen i det han snakkar om.

Når ein ser på ordskya for 2011 kan det vere freistande å spørje seg om Gud har forsvunne heilt. Men ser ein godt etter er ordet *Guds* likevel til stades, og *Jesus* er eitt av dei mest brukte orda. *Livet, liv, ser og mennesker* er også godt representerte. At ord som *hund* og *bebreide* når høgt opp kjem nok av at dei to første andaktene i veka begge på sitt vis handlar om bebreiding, og den fyrste handlar i stor grad om hunden til andaktshaldaren si manglande evne til å bebreide, eller som Isachsen sjølv avsluttar andakta: "*Det er nok det som skaper det sterkeste båndet mellom oss: Jeg har en som ikke slutter å være glad i meg, selv når jeg oppfører meg dårlig.*"¹⁸⁹ Utan at Isachsen har nemnt Gud eller Jesus i andakta, vil kanskje

¹⁸⁹ Isachsen seier dette i andakta måndag 3. oktober 2011.

likevel enkelte lyttarar på grunn av andaktskonteksten tolke skildringa av den trufaste hunden som ei skildring av ein bebreidelsefri Gud.

Figur 5: Ordsdy for andaktene i veke 40, 2011.



7.7 Mot helg

”Jeg vil ikke kalle «Mot helg» en andakt, men mer en fortelling om tro. Vi vil få med ulike mennesker, både kjendiser og «helt alminnelige mennesker». For mange av dem vil det være unaturlig å holde en andakt. Men hvorfor skal andaktens form være en sperre for mennesker som har noe på hjertet?”

(Produsent Helge Gudmundsen om Mot helg i Vårt Land i januar 2010).¹⁹⁰

Eg har som nemnt valt å ikkje ta med Mot helg i materialet mitt, fordi eg først og fremst ville konsentrere meg om dei tradisjonelle andaktene. Sjølv om Mot helg ikkje er med i analyse materialet, representerer programmet den mest konkrete endringa i undersøkingsperioden: overgangen frå fem til fire andakter. Mot helg blir sendt på fredagar i same sendetid som andakta, og med same produsent som andaktene. Kjenningmelodien er

¹⁹⁰ Vårt Land: ”Mindre andakt i NRK”, nettartikkel publisert 5.1.2010, URL: <http://www.vl.no/kristenliv/mindre-andakt-i-nrk/> (Lesedato 2.5.2012).

også den same i Mot helg som i andaktene resten av veka. At Fader vår og velsigninga er ikkje med i Mot helg, til skilnad frå andaktene, er det som kanskje mest tydeleg skil dei to. Trass i at andaktene og Mot helg skal vere to ulike programkonsept, står dei altså i ein tydeleg samanheng med kvarandre. Vidare vil eg derfor kort skildre innhaldet i Mot helg i dei to vekene i utvalet, veke 40 i 2010 og 2011. Eg vil ikkje gjere ein tilsvarande analyse som med andaktene, men gi eit inntrykk av kva programmet kan innehalde.

Då samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa var gjest i Mot helg i veke 40 i 2010, snakka ho om å ha trua med seg som ein viktig ballast i livet. Ho seier at ho kunne ønskt seg større takhøgde til tider, men innrømmer samtidig å ha vore ein del av den låge takhøgda i enkelte kristne miljø: *"Eg har sjølv vore ein del av eit lågt og kantete tak og grenser, der det ofte blei understreka kva som var tillete og ei"*.¹⁹¹ Kleppa fortel at ho no meiner det er viktigare å vere trygg på seg sjølv og det ein trur på. Det å vere romsleg er noko som kan utvikle seg i kvart menneske, påpeikar ho, men konstaterer likevel at ho er *"glad for at Gud er langt rausare enn bakkemannskapet"*.¹⁹²

I veke 40 i 2011 er det skodespelar Svein Tindberg som får ordet i Mot helg. Han brukar dei sju minutta til å mellom anna snakke om at islam, jødedom og kristendom kan vere tre sider av same sak. Med det knyt han temaet opp mot teaterstykket han sjølv er aktuell i denne hausten, "Abrahams barn" på Det Norske Teatret. Tindberg tek lyttarane med til klippedomen i Jerusalem, og fortel om dei ulike historierne han fekk om heilagdomen alt etter om det var ein jøde eller muslim som fortalde. *"Vi har dei same grunnhistoriene, vi berre fortel dei på forskjellig måte,"* seier han.¹⁹³ Tindberg fortel at ulike skodespelarroller gjorde at han måtte lese bibelen, og seier at *"Mi religiøse lengt har fått utløp gjennom arbeid på teateret"*.¹⁹⁴

Både Magnhild Meltveit Kleppa og Svein Tindberg vågar å vere personlege i det dei deler med lyttarane til Mot helg. Begge snakkar om sin eigen religiøsitet. Medan Kleppa først og fremst viser til ulike erfaringar med kristendom, er religiøst mangfald utgangspunktet for

¹⁹¹ Mot helg, NRK P1, 8.10.10, Gjest: Maghild Meltveit Kleppa. Tilgjengeleg gjennom radioarkivet på Nasjonalbiblioteket.

¹⁹² Mot helg, NRK P1, 8.10.10, Gjest: Maghild Meltveit Kleppa. Tilgjengeleg gjennom radioarkivet på Nasjonalbiblioteket.

¹⁹³ Mot helg, NRK P1, 7.10.11, Gjest: Svein Tindberg. Tilgjengeleg gjennom radioarkivet på Nasjonalbiblioteket.

¹⁹⁴ Mot helg, NRK P1, 7.10.11, Gjest: Svein Tindberg. Tilgjengeleg gjennom radioarkivet på Nasjonalbiblioteket.

Tindberg si trusforteljing. Mitt inntrykk er at både Kleppa og Tindberg er meir personlege enn kva andaktshaldarane i utvalet er. Kanskje er dette ein naturleg konsekvens av at korkje Kleppa eller Tindberg er profesjonelle forkynnarar, i motsetnad til andaktshaldarane. Det kan også vere den friare og mindre manusbaserte forma som gjer at dei to Mot helg-gjestene blir oppfatta som meir personlege. I livssynsstrategien blir det sagt at Mot helg er eit ledd i det å bevege seg ned frå autoritetane og ut til folket. Kanskje kan ein i denne samanheng seie at det å vere personleg er å gjere nettopp dette, fjerne seg frå autoritetane og nærme seg folket. I så fall er det mitt inntrykk at gjennom Mot helg oppfyller livssynredaksjonen ønsket sitt om ei demokratisering av religion, og kanskje i større grad her enn kva dei gjer gjennom andaktene.

7.8 Oppsummering

Som nemnt er det er vanskeleg å trekkje konklusjonar ut av eit så forholdsvis lite utval andakter. Men nokon utviklingstrekk kan ein likevel sjå. Når det kjem til endringane vil eg først nemne dei ytre endringane, før eg går inn på kategoriane som er brukt i analyseskjemaet. Desse ytre endringane blir ikkje spegla i kategoriane i analyseskjemaet, men kom likevel til syne då eg gjekk gjennom andaktsutvalet.

Først kan ein sjå på det som er felles for alle andaktene dei fem åra. Alle blir avslutta med bøna Fader vår og velsigninga. Når det gjeld velsigninga ser det ut til å vere fritt fram kva for ei utgåve ein brukar, til dømes lyser Carl Petter Opsahl ei forskjellig velsigning kvar dag veke 40 i 2008.¹⁹⁵ Den største ytre endringa i utvalet er overgangen frå fem til fire tradisjonelle andakter i 2010, og med det innføringa av Mot helg. Ei anna ytre endring er kjenningsmelodien, som er endra frå 2008 til 2009.

Når det gjeld bibelkategorien ser det ut til at kvar andaktshaldar vel sjølv i kor stor grad ho eller han vel å knyte det dei snakkar om opp til bibelteksten. Dette varierer frå år til år, og eg vel å tolke dette som at det er individuelle preferansar som gjer seg gjeldande. Fordi det svingar slik frå år til år, er det vanskeleg å seie noko om at utviklinga når det gjeld å bruke

¹⁹⁵ Dette kjem ikkje direkte fram i analysen, då eg valde å sjå vekk ifrå velsigninga som ein eigen variabel i analyseskjemaet. Då gjennomgangen eg har gjort av andaktene har vist at Fader Vår og velsigninga er omtrent det einaste som går igjen i alle andaktene, synest eg likevel det er interessant å nemne denne variasjonen som Opsahl gjer i 2009.

bibelsitat i andaktene går i ei bestemt retning. Den same vurderinga har eg gjort når det gjeld musikkbruken, her varierer det mellom kristne og sekulære songar, og eg tolkar også dette som at det er personlege preferansar som gjer seg gjeldande. Likevel kan det vere verdt å påpeike at medan det både i 2007, 2008, 2009 og 2010 både blir spelt kristne og sekulære songar i morgonandakta, så blir det i 2011 berre spelt sekulære songar, utan at dette treng å bety noko spesielt.

I tre av dei fem åra i utvalet blei det utslag i mangfaldskategorien. I 2007 kjem Ola Smeplass inn på muhammedkarikaturane, samtidig som han oppmodar kristne til å ta omsyn til andre religionar. I 2008 snakkar Carl Petter Opsahl ein dag om religionsdialog og jødisk nyttår, og neste dag om å respektere ulike religiøse markeringar. I 2010 refererer Ann Christin Elvemo til ei jødisk legende.

2009 er det einaste året som gir direkte utslag i posisjonskategorien. Ragnhild Jepsen startar kvar andakt med å presentere seg som prest i Nidarosdomen. Måten ho gjer det på gjer likevel ikkje at eg oppfattar det som at ho prøver å etablere seg som ein autoritet, men meir som ei opplysning til lyttaren om kven stemma dei lyttar til høyrer til. Analysen viser at alle andaktshaldarane er personlege i større eller mindre grad. Tre av andaktshaldarane er personlege i alle andaktene dei held den aktuelle veka, medan dei to andre er det i høvesvis fire av fem og to av fem andakter. Samtidig kan ein diskutere om det å låne vekk stemma og tankane sine til ei radioandakt i seg sjølv er å vere personleg, og at alle andaktshaldarar dermed automatisk blir personlege. Slik eg har valt å definere personleg i denne samanheng handlar det likevel om kor mykje andaktshaldaren delar av eige liv, erfaringar og kjensler, konkretisert ved at eg har sett etter bruken av eigeomspronomenet "eg/jeg" i andaktene. Sjølv om alle andaktshaldarane er innom det personlege, vil eg likevel seie at grada av personlegdom og deling frå eige liv varierer, og at dette nok handlar, som med bibel- og musikkvariabelen, om eigne preferansar.

Ordskeya under viser alle dei fem åra i utvalet slått saman, og viser tydeleg at *Gud* er det mest hyppig brukte ordet, og at *Jesus, livet, andre, liv, dag, mennesker, ser, sammen* og *Herren* også kjem høgt opp.

8 Drøfting

8.1 Oppbygging

I dette kapitelet går eg tilbake til forskingsspørsmåla, som eg introduserte i innleiinga av oppgåva, og koplar desse til analysematerialet mitt. Ut ifrå problemstillinga ”*Korleis har morgonandakta i NRK P1 utvikla seg i perioden 2007-2011, sett i lys av Noreg som eit religiøs mangfaldig samfunn?*” utvikla eg tre spørsmål for å nærme meg eit svar. Desse var:

- Korleis kjem pluralisme forstått som mangfald til syne i morgonandakta?
- Korleis kjem pluralisme forstått som aksept til syne i morgonandakta?
- Korleis kjem pluralisme forstått som verdi til syne i morgonandakta?

I dei vidare avsnitta vil eg drøfte desse spørsmåla opp mot analysen, først og fremst analysen av informantintervju og dokument. Eg vil knyte variablane som blei brukt i desse analysane opp mot forskingsspørsmåla. Andaktsanalysen i kapittel 7 vil bli brukt som eit utfyllande tillegg der det høver.

Det første forskingsspørsmålet, korleis pluralisme forstått som mangfald kjem til syne i morgonandakta, vil eg spesielt sjå i samheng med variablane *utvikling i form* og *autoritet*. I drøftinga av det andre forskingsspørsmålet, korleis pluralisme forstått som aksept kjem til syne i morgonandakta, trekkjer eg inn variablane *religiøst mangfald* og *vedtektstolking*. Til det siste forskingsspørsmålet, korleis pluralisme forstått som verdi kjem til syne i morgonandakta, vil eg sjå nærare på variablane *kvifor sender NRK morgonandakt* og *publikumsreaksjonar*. Ein kan spørje seg om dette er ein rimeleg måte å gjere det på, om det å gruppere variablar med forskingsspørsmåla eigentleg vil kunne gi brukande svar på problemstillinga. Eg meiner at kombisjonen av å sjå variablane i samheng med forskingsspørsmåla er føremålstenleg, og at grupperinga av desse ikkje er tilfeldig. I byrjinga av drøftinga av kvart forskingsspørsmål vil eg argumentere kvifor.

Grupperinga av variablar og pluralismedimensjonar, er gjort for å vise det eg meiner er ein samheng mellom teori og materiale. Ei viktig påpeiking er at analysen som drøftinga er basert på, er gjort med utgangspunkt i at eg har James Beckford si tredeling av omgrepet pluralisme i bakhovudet. Å ha eit bestemt teoretisk grunnlag som utgangspunkt for eit tema,

kan vere med å påverke analysen av materialet.¹⁹⁷ Drøftinga ville kanskje fått fram andre sider ved temaet dersom eg hadde valt å leggje opp analysen etter ein annan teoretisk kontekst.

8.2 Korleis kjem pluralisme forstått som mangfald til syne i morgonandakta?

8.2.1 Mangfald

James Beckford meiner at den første dimensjonen av pluralisme går på det heilt konkrete, på religiøs diversitet, altså *mangfald*. Det vil til dømes seie talet på ulike religiøse organisasjonar i eit land, talet på kor mange som er tilknytt desse, talet på religionar og religiøse tradisjonar. Det kan også gå på korleis ein kombinerer ulike element frå forskjellige livssyn og religiøse tradisjonar til si eiga orientering, og i kor stor grad der er retningsvariasjonar innanfor ein religiøs tradisjon.¹⁹⁸ Eg har valt å sjå analysevariablane *utvikling i form* og *autoritet* i lys av eit slikt mangfald.

Men korleis kan variablane *utvikling i form* og *autoritet* seie noko om korleis pluralisme forstått som mangfald kjem til syne i morgonandakta? Gjennom å sjå på korleis andakta har utvikla seg formmessig i undersøkingsperioden, vil eg kunne sjå om det er noko i desse eventuelle utviklingstrekk som vitnar om at Noreg er eit religiøst mangfaldig samfunn. Dermed vil eg altså gjennom funna i variabelen *utvikling i form* kunne seie noko om korleis pluralisme forstått som mangfald kjem til syne i morgonandakta. Det same er tilfelle i variabelen *autoritet*, der analysefunna vil kunne seie noko om kva verdiar, budskap eller type religion som blir tillagt autoritet i morgonandakta. Med utgangspunkt i dette vil eg deretter kunne sjå om mangfald kjem til syne som ein faktor eller ei.

8.2.2 Medmenneskeleg formidling til folket

Etter å ha sett på intervju, dokumenta, og dei utvalde andaktene i perioden 2007 til 2011 meiner eg å kunne slå fast at det har skjedd ei utvikling i morgonandakta i NRK P1 desse fem

¹⁹⁷ (Kvale 1996:206)

¹⁹⁸ (Schmidt 2010:25)

åra. Som produsenten påpeikar i intervjuet, er den største formmessige endringa at ein i 2010 gjekk over frå fire til fem andakter, og erstatta fredagsandakta med Mot helg. Når det gjeld endringar i sjølve andakta, så legg alle dei fire informantane stor vekt på at andakta må vere tilpassa radiomediet, ho må henge med i den generelle radioutviklinga. Informantane var svært tydelege på at andakta skulle vere god radio og inngå i ein naturleg flyt med dei andre P1-programma. Tanken om å lage god radio virka til å vere det høgste idealet for informantane, kanskje naturleg nok når ein jobbar i radio. Likevel synest eg det er interessant korleis dette idealet også går igjen i andre utviklingstrekk. Det meiner eg mellom anna kjem til syne gjennom at det i dei siste åra ifølgje produsenten har blitt jobba ekstra mykje med å integrere musikken i andakta, i tillegg til at produsenten frå og med 2010 sette av meir tid til evaluering og prosess-skriving av manus saman med andaktshaldarane. Kanalsjefen påpeikar at i samband med omlegginga i 2010 støtta han livssynsredaksjonen i tanken om å hente inn gode formidlarar som ikkje nødvendigvis var teologar. Ei slik prioritering der formidlinga kjem i høgsetet, viser også tilbake til idealet om å lage god radio. Dette kjem også fram i livssynsstrategien, der det står at andakta skal følgje kravet til fokus, musikkvalitet, og innhald som ein kjenner seg igjen i, slik krava også er til andre program i NRK P1.

Kanskje vil enkelte spørje seg om dette betyr at god forkynning blir nedprioritert til fordel for god formidling i morgonandakta. Til det tolkar eg svara frå informantane som at dersom forkynninga ikkje blir tilpassa det mediet ho blir formidla gjennom, så vil det uansett ikkje bli god forkynning. Bodskapen vil ikkje nå fram gjennom radioapparatet. *”Dei endringane vi har gjort dei siste åra handlar mykje om å få andaktshaldarar som tek det kristne innhaldet litt meir ned på bakken og ut til folket, og ikkje svingar seg til dei teologiske høgder”*, sa kanalsjefen i intervjuet. Eg oppfattar både han og dei andre informantane slik at dei er opptekne av at andakta skal nå fram til folk, men at ingen av dei ser på det som si oppgåve å leggje klare føringar for den teologien eller bodskapen som blir formidla. Til det viser dei først og fremst til vedtektsformuleringa om at NRK skal spegle Noregs religiøse arv. Eller som produsenten seier: *”NRK har ingen teologi i botnen for verksemda si”*. Akkurat kva type religion, religionsforståing, eller kristendom som blir formidla, ser ikkje informantane på som sitt mandat å leggje seg bort i. Det er det vedtektene som styrer, og informantane er opptekne av at bodskapen må halde seg nettopp innanfor vedtektene og spegle den kristne religiøse

arven i Noreg.¹⁹⁹ Kritikarar vil kanskje hevde at det er å fråskrive seg ansvar for kva bodskap og forkynning andakta spreier ut til lyttarane, medan informantane sjølve forsvarer dette med at deira jobb er å følge opp NRK-vedtektene, ikkje å forme ut ein eigen NRK-teologi.

Variabelen *utvikling i form* seier altså ikkje noko direkte om korleis pluralisme forstått som mangfald kjem til syne i andakta, men avslører derimot at god formidling har høgste prioritet for dei som jobbar med andakta.

Når det kjem til analysevariabelen autoritet, fortel produsenten at han meiner det har vore ei dreining i andaktene dei siste åra, eller som han seier det sjølv: ”*ei demokratisering der vi ønskjer medmennesket til stades*”.²⁰⁰ Han viser til at dei på ingen måte vil kvitte seg med profesjonelle forkynnarar, men vil at den som held andakta skal formidle meir av seg sjølv som medmenneske enn av kyrkjelege dogme, for det er då det blir god radio.

Eg vil vidare i drøftinga nytte meg av omgrepet demokratisering, fordi både informantane og livssynsstrategien tek dette i bruk. Slik eg forstår både informantane og livssynsstrategien sin bruk av omgrepet, så viser demokratisering i denne samanheng til at folk ønskjer å gjere seg opp si eiga meining om kva dei ønskjer å tru på, ikkje at autoriterar skal fortelje dei det. I materialet kan det sjå ut til at det autoritære og det demokratiske blir sett på som motsett av kvarandre, men dette er omgrep som ikkje nødvendigvis treng å bli forstått på den måten i andre kontekstar. Det er likevel denne tydinga eg kjem til å legge i omgrepet vidare, då det er denne forståinga som ser ut til å vere rådande blant informantar og dokument i materialet mitt.

At ein i 2010 gjekk frå fire til fem andakter og innførte Mot helg, var eit ledd i denne dreininga frå autoritetar til demokratisering. Også ”vanlege” folk skulle få taletid om trua si. Denne tanken er også ifølgje produsenten med når han leitar etter nye andaktshaldarar, han ser gjerne etter andaktshaldarar som ikkje er profesjonelle forkynnarar. Understrekinga av å vere eit medmenneske, og ikkje ein som underviser, kjem også fram i rettleiinga som produsenten gir til andaktshaldarane. Her blir det påpeika at å tore å vere seg sjølv er det viktigaste.

I livssynsstrategien blir det sagt at det i samfunnet generelt skjer ei demokratisering av religion, og at det er viktig for NRK å formidle denne. Det kan sjå ut til at dette blir gjort ved nettopp å dempe ned det autoritære og i staden framheve det medmenneskelege. I

¹⁹⁹ At informantane tolkar vedtektsformuleringa ”Norges religiøse arv” som den kristne tradisjonen vil eg greie meir ut om under punktet om vedtektstolking.

²⁰⁰ Produsenten seier dette i intervju gjort 12.12.11.

livssynsstrategien blir det trekt ei linje frå denne tankegangen til NRK sitt allmennkringkastingsoppdrag, der nettopp demokratisering blir sett på som ein berebjelke. Måten både informantar og dokument grunnir dreinga frå det autoritære til demokratisering, ser dermed ut til å vere sterkt forankra i sjølve grunnprinsippet i NRK, å vere ein allmennkringkastar. Variabelen *autoritet* viser altså at kyrkjelege dogme og autoritære framstillingar blir nedprioritert til fordel for ei medmenneskeleg og demokratisk formidling. Mangfald er ikkje oppgitt som ein konkret grunn til dette, men i følgjande oppsummering vil eg argumentere kvifor eg likevel meiner at denne prioriteringa står i samheng med Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn.

8.2.3 Oppsummering

Idealet om å lage god radio blir som sagt høgt verdsett i NRK P1, også når det gjeld andakta. Ho skal følgje retningslinjene som gjeld for P1 generelt, ikkje vere ei annleis øy med egne reglar. Intervjua mine viser at formidlingsevne ser ut til å vere det viktigaste kriteriet når andaktshaldarar blir valde ut. Som nemnt ser ikkje ut til at NRK legg seg så mykje bort i innhaldet, eller har ei eiga teologisk linje som andaktshaldarane må leggje seg på. NRK opnar altså opp for eit visst mangfald, men innanfor kristne rammer. At andakta skal vere eit møte med trua til eit medmenneske, ikkje ein rettleiande bibeltime, er også viktig. I botnen for dette valet ligg tanken om at NRK vil vekk frå ei autoritær religionsformidling og ut til folket, ei demokratisering av religion som dei meiner er ei viktig allmennkringkastaroppgåve. Likevel viser denne demokratiseringa først og fremst til stemmer i ein kristen samheng, slik morgonandakta er i dag. Representantar for andre religionar slepp ikkje til i morgonandakta, og ein må dermed snakke om ei demokratisering som gjeld berre innanfor kristendommen. Kanskje er det då å ta for hardt i å kalle det ei demokratisering av religion, når religiøse stemmer utanfor den kristne sfæra sleppe til? Som redaksjonssjefen har påpeika i intervju må ein likevel ha i minne at dette gjeld spesifikt for andakta som programpost, ikkje generelt i NRK. NRK oppfyller siste del av vedtektsformuleringa om å vise mangfaldet av livssyn i Noreg i dag gjennom andre program.

Ut ifrå dette er det freistande å tenkje at pluralisme forstått som den første dimensjonen mangfald, at Noreg i dag er eit samfunn med mange religionar, ikkje har påverka morgonandakta i så veldig stor grad. Andakta er framleis tufta på ein religion: kristendom. At ingen av dei endringane som er gjort dei siste fem åra direkte har handla om å innlemme

andre religionar eller tilpasse seg eit nytt Noreg der det å vere kristen ikkje er ei sjølvfølge, er også med på å underbygge dette. Eg vil likevel argumentere for at dei to variablane som eg har her sett etter, *utvikling i form* og *autoritet*, er påverka av pluralisme, forstått som den første pluralismedimensjonen mangfald. At informantar og dokument legg så stor vekt på medmenneskeleg formidling og at morgonandakta skal ”*ned frå autoritetane og ut til folket*”, meiner eg kan knytast til det at Noreg no er eit religiøst mangfaldig samfunn. Det same trur eg gjeld for framhevinga av at det skjer ei demokratisering av religion i samfunnet i livssynsstrategien. Eg trur det er nettopp denne situasjonen med fleire stemmer på den religiøse marknaden som er med på å drive fram ein tanke om at religion må demokratiserast. Det at kristendommen i Noreg i dag ikkje lenger er einerådande på det religiøse feltet, gjer det meir unaturleg å presentere kristendommen autoritært, som den einaste religiøse sanninga. Kanskje kan ein seie at utviklinga til morgonandakta prøver å balansere denne demokratiseringa av religion med å framleis formidle ein kristen arv. Det kristne ligg i botnen og har framleis forkøyringsrett i morgonandakta, men skal ikkje skal køyre over folk. Ei medmenneskeleg framstilling av den kristne bodskapen, slik andaktshaldarane har blitt oppmoda til siste åra, er lettare å akseptere i eit samfunn der demokratisk tankegods står sterkt, også når det gjeld religion, enn kva ei autoritær framstilling kan vere. Slik sett meiner eg at ein kan seie at det religiøse mangfaldet i Noreg i dag kjem til syne i utviklinga til morgonandakta dei siste fem åra. Dette meiner eg skjer på ein indirekte måte, ved at demokratisering og medmenneskeleg formidling blir vektlagt som ein konsekvens av mangfaldet i samfunnet.

8.3 Korleis kjem pluralisme forstått som aksept til syne i morgonandakta?

8.3.1 Aksept

Eg vil no sjå på dei funna eg gjorde i analysen opp i mot den andre dimensjonen til Beckford, religiøs pluralisme forstått som *aksept*. Beckford meiner at aksept er den dimensjonen av religiøs pluralisme som seier noko om i kor stor grad ulike religiøse grupper er aksepterte som

aktørar i offentlegheit og samfunn.²⁰¹ Dette kan vise seg gjennom formelle avtalar som religiøse grupper har med staten om rettar og plikter til å til dømes døype, vie og gravleggje, eller på meir uformelt vis, til dømes gjennom kva trussamfunn og religionar som er representerte under offentlege seremoniar.²⁰² I dette tilfellet blir morgonandakta ein arena der religion kjem til uttrykk i regi av ein statleg eigd institusjon, men som tidlegare analyse har vist, det er berre ei viss form for religion som er akseptert. Vidare vil eg ta føre meg kva som kom fram i materialet mitt om variablane *religiøst mangfald* og *vedtektstolking*, og korleis dette kan seie noko om korleis pluralisme forstått som aksept kjem til syne i morgonandakta.

At eg har kobla saman variablane *religiøst mangfald* og *vedtektstolking* med korleis pluralisme forstått som aksept, treng ei nærmare grunngjeving. Dimensjonen aksept seier som sagt noko om i kor stor grad religiøse grupper er aksepterte som aktørar i det offentlege. Eg meiner at ein slik aksept, eller mangel på aksept, kan kome til syne gjennom å sjå etter spor av andre religionar i morgonandakta. Det er nettopp dette eg gjer under variabelen *religiøst mangfald* i analysen. I tillegg meiner eg at tolkinga av §14 i) i vedtektene til NRK, ”*NRK skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfoldet av livssyn og religioner i det norske samfunnet*”, vitnar om kva slags religion som blir akseptert eller ikkje i morgonandakta. Det er dette eg har sett etter under variabelen *vedtektstolking* i analysen.

8.3.2 Kristen arv med endringspotensiale

Då eg spurde produsenten om korleis det religiøse mangfaldet, som NRK ifølgje vedtektene er plikta til å spegle, kjem til syne i andaktene, sa han at mangfaldet i morgonandakta går på mangfald innanfor ein kyrkjeleg sfære. Andre religionar er det andre program i NRK som tek seg av. Det same understreka redaksjonssjefen, som minnte at det var viktig å hugse på at morgonandakta er berre ein liten del av religionsformidlinga i NRK, og dermed ikkje representativ for NRK si generelle religionsformidling. Også han meinte at mangfald når det kjem til morgonandakta handlar om mangfald innanfor kristendommen. For som han sa i intervjuet, ein premiss i morgonandakta ligg førebels urørt og det er at ho skal bli heldt innanfor ein kristen kontekst. Redaksjonssjefen sa også at NRK førebels ikkje har planar om å erstatte andakta med ei fleirreligiøs andakt, og det same svarde kanalsjefen.

²⁰¹ (Beckford 2008:76)

²⁰² (Beckford 2008:76)

Programdirektøren sa også at det er eit medvite val at morgonandakta er tufta på det kristne. Ho viste til at dette er på grunn av vedtektsformuleringa om Noregs religiøse arv. Likevel opna ho opp for at dette ikkje er ein statisk storleik ved å seie at slik den religiøse arven no er tufta på kristen tru, men at denne arven godt kan sjå annleis ut om nokre år.

Det er interessant å leggje merke til at korkje i vedtektene eller livssynsstrategien til NRK står det særskilt framheva at vedtektsformuleringa "Norges religiøse arv" blir tolka som den kristne arven. Informantane er altså merkbart meir tydelege på denne tolkinga enn det dokumenta sjølv gjer greie for, der det ikkje blir gitt nokon klar definisjon av kva meiningsinnhald ein legg i "Noregs religiøse arv". Elles er det forholdsvis lite å finne om vedtektstolking både i dokumentmaterialet og informantintervjua. Det kan vere fordi det er vanskeleg å trekkje ut og konkret setje ord på korleis ein tolkar vedtektene. Då er det kanskje eit betre alternativ å sjå på det ferdige produktet, andakta i seg sjølv, for så å trekkje slutningar om korleis ho er påverka av ei bestemt tolking og oppfatning av vedtektene. Uansett kan ein trygt seie at vedtektene, og spesielt §14 i), er ein viktig berebjelke i den noverande andaktsutforminga og dei vala som blir teke om vidare utvikling av andakta. Som nemnt er alle informantane tydelege på at dei tolkar "den religiøse arven", som det blir vist til i vedtektsformuleringa, som den kristne religiøse arven i Noreg. Kanalsjefen seier direkte at han meiner at andaktene er eit veldig tydeleg svar på den delen av vedtektene til NRK. Programdirektøren peikar på eit viktig poeng, at det er eigaren til NRK, Stortinget, som er ansvarlege for utforminga av vedtektene. Med det minner ho om at kva som blir sendt på NRK er eit resultat av ein bestemt politikk. Blir politikken rundt NRK merkbart endra, er det stort sannsyn for at innhaldet også kan bli merkbart endra.

8.3.3 Oppsummering

Som nemnt også under førre forskingsspørsmål, er det religiøse mangfaldet i morgonandakta avgrensa til ei kristen sfære. Forkynning av andre religionar er dermed ikkje akseptert i morgonandakta i NRK P1. Men sjølv om rein forkynning ikkje er akseptert, kan ein kanskje likevel snakke om ei viss grad av aksept eller anerkjenning av andre religionar. Der eg i andaktsanalysen har fått utslag i mangfaldskategorien, blir andre religionar omtala med respekt, og det blir også oppmoda til religionsdialog. Slik eg ser det, er det heller ingen spor av haldningar som "min Gud er betre enn din". Sjølv om andre religionar ikkje er aksepterte som forkynnande bidragsytarar i morgonandakta, så er tilstadeveringa deira i det norske

samfunnet akseptert. Det meiner eg å kunne tolke ut av det som kjem fram i informantintervju, dokument og andaktsutval. Materialet viser ved fleire høve at ”Noregs religiøse arv” framleis blir sett på som den kristne arven, og informantane ser på andakta som eit tydeleg svar på denne vedtektsformuleringa. Eit viktig poeng er at dersom det skjer store politiske omveltingar i Noreg, kan dette også få konsekvensar for andakta. Morgonandakta er ein programpost som blir grunngeven gjennom vedtektene og desse er det politikarane som sit på makt til å endre.

Av det som har kome fram gjennom å sjå korleis variablane religiøst mangfald og vedtektstolking gir utslag i materialet mitt, meiner eg å kunne konkludere med at det religiøst mangfaldige Noreg er akseptert i morgonandakta. Både dokument og informantar er tydelege på at det er viktig å hugse på kor mangfaldig Noreg er på religionsfronten i dag, og at NRK også må ta høgde for dette i programproduksjonen. Like fullt står dei støtt i morgonandakta framleis skal vere bygd på den kristne arven. Aksept av eit religiøst mangfaldig samfunn og ei kristen morgonandakt står altså etter det som kjem fram i materialet mitt dermed ikkje i noko motsetningsforhold til kvarandre, men lever side om side. Akkurat slik som i vedtektsformuleringa, der NRK er pålagde å *både* spegle den religiøse arven i Noreg og mangfaldet av livssyn og religionar.

8.4 Korleis kjem pluralisme forstått som verdi til syne i morgonandakta?

8.4.1 Verdi

Den siste dimensjonen av pluralisme går meir mot det normative enn dei to føregåande, og viser til religiøst mangfald som ein verdi. Beckford argumenterer for at pluralisme bør bli sett på som ein positiv verdi, og tek med det eit normativt standpunkt til omgrepet. I alle fall til den tydinga han legg i den tredje dimensjonen av omgrepet. Eg vil her trekkje inn variablane *kvifor sender NRK morgonandakta og publikumsreaksjonar* for å diskutere om kor vidt pluralisme forstått som verdi kjem til syne i morgonandakta.

Først vil eg kort gjere greie for kvifor variablane *kvifor sender NRK morgonandakta* og *publikumsreaksjonar* kan knytast til pluralisme forstått som verdi. Gjennom å leite etter grunngevinga for kvifor NRK sender morgonandakt i materialet mitt, fann eg ulike argument for kvifor andakta blir sendt. Desse argumenta eller grunngevingane kunne seie noko om kva det er som blir sett på som viktig med andakta, eller med andre ord verdsett. Dermed vil eg i variabelen *kvifor sender NRK morgonandakta* kunne oppdage om pluralisme er ein av grunnane som blir verdsett. Også i variabelen *publikumsreaksjonar* vil eg finne ei rekkje argument, som eg på same måte som med førre variabel kan gå gjennom og spore opp eventuelle funn av at pluralisme blir sett på som ein verdi i samband med morgonandakta.

8.4.2 Religion i praksis og polarisert publikum

I informantintervjua er det tre hovudpunkt som skin tydeleg gjennom når dei NRK-tilsette blir spurt om kvifor NRK sender morgonandakt. Det mest tydelege svaret dei alle kjem med, er at NRK sender andakt på grunn av vedtektene. Kanalsjefen meiner at det også kjem av tradisjon, og som redaksjonssjefen trekkjer han linjer til allmennkringkastingsoppdraget.

Redaksjonssjefen er veldig tydeleg på at denne samanhengen er viktig, og seier at han meiner produksjon av livssynsprogram går rett til kjernen av allmennkringkastingsoppdraget. Det grunngir han med at livssynsprogram er ein type program kommersielle aktørar neppe ville ha satsa på om dei ikkje måtte. Som det kom fram av både intervjua og dokumentmaterialet, er det §14 i) som det stadig blir vist for å grunngi eksistensen til andakta. I livssynsstrategien blir NRK si plikt til å tilby tenester som kan vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, opplevingar og kunnskap også framheva. Der står det også at NRK skal tore å by på den opplevinga forkynning kan vere, noko som også redaksjonssjefen særskilt framheva i intervjuet: å sende andakt er å vise religion i praksis.

Det er tydeleg at religion i praksis engasjerer. Publikumsreaksjonane spenner frå takksemd, til fortvilning over lite forkynning, til åtak på at andakta i det heile eksisterer. Det kan av intervjumaterialet mitt virke som om det er flest reaksjonar av dei to sistnemnde variantane, dei som synest andakta er for lite forkynnande og dei som synest andakta burde vore fjerna. Den største reaksjonsstormen mot andakta til no, kom i samband med endringane i 2010, ifølgje produsenten. Då blei morgonandakta på fredagar erstatta med Mot helg, og velsigninga og Fader Vår fall dermed ut den siste vekedagen. I intervjuet påpeikar produsenten likevel at stormen stilna etter kvart, og i dag får han ikkje lenger reaksjonar på dette.

I publikumsreaksjonane som blir gitt gjennom lesarinnlegg, er det to tydelege motpoler som kjem til orde. På dei eine sida har du dei som meiner andakta er for lite forkynnande, er for generell, og er kritiske til at det blir brukt bråkete og engelskspråkleg musikk. På den andre sida er det dei som vil ha andakta heilt fjerna, fordi dei meiner at religion og kristen forkynning ikkje høyrer heime i NRK. Dei to partane har altså fundamentalt ulike ståstader, men finurleg nok einast dei i det å vere dei krassaste kritikarane av morgonandakta, om enn av diametralt motsett grunn.

8.4.3 Oppsummering

Før eg går inn på om pluralisme blir sett på som ein verdi i samband med morgonandakta, vil eg først seie litt om korleis andakta kan bli sett på som ein verdi i seg sjølv. Dette fordi dei to variablane eg no har gått gjennom, *kvifor NRK sender morgonandakta* og *publikumsreaksjonar*, seier noko om korleis og kva som blir vurdert som verdifullt i samband med morgonandakta. Eg ser på det som viktig å skissere dette ”verdilandskapet” rundt morgonandakta, fordi eg då etterpå vil vere betre utrusta til å drøfte korleis religiøst mangfald blir sett på som ein verdi eller ei i denne konteksten.

I spørsmålet om kvifor NRK sender andakter er det tre faktorar som utpeikar seg i intervju- og dokumentmaterialet mitt. Det er vedtektene, tradisjon og allmennkringkastingsoppdraget. Det er heilt tydeleg at andakta blir i seg sjølv sett på som ein verdi, legitimert gjennom desse tre faktorane. Slik eg tolkar både informantar og dokument, ligg ikkje verdien først og fremst nødvendigvis i den forkynnande budskapen i andaktene, men i det at morgonandakta er eit stykke religion i praksis, ei formidling av kristendommen i kraft av at det er den religiøse arven i Noreg. Publikumsreaksjonane er engasjerte, men spenner som sagt frå å meine at andaktene representerer ein livsviktig verdi til at dei har ingen verdi. Eller kanskje må ein vere meir spesifikk og seie at det publikumsreaksjonane først og fremst vender seg til er verdien av *budskapen* i andaktene, ikkje verdien av andaktene i seg sjølv. Spesielt gjeld dette den delen av publikum som meiner det er for lite forkynning. Dersom ein ser det på denne måten kan det sjå ut til at informantane i NRK og publikum har to ulike syn på kvar verdien ligg i morgonandakta. NRK verdset programposten i seg sjølv, medan publikumsreaksjonane viser først og fremst til ei verdsetjing – eller til manglande verdsetjing – av sjølv budskapen. Dei to motpolane av publikumsreaksjonar kan også sjå ut til å ha eit ganske ulikt syn på det religiøse mangfaldet i Noreg. Den eine fronten vil gjerne fremje det kristne som einerådande,

medan den andre fronten kritiserer det at kristendommen gjennom andakta får ei særstilling som dei meiner ikkje høyrer heime i eit religiøst mangfaldig samfunn. Det kan slik sett vere freistande å konkludere med at den eine leiren, dei som saknar ei tydelegare kristen andakt, ikkje ser på religiøst mangfald som ein verdi. Samtidig vil det då vere nærliggjande å seie at dei som vil fjerne den kristne andakta i større grad anerkjenner religiøst mangfald som ein verdi, der dei vil gje like rettar til alle religiøse grupper – eller kanskje like få rettar. Eg trur likevel at å tileigne dei to leirane slike synspunkt om kva dei ser på som ein verdi eller ikkje, blir å forenkle i altfor stor grad. Truleg vil det vere mange ulike meiningar om dette innanfor same leir.

Sjølv om det er interessant å drøfte korleis dei ulike publikumsgruppene ser på religiøst mangfald som ein verdi eller ei, er det ikkje det eg først og fremst skulle undersøkje. Korleis dokumenta og informantane knytt til morgonandakta held seg til dette, er meir interessant i denne samanheng. Som eg konkluderte med i kapittel 6.7, der eg ser på kva dokumenta seier om mangfald, så er det tydeleg at både vedtektene, livssynsstrategien og årsrapportane til NRK tek høgde for eit religiøst mangfaldig Noreg. I heilskap er NRK tilsynelatande svært medvitne på at det Noreg i dag ikkje er hundre prosent kvitt og kristent, og dei ser ut til å legge vekt på spegla dette spekteret. Spesielt i livssynskapittelet i årsrapportane er mangfald nærmast eit mantra. Men når det kjem til morgonandakta, er dette mangfaldet likevel noko nedtona. Ifølgje informantane er dette naturleg, då morgonandakta er, som redaksjonssjefen formulerer det, på mange måtar eit direkte svar på den delen av vedtektene som seier at NRK skal spegla den religiøse arven i Noreg, ein arv dei tolkar som kristen. Religiøst mangfald blir spegla i andre program, og er ikkje noko ein nødvendigvis skal tvinge inn i andaktsprogramposten. Med bakgrunn i dette kan det vere freistande å seie at religiøst mangfald ikkje blir sett på som ein verdi gjennom det som kjem fram i morgonandakta. Det har eg likevel vanskeleg for å konkludere med. Andaktsanalysen viste rett nok ikkje eit overveldande utfall i pluralismekategorien, men av det som kom til syne bar referansane til andre religionar preg av respekt, dialog og anerkjenning. Kanskje kan ein ikkje setje likskapstrekk mellom dette og det å sjå på pluralisme som ein verdi, men eg trur at eg ganske sikkert kan seie at verken andaktsanalysen, dokumenta eller informantintervjua vitna om ein negativitet til religiøst mangfald.

Som eg nemnde i 8.3.3, så treng ikkje aksept av eit religiøst mangfaldig samfunn og aksept av ei kristen morgonandakt stå i noko motsetningsforhold til kvarandre. På same måte trur eg at

ein kan verdsetje både morgonandakta og eit religiøst mangfaldig samfunn, og det er det eg tolkar ut ifrå analysen min at NRK prøvar å gjere. Sjølv om NRK i sin heilskap seier ja takk begge delar, endrar det likevel ikkje på at morgonandakta er forankra i det kristne. Kanskje kan ein seie at sjølv konseptet andakt er avhengig av ei forankring i det kristne, og at morgonandakta som programpost i seg sjølv dermed ikkje kan vere eit uttrykk for verdsetjing av religiøst mangfald. Ein andaktshaldar i morgonandakta står likevel fritt til å til dømes gi uttrykk for positive ringverknader av religionsdialog, og slik sett vil budskapen i morgonandakta kunne verdsetje religiøst mangfald som noko positivt. Svaret på spørsmålet om religiøst mangfald blir sett på som ein verdi i samband med morgonandakta, kan dermed vere både nei og ja.

8.5 Konklusjon: Einstemt andakt – fleirstemt Noreg?

Ved å gå gjennom analysefunna i lys av dei tre pluralismedimensjonane mangfald, aksept og verdi, har eg steg for steg nærma meg eit svar på problemstillinga mi. Spørsmålet var korleis morgonandakta i NRK P1 har utvikla seg i perioden 2007-2011, sett i lys av Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn. Informantintervju, dokument og eit utval andakter har bidrege til å seie noko om utviklinga i morgonandakta i den aktuelle undersøkingsperioden. Ved å konkret spørje om korleis pluralisme forstått som mangfald, aksept og verdi kjem til syne i morgonandakta, har eg knytt saman materialet mitt med pluralismeteorien til James Beckford. Eg meiner at det religiøst mangfaldige Noreg kan vere med å kaste lys over utviklinga i morgonandakta, og vil vidare forklare kvifor.

Eg meiner undersøkinga mi viser at det er grunn til å seie at det religiøse mangfaldet i Noreg i dag har påverka utviklinga til morgonandakta dei siste fem åra. Denne påverkinga har ikkje vore så eksplisitt at ein kan peike på konkrete utslag. Påverkinga har derimot skjedd på ein meir indirekte måte, mellom anna ved at demokratisering og ei medmenneskeleg formidling blir lagt stor vekt på i morgonandakta. Grunngevinga for desse prioriteringane er at vi lever i eit mangfaldig samfunn der religion blir demokratisert, viser analysane av informantintervju og dokument. Derfor meiner eg at ein kan seie at pluralisme forstått som mangfald har vore med å prege andakta i undersøkingsperioden.

Undersøkinga har vist at andre religionar ikkje er aksepterte som forkynnande bidragsytarar i morgonandakta. Både informantintervju, dokument og andaktsutval vitna om at andakta skal vere kristent forankra. Likevel meiner eg at aksept av religiøst mangfald i det norske samfunnet til ei viss grad kjem til syne i morgonandakta. Dette syner seg gjennom at enkelte andaktshaldarar referere til andre religionar og oppmodar til respekt for desse. Svaret på om pluralisme forstått som aksept kjem til syne i morgonandakta, vil derfor vere nei, ikkje i konseptet morgonandakta, men ja, det kan vere tilfelle gjennom budskapet andaktshaldarane formidlar.

Ut ifrå analysen min tolkar eg det slik at NRK prøvar å verdsetje *både* morgonandakta og eit religiøst mangfaldig samfunn. Dette kjem kanskje aller mest tydeleg fram i vedtektene, der det står i klartekst at NRK skal spegle både den religiøse arven i Noreg og mangfaldet. Sjølv om morgonandakta er eit talerør for den kristne tradisjonen, er det ikkje noko som tyder på at andre religionar ikkje blir verdsette. Med bakgrunn i oppsummeringa i kapittel 8.4.3, vil eg likevel svare at andakta i seg sjølv ikkje kan vere eit uttrykk for pluralisme forstått som verdi, då programposten er tufta på forkynning av éin bestemt tradisjon. Pluralisme blir likevel sett på som ein verdi i vedtektene, dei same vedtektene som andakta er grunngeven med. Sjølv om pluralisme forstått som verdi ikkje kjem til syne gjennom sjølve konseptet andakt, så kan likevel budskapet som blir forkynt formidle eit syn der pluralisme blir sett på som ein verdi. Til det siste forskingsspørsmålet, om pluralisme forstått som verdi kjem til syne i morgonandakta, må eg derfor svare som NRK sjølv gjer i punkt i i §14 i vedtektene sine: Både òg.

Så kan ein spørje seg kva svara på desse forskingsspørsmåla til saman seier om korleis morgonandakta i NRK P1 har utvikla seg i perioden 2007-2011, sett i lys av Noreg som eit religiøst mangfaldig samfunn. Er andakta ei einstemt forkynning i eit Noreg som blir stadig meir og meir fleirstemt? Til det vil eg konkludere med at, ja, morgonandakta i NRK P1 er framleis tufta på kristen tradisjon, og trass protestar frå enkelte leirar, ser det ut at det kjem ho til å vere dei neste åra også. Om dette skal forandre seg, må vedtektene til NRK bli endra frå øvste hald, i Stortinget. Men sjølv om morgonandakta er eit uttrykk for den kristne tradisjonen, så har svara på forskingsspørsmåla mine vist at andakta likevel blir påverka av det religiøse mangfaldet i Noreg, om enn indirekte.

Samtidig vil eg påpeike at sjølv om andakta er forankra i det kristne, er det ikkje berre éin type kristendom som blir formidla. Fleire av informantane mine var opptekne av at NRK skal spegle eit mangfald også innanfor kristendommen. Gjennom eitt år kan det vere mange ulike andaktshaldarar, som alle slepp til med si stemme og sitt uttrykk. Andaktsanalysen viste at dette uttrykket, og kanskje dermed også kristendomsoppfatninga, kan variere stort frå person til person. Det er verdt å nemne at innføringa av Mot helg i 2010 blei av informantane nemnt som nettopp eit forsøk på å sleppe til endå fleire stemmer, stemmer som ikkje nødvendigvis kjenner seg heime i ein andaktsbås. Slik sett kan ein kanskje seie at andakta er, i alle fall bokstaveleg talt, fleirstemt, men først og fremst innanfor ei kristen sfære. Set ein derimot andakta inn i samfunnskonteksten av stadig meir mangfaldig Noreg, blir den eit uttrykk for ein til no forholdsvis einstemt religiøs arv, men ein arv som med åra kan endre seg og kanskje opne opp for endå fleire ulike stemmer.

8.6 Vegene vidare

Sjølv om eg har konkludert og svart på både problemstilling og forskingsspørsmål, vil eg ikkje leggje frå meg tankane som har kome til gjennom arbeidet med morgonandakta heilt endå. Det er tydeleg at internt i dei vala som blir gjort rundt morgonandakta i NRK, ligg det også større samfunnspolitiske spørsmål. Som eg nemnde i innleiinga var eg interessert i korleis ein kan tolke morgonandakta si stilling og framtid i Noreg i dag. Situasjonen i dag har eg gjort greie for gjennom dei føregåande kapitla. Kva som kan og vil skje med morgonandakta i NRK P1 i framtida har eg enno ikkje kome inn på, og dei vidare avsnitta vil sirkle rundt dette spørsmålet.

8.6.1 I hendene til politikarane

I tillegg til andaktsdiskusjonen som går på form og innhald, kan diskusjonen kring morgonandakta også gå på eit høgare plan. Då er det særskilt eit spørsmål som melder seg: kva skal ein tillate av religionsformidling i regi av offentlege instansar? Dette kan vere eit samfunnspolitisk prinsipielt spørsmål, men også eit spørsmål om kva slags type religion som eventuelt blir akseptert og verdsett. Er det muleg i eit religiøst mangfaldig Noreg å finne ein balanse som dei fleste innbyggjarane kan leve med, uansett livssyn? Eller har vi kanskje

allereie funne ein slik balanse? Jan Olav Henriksen og Ulla Schmidt har konkludert med, som vist til i kapittel 2.2.2, at folk i det norske samfunnet stort sett ønskjer eit samfunn som er prega av det sekulære. Dei slår fast at utfordringane for framtidig religionspolitikk dermed blir å sikre toleranse og likeverd, og at religion får avgrensa påverknadskraft utan å forsvinne frå det offentlege rom.²⁰³

Eit anna underliggjande spørsmål som kan vere avgjerande for framtida til morgonandakta, er om konseptet statleg og lisensfinanisert allmennkringkasting alltid vil eksistere. Det er ikkje ukjent at politiske krefter i Noreg i dag, som til dømes Frp, har lyst til å stykke opp og selje NRK ut av statleg eige.²⁰⁴ Skulle det skje, er både framtida som allmennkringkastar og det økonomiske fundamentet til NRK på usikker grunn. Ein konsekvens av dette vil truleg bli nedskjeringar i programtilbodet, og då kan morgonandakta vere i ein utsett posisjon. I intervjuet kalla redaksjonssjefen livssynsformidling for sjølve kjernen i allmennkringkastingsoppdraget, og sa at dersom ikkje NRK hadde sendt livssynsprogram, hadde ingen andre sendt slike program. Materialet mitt har også vist at det svært ofte blir vist til vedtektene ved spørsmål om kvifor NRK sender morgonandakta. Utan, eller med endra vedtekter, kan det dermed bli vanskelegare å argumentere for at andakta skal få sine tilmålte radiominutt. Sett på spissen kan ein dermed seie at det er politikarane som styrer framtida til morgonandakta, gjennom dei føringane dei legg på NRK gjennom vedtektene.

8.6.2 Mål i konflikt?

Vedtektene til NRK er stort sett bygd opp rundt eit sett med mål, i alle fall del to av vedtektene, NRK-plakaten, som går på forventningane til NRK som allmennkringkastar. Det er ikkje mange åra sidan denne sist blei endra, og alt tilseier at det kan kome til å skje igjen. I eit stadig meir religiøst mangfaldig Noreg, kan det vere at det dukkar opp konfliktar mellom desse måla. Kanskje vil enkelte meine at målet om å spegle mangfald står i motsetnad til målet om å spegle norsk kultur og tradisjon?

I september 2011 lanserte kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas ein langtidsstrategi for dei fem neste åra, 2012 – 2017. Der var det formulert fem overordna mål som skal vere med på å

²⁰³ (Henriksen og Schmidt 2010:94)

²⁰⁴ Frp.no, "Vi mener", punkt om kulturpolitikk. URL: http://www.frp.no/no/Vi_mener/ (Lesedato 3.5.2012).

gjere NRK til ”Norges viktigste kilde til ny forståelse og felles opplevelser”.²⁰⁵ Dette var dei framtidige målsetjingane: NRK skal samle folket. NRK skal vere uavhengig. NRK skal styrke og bidra til å utvikle norsk og samisk språk og kultur. NRK skal tilby ei unik innhaldsbreidd og NRK skal fortelje, ta vare på og løfte fram den norske historia.²⁰⁶

Strategien nemner ikkje noko konkret om religion eller religionsformidling. Delmålet om at NRK skal tilby ei unik innhaldsbreidd er kanskje det målet som peikar mest mot innhald av den sorten som morgonandakta er. Under dette delmålet står det mellom anna at NRK skal gi ny forståing og felles opplevingar for alle målgrupper. Det er ikkje lett å gjere alle til lags, men med ei slik ambisiøs målsetjing kan det sjå ut til at det er nettopp det NRK siktar mot. Dei kjem likevel ikkje unna at i enkelte tilfelle vil det som er i interessa til ei bestemt målgruppe stride mot kva som er i interessa til andre, slik tilfellet til dømes kan vere med morgonandakta. Enkelte ville nok meine at det er dobbelmoral når NRK sender ei kristen morgonandakt som i dag, og dermed favoriserer ein religion framfor andre, samtidig som det til dømes i årsrapportane blir lagt stor vekt på korleis NRK verdset mangfald. Strategien, i alle fall den delen av strategien som er tilgjengeleg for publikum, seier ikkje noko om korleis slike potensielle problemstillingar skal bli handterte. Det er derfor vanskeleg å seie noko om korleis ein eventuell framtidig debatt om morgonandakta internt i NRK vil bli. Sjølv om strategien legg opp til at NRK skal levere noko til alle målgrupper, må det også bli teke omsyn til andre faktorar. Desse kan til dømes vere økonomi, lyttartal, publikumsprotestar, politiske føringar og eventuelle vedtektsendringar. Mot slike faktorar er det ikkje garantert at det alltid er målet om å nå alle målgrupper som vil sigre, trass i diplomatiske strategiformuleringar. Kanskje kan ein i framtida bli vitne til at ei formulering som ”alle målgrupper” også kan bli brukt som argument *imot* at morgonandakta skal vere kristen, og *for* ei fleirreligiøs andakt.

8.6.3 To alternativ

I nabolanda til Noreg har som nemnt morgonandakta gått to ganske så ulike vegar. I Danmark blei andakta i Danmarks Radio flytta til ein mindre kanal i samband med omlegginga til DAB-radio, og fekk dermed færre lyttarar. Andakta er, som i Noreg, framleis basert på kristen tradisjon. I Sverige skjedde det derimot ei ganske anna type omlegging i 2004, då Sveriges

²⁰⁵ NRK.no, ”Ny forståelse og felles opplevelser”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/1.7802563>, (Lesedato 9.04.12).

²⁰⁶ NRK.no, ”Ny forståelse og felles opplevelser”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/1.7802563>, (Lesedato 9.04.12).

Radio opna opp for fleirreligiøse andakter. Både muslimske, jødiske og kristne andaktshaldarar får sleppe til ved mikrofonen, men framleis er det andaktene som er forankra i kristendommen som får mest sendetid.²⁰⁷ Sjølv om andakta i Sverige blir kalla fleirreligiøs, så er det verdt å påpeike at det førebels likevel berre er dei tre abrahamittiske religionane som får taletid.

Det er vanskeleg å seie om morgonandakta i Noreg i framtida kjem til å gå i ei av desse retningane, eller om ho kjem til å bane ut ein heilt ny og annleis veg. Eit interessant poeng er at medan morgonandakta i Noreg har rundt 360 000 lyttarar, så hadde morgonandakta i Danmark 43 000 lyttarar før omlegginga, og dei siste målingane frå januar viste 22 000 lyttarar.²⁰⁸ Samanlikningsgrunnlaget er dermed kanskje ikkje heilt til stades, for som tala viser, den norske morgonandakta er enormt mykje meir populær i Noreg enn kva den danske morgonandakta er i Danmark. Slik sett kan ein seie at morgonandakta i NRK P1 står i ei særstilling, også samanlikna med nabolanda.²⁰⁹

8.6.4 Framtidig marknad?

Publikumsreaksjonane på andakta viser at det er to tydelege motpolar som kjem med dei sterkaste meiningane. Dei som kritiserer andakta for at forkynninga er for utvatna, og dei som kritiserer andakta for at ho i det heile teke eksisterer. Som kanalsjefen seier:

*”- Det blir enten veldig på den eine sida eller den andre. Du har nokon som ikkje trur det finst nokon Gud, og dei vil ikkje høyre dette. Så har du sjølv sagt veldig mange på motsett side som ikkje får nok”.*²¹⁰

Men sjølv om dette er dei stemmene som ropar høgast i debatten, kan ein ikkje nødvendigvis konkludere med at det er dei som er mest representative. Truleg er det nok svært mange i Noreg som ikkje meiner så veldig mykje om morgonandakta i det heile teke. Truleg er det

²⁰⁷ Sjø utgreiing i kapittel 3.2.3.

²⁰⁸ Kristeligt Dagblad, ”Lyttterne vender tilbage til DR’s Morgenandagten”, publisert 24.11.12, URL: http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/448594:Kirke---tro--Lyttterne-vender-tilbage-til-DR-s-Morgenandagten?article_page=2 (Lesedato: 29.4.2012).

²⁰⁹ Eg har fleire gonger prøvd å få tilsendt lyttartal frå Sveriges Radio, men utan hell. Derfor kan eg ikkje samanlikne lyttartala med den svenske morgonandakta.

²¹⁰ Sagt i intervju 12.12.11.

også ganske mange som ikkje veit at ho eksisterer, fordi dei ikkje har for vane å lytte på radio eller NRK P1 på dei aktuelle tidspunkta. Sjølv har eg møtt fleire som må få forklart kva morgonandakta i NRK P1 er for noko når eg fortel dei kva eg skriv masteroppgåve om. Dette er som regel unge folk, og det peikar vidare mot ei anna utfordring for morgonandakta: å klare og vere relevant for også dei komande generasjonane.

I religionsundersøkinga Religion 1991, viste det seg at dei som følgde med på forkynnande program i NRK i stor grad var folk som var aktive i kyrkje- og bedehussamanheng. Rundt 20 prosent av dei som følgde forkynnande program i NRK var sjeldan aktive i slike samanhengar.²¹¹ Om dette biletet står ved lag, kan ein forstå tala som at dess færre aktive kristne i kyrkje- og beehussamanheng det blir i Noreg, dess færre kjem til å lytte på morgonandakta. I eit stadig meir religiøst fleirstemt Noreg har altså morgonandakta ei stor utfordring i å klare å halde på lyttarane sine. Skil ho klare det, trur eg at andakta må ha ei form som når fram til lyttarane gjennom å gjere innhaldet aktuelt for dei. Laurdag 21. april, hadde avisa Vårt Land ein artikkel om andaktshaldarane i NRK P1 dei to første vekene av terrorrettssaka etter 22. juli. Per Arne Dahl og Silje Kivle Andreassen fortel om korleis dei prøvar å formidle trøst og håp gjennom andaktene desse tunge vekene. Andreassen fortel at tilbakemeldingane ho brukar å få på andaktene både er taknemlege og ærlege.

*”- Eg er glad for mulegheita til dialog med dei som høyrer på. Det å formidle livets ord i ei verd av død – og å forsøke å gjere Gud kjent i ein såra røyndom – er det ingen av oss som får til. Men vi prøvar, i ei trassig tru på at ”posten må fram””.*²¹²

Kanskje kan det at budskapet i andaktene blir tilpassa dagsaktuelle hendingar bli forstått som at det gjennom andaktene er muleg å tileigne ny aktualitet til gammal budskap. Klarer andaktshaldarane det, så vil morgonandakta kanskje også klare å halde på eksisterande lyttarar, i tillegg til å fengje nye. Men det kan bli vanskeleg. Tidlegare programleiar i NRK-programmet ”Her og nå”, Håkon Olaussen, er i intervjuet i Vårt Land 24. april 2012, i samband med at han er nytilsett rådgjevar for biskop Helga Haugland Byfuglien. Der fortel Olaussen at han tidlegare har jobba som andaktsprodusent. På spørsmål om kva han synest om andaktene som NRK sender, svarer han dette: ”- Skal eg vere ærleg? Dei er kjedelige. Eg er eigentleg overraska over at andaktshaldarane ikkje jobbar meir for å kommunisere betre. Budskapet har det same utgangspunktet, men det må vere muleg å finne nye innhaldsvinklar.

²¹¹ (Lundby 2010: 117)

²¹² Vårt Land. ”Kirken har ikke gitt billig trøst”, artikkel trykt i avisa 21.4.2012, s.12-13.

*For andaktshaldaren må det jo vere eit mål å nå fram til lyttarane. Eg er redd for at andaktsspråket slit med å treffe det moderne mennesket”.*²¹³

Kanskje har Olaussen eit poeng, at for det moderne mennesket kan det såkalla ”andaktsspråket” vere vanskeleg å låne øyre til. Likevel trur eg han generaliserer hakket for mykje. Både som andaktsanalysen min har vist, og eg sjølv har erfart gjennom å lytte til morgonandakta i NRK P1, så varierer andaktene svært mykje frå veke til veke. Alt er som regel avhengig av uttrykket til den som er andaktshaldar. I eit innlegg i Vårt Land nokre dagar etterpå, seier andaktshaldar Per Anders Nordengen at han har erfart at NRK legg mykje jobb i å hjelpe andaktshaldarane til å kna andaktene ekstra godt for å gjere andakta mest muleg radiovenlege:

*”I forbindelse med utarbeidelsen av radioandaktene jobber vi sammen med Gudmundsen for å finne det viktige «anslaget» som må til i radio for å fenge tilhøreren og pirre nysgjerrigheten slik at lytterne forhåpentligvis blir værende ved radioen. Musikken er en viktig del av helheten, og her gjør også Gudmundsen en verdi- full innsats for å finne sang og musikk som utfyller det verbale. I tillegg jobbes det mye med å være aktuelle og hverdagsnære, slik at lytterne kan berøres både av ordene og Ordet.”*²¹⁴.

Med det stadfestar Nordengen noko av det eg kom fram til gjennom undersøkinga, formidling står i høgsetet hjå livssynsredaksjonen i NRK. Skal det vere ei god andakt må det også vere god radio. Det er for så vidt også det Olaussen peika på i kritikken av andaktene. Eit par dagar seinare i eit innlegg i Vårt Land kjem Olaussen likevel med ei presisering om at han ikkje hadde nokon intensjon om å nedskrive korkje NRK, andaktsprodusenten eller Nordengen.²¹⁵ Likevel held han fast på at han til tider synest andaktene kan vere litt lite fengjande, og grunngir det på dene måten:

Det kan virke som om formtradisjonen innen det lille sjangerfeltet andakt, er såpass sterk at det er utfordrende å bevege seg ut av det. (...) I streben etter å sikre at teologien er på rett plass (og det er den som oftest), kan det oppstå en utilsiktet tilstivning i andaktsspråket.

²¹³ Vårt Land, ”Journalisten som gir sjefsbispen råd”, artikkel trykt i avisa 24.4.2012, s. 26-27.

²¹⁴ Vårt Land (2012), ”Grundig arbeid bak andakter”, lesarinnlegg av Per Anders Nordengen, trykt 27.4.2012, s. 41.

²¹⁵ Vårt Land (2012), ”Kjedelige andakter”, lesarinnlegg av Håkon Olaussen, artikkel trykt 3.5.12, s. 24.

*Det blir riktig,- det blir solid, det er etterrettelig og korrekt, men altså; - av og til litt kjedelig?*²¹⁶

8.6.5 Framleis rom for andakt

Både blant informantane og i livssynsstrategien blei det snakka mykje om demokratisering av religion. Det blei vektlagt at NRK i si religionsformidling skal vekk frå autoritetane og ut til folket. Eg peika i drøftinga i kapittel 8.2. på at dette kunne vere ein konsekvens av at Noreg i dag er eit religiøst mangfaldig samfunn. Det same er også Jan Olav Henriksen inne på, når han påpeikar at i pluralistiske samfunn er ein ikkje underlagt kontroll av religiøse autoritetar, ein har mulegheit til å sjølv velje kvar ein vil høyre til livssynsmessig. Valfridomen som eit pluralistisk samfunn gir, er dermed med på å tære på religiøs autoritet.²¹⁷ Henriksen meiner at i eit samfunn med fleire religionar vil det bli lettare å identifisere verdiar på tvers av tradisjonar, og at det dermed vil kunne blomstre opp nye fellesverdiar i samfunnet.²¹⁸ Religion vil dermed kunne gå frå å vere ein autoritær leverandør av verdiar, til å bli ein ressursleverandør for orientering. Autoriteten blir overført frå dei religiøse ekspertane til individet, og denne overgangen kan skje fordi sekulariserings- og pluraliseringsprosessane har gjort det muleg. Som materialet mitt viser, er noko av tanken bak morgonandakta grunnfesta i nettopp dette. Kvar enkelt lyttar skal kunne gjere seg opp si eiga meining om det ho eller han høyrer, morgonandakta skal ikkje tre ei autoritær sanning nedover hovudet deira.

Eg meiner at religion ikkje er noko ein kan oversjå, verken i den private eller offentlege sfæren. Likevel trur eg at det i offentleg samanheng er best å ha eit tydeleg skilje mellom politikk og religion. Nokre gonger er det likevel uunngåeleg at dei møter kvarandre, til dømes som i tilfellet med morgonandakta i NRK. Der er premissane for religionsformidling politisk bestemt, fordi det er ein statleg eigd institusjon. Eg trur ikkje det er noko god løysing å i framtida kutte ut alt som vitnar om religion i NRK. Då hadde ein sett vekk ifrå noko som er viktig for svært mange, og er med på å forme samfunnet vi lever i, trass i at sekulariseringsprosessar går sin gang. Samtidig støttar eg meg til det som Jan Olav Henriksen konkluderer med i artikkelen "Religion mellom sekularitet og sekularisme", der han seier at det ikkje er føremålstenleg å skulle forankre eit komplekst og mangfaldig samfunn til ein

²¹⁶ Vårt Land (2012), "Kjedelige andakter", lesarinnlegg av Håkon Olaussen, artikkel trykt 3.5.12, s. 24.

²¹⁷ (Henriksen 2012:159)

²¹⁸ (Henriksen 2012:160)

bestemt verditradisjon som er basert på eit kunnskapsgrunnlag og ei tenking om samfunn som er frå ei heilt anna tid enn det vi lever i i dag. Eller som han seier: ”*Det finnes ingen mulighet for en lykkelig retur til communitas*”.²¹⁹ Med bakgrunn i dette slår han fast at dersom religion skal ha noko framtid, må det vere på premissane til sekulariteten, og dei gevinstane det kan by på.²²⁰

Som nemnt blei forholdet mellom NRK og religion teke opp i spørjetimen i Stortinget seinast no i april 2012. Stortingspolitikar Øyvind Håbrekke frå KrF gjekk på talarstolen og las opp eit sitat frå skodespelar Svein Tindberg. Sitatet var gitt i samband med eit intervju om den populære oppsettinga av teaterstykket ”Abrahams barn”. Svein Tindberg er einaste skodespelar på scena, og vevar saman forteljingar frå jødedom, kristendom og islam for å vise korleis dei eigentleg handlar om det same. Om innhaldet i stykket seier han dette:

*«Men samtidig er det jo dei store grunnforteljingane i samfunnet som er særleg freistande å ta opp. Dei har forma oss som menneske og har så mange lag. Og vi er i ferd med å miste dei.»*²²¹

Til ei viss grad er eg einig i dette. Det kan høyrest noko deprimerande ut at vi er i ferd med å miste dei store grunnforteljingane i samfunnet, og eg er ikkje sikker på om eg vil drage det like langt sjølv. Likevel meiner eg Tindberg er inne på noko viktig. Eg trur det er svært viktig å kjenne til dei store forteljingane som har vore med på å forme den kulturen vi lever i dag. Det er forteljingar som har forma samfunn før oss, og som framleis er med på å forme samfunn. Den kulturelle pluraliseringa som har skjedd i Noreg dei siste tiåra, gjer det likevel vanskelegare for folk i dagens multikulturelle samfunn å samlast om ei felles forståing av røyndommen, eller ”ei stor forteljing”, har Olav Hovdelien påpeika.²²² Utan å nødvendigvis måtte *samlast* om den same grunnforteljinga, trur eg det likevel er viktig å *kjenne til* dei store religiøse forteljingane, som har forma både den norske og andre kulturar, kulturar som også er i ferd med å bli ein del av norsk kvardag.

Med bakgrunn i dette trur eg NRK gjer rett i å innta ei demokratiserande haldning til religion. Ved å gå ned frå autoritetar og ut til folket, tek andakta innover seg det religiøst mangfaldige

²¹⁹ (Henriksen 2012:160)

²²⁰ (Henriksen 2012:161)

²²¹ Stortinget.no, referat frå spørjetimen i Stortinget onsdag 11. april 2012, URL: <http://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2011-2012/120411/> (Lesedato 11.4.2012).

²²² (Hovdelien 2012:92).

norske samfunnet. Samtidig torer ho å vere ein representant for den kristne tradisjonen i Noreg, og tek med det vare på og vidareformidlar ei av grunnforteljningane samfunnet vårt er bygd på. Ved å vise at ho samtidig er opa for å tilpasse og utvikle seg etter endringane i samfunnet, trur eg at andakta gjer den kristne kulturarven ei teneste. I staden for krevje at andakta blir konservert i ei form som for mange etter kvart vil vere framand, prøvar NRK å gjere henne framleis relevant. Faren er at i arbeidet med å halde seg aktuell, kan andakta misse noko av særpreget sitt. Så spørst det om det er forma eller budskapet som er det tydelegaste særpreget. Eg trur det er muleg å reaktualisere budskapet i andakta også i nye former, men akkurat kva som er beste måten å gjere det på er ikkje godt å seie.

I framtida vil det nok uansett bli reist nye, store og kanskje vanskelege spørsmål om kva veg morgonandakta skal gå. Det vil heilt klart bli diskusjonar om kva verdiar andakta skal formidle. Det vil også bli mange praktiske spørsmåla, som korleis andakta skal vere i form, kvar ho skal bli sendt, om ho i det heile teke skal bli sendt, og kven som skal få tildelt taletid. Undersøkinga mi har vist at morgonandakta i NRK P1 torer å utvikle seg i takt med samfunnsmessige endringar, samtidig som ho held fast på forankringa i ein kristen tradisjon. Om det religiøse mangfaldet i Noreg etter kvart vil påverke andakta i endå større grad enn kva det gjer no, og i så fall korleis, gjenstår å sjå. Andakta har vist at ho kan vere einstemt i eit fleirstemt Noreg, men samtidig lydhøyr og til ei viss grad påverka av eit samfunn som gradvis blir meir og meir pluralisert.

Litteraturliste

Publikasjoner:

- Bastiansen, Henrik Grua og Hans Fredrik Dahl (2008), *Norsk mediehistorie*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Beckford, James (2008), *Social Theory and Religion*, Cambridge: Cambridge University Press.
- Béraud, Celine (2009), "The Role of Religion in Students' Lives and their surroundings" i Valk, Pille og Gerdien Bertram-Troost, Markus Friederici og Celine Béraud (red.), *Teenagers' perspectives on the Role of Religion in their Lives, Schools and Societies. A European Quantitative study*, s. 397-408, Münster / New York / München / Berlin: Waxmann.
- Botvar, Pål Ketil (2010), "Endringer i nordmenns religiøse liv" i Botvar, Pål Ketil og Ulla Schmidt (red.), *Religion i dagens Norge*, s. 11-23, Oslo: Universitetsforlaget.
- Bryman, Alan (2008), *Social Research Methods*, Oxford: Oxford University Press.
- Coward, Harold (2000), *Pluralism in the World Religions*, Oxford: Oneworld Publications.
- Dahl, Hans Fredrik (1999), *Hallo-Hallo! Kringkastingen i Norge 1920-1940*, Oslo: J. W. Cappelens Forlag AS.
- Dahl, Hans Fredrik (1991), *NRK i fred og krig. Kringkastingen i Norge 1920-1945*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Furseth, Inger og Pål Repstad (2006), *Innføring i religionssosiologi*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Halse, Ketil Jarl og Helge Østbye (2003), *Norsk kringkastingshistorie*, Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hellström, Jan Arvid (1984), *Spelet om mogonandakterna 1978-1981*, Teologiska Institutionen i Lund.
- Henriksen, Jan-Olav og Ulla Schmidt (2010), "Religionens plass og betydning i offentligheten" i Botvar, Pål Ketil og Ulla Schmidt (red.), *Religion i dagens Norge*, s. 81-93, Oslo: Universitetsforlaget.

- Henriksen, Jan-Olav (2012), ”Religion mellom sekularitet og sekularisme: Sekularitetens gevinster i et religionsfilosofisk perspektiv” i Bangstad, Sindre, Oddbjørn Leirvik og Ingvill Thorson Plesner (red.), *Sekularisme – med norske briller*, Oslo: Unipub.
- Hovdelien, Olav (2012), ”En sekularistisk skole i et multikulturelt samfunn” i Bangstad, Sindre, Oddbjørn Leirvik og Ingvill Thorson Plesner (red.), *Sekularisme – med norske briller*, Oslo: Unipub.
- Kvale, Steinar (1996), *InterViews. An Introduction to Qualitative Research Interviewing*, Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications Inc.
- Kulturdepartementet (2001), *I ytringsfrihetens tjeneste. Mål og virkemidler i mediepolitikken*. St.meld. nr 57 (2000-2001). Oslo: Kulturdepartementet.
- Kultur- og kyrkjedepartementet (2007-2008), *NRK-plakaten. Noe for alle. Alltid*. St.meld. nr 6 (2007-2008), Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet.
- Larsson, Rune (1988), *Religion i radio och TV under sextio år*, Stockholm: Almqvist & Wiksell International.
- Leirvik, Oddbjørn (2012), ”Religionsdialog, sekularitet og eit felles forpliktande språk” i Bangstad, Sindre, Oddbjørn Leirvik og Ingvill Thorson Plesner (red.), *Sekularisme – med norske briller*, Oslo: Unipub.
- Lundby, Knut (2010), ”Medier som ressurs for religion” i Botvar, Pål Ketil og Ulla Schmidt (red.), *Religion i dagens Norge*, s. 111-130, Oslo: Universitetsforlaget.
- Lundby, Knut (1974), *Sekularisering i Norden, studert gjennom programmer om kirke og religion i radio og TV*, Magistergradsavhandling i sosiologi, Oslo: Instutt for presseforskning, Universitetet i Oslo.
- Moe, Hallvard (2008), ”Morgendagens NRK: Allmenntidsvirksomhet”, *Norsk medietidsskrift*, årgang 15 nr. 4, s. 369-383, Universitetsforlaget.
- Noonan, Caitriona (2008), *The Production of Religious Broadcasting: The Case of the BBC*, University of Glasgow.
- Nordengen, Per Anders (2010), ”Landets største prekestol”, i Kristensen, Vidar (red.), *Årbok for Den norske Kirke 2010*, 59. årgang, Oslo: Kirkerådet.
- Schmidt, Ulla (2010), ”Norge: Et religiøst pluralistisk samfunn?” i Botvar, Pål Ketil og Ulla Schmidt (red.), *Religion i dagens Norge*, s. 25-42, Oslo: Universitetsforlaget.

- Skattum, Lena (2008), *Mål for produksjonen av livssynsprogram i radioallmennkringkastingen*, Masteroppgåve i medievitenskap, Universitetet i Oslo.
- Skjervheim, Hans (1996), *Deltakar og tilskodar og andre essays*, Oslo: Aschehoug.
- Syvertsen, Trine (2004), *Mediemangfold: Styring av mediene i et globalisert marked*, Kristiansand: IJ-forlaget.
- Vårt Land (2010), ”Takk til NRK”, lesarinnlegg av Per Anders Nordengen, trykt 3.3.10, s. 3.
- Vårt Land (2010), ”Et prosjekt for kirkeforskning”, lesarinnlegg av Per Lønning, trykt 11.2.10, s. 25.
- Vårt Land (2010), ”Andakt i NRK”, lesarinnlegg av Jens Brun-Pedersen, trykt 22.8.11, s. 21.
- Vårt Land (2012), ”Grundig arbeid bak andakter”, lesarinnlegg av Per Anders Nordengen, trykt 27.4.12, s. 41.
- Vårt Land (2012), ”Journalisten som gir sjefsbispen råd”, artikkel trykt 24.4.12, s. 26-27.
- Vårt Land (2012), ”Kirken har ikke gitt billig trøst”, artikkel trykt 21.4.12, s.12-13.
- Vårt Land (2012), ”Kjedelige andakter”, lesarinnlegg av Håkon Olaussen, artikkel trykt 3.5.12, s. 24.
- Wolfe, Kenneth M. (1984), *The Churches and the British Broadcasting Corporation 1922-1956*, London: SCM Press Ltd.

Elektroniske kjelder:

- BBC.co.uk, History of the Daily Service. URL: <http://www.bbc.co.uk/radio4/features/daily-service/history/> (Lesedato 26.1.12).
- Bokmålsordboka, definisjon av andakt. URL: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=andakt&bokmaal=+&ordbok=bokmaal> (Lesedato 30.4.2012).
- Document.no, "Andakt for det nye Sverige", URL: <http://www.document.no/2011/07/andakt-for-det-nye-sverige/> (Lesedato 3.4.2012).
- Folkekirken.dk, "Dagens ord", URL: <http://www.folkekirken.dk/dagensord/> (Lesedato: 29.4.2012).
- Frp.no, "Vi mener", punkt om kulturpolitikk. URL: http://www.frp.no/no/Vi_mener/ (Lesedato 3.5.2012).
- Journalisten.no, "Mikrofonstativ for Gud", blogginnlegg av Kristina Nilsen, publisert 6.12.10. URL: <http://www.journalisten.no/story/63371> (Lesedato 29.11.11).
- Journalisten.no, "- Morgenandakten viktig del av programtilbudet", innlegg frå Grethe Gynnild-Johnsen og Henning Olstad, publisert 9.12.2010. URL: <http://www.journalisten.no/blogg/33076> (Lesedato 29.11.11).
- Kristeligt Dagblad, "Avisen om livets store spørsmål", URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/om> (Lesedato 29.11.11).
- Kristeligt Dagblad, "DR´s bestyrelse skal se på blødende morgenandagt", nettartikkel publisert 25.11.11, URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/441721:Kirke---tro--DR-s-bestyrelse-skal-se-paa-bloedende-morgenandagt> (Lesedato 29.11.11).
- Kristeligt Dagblad, "DR´s nye morgenandagt rettes mod de unge", nettartikkel publisert 23.11.11, URL: <http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/441372:Kirke---tro--DR-s-nye-morgenandagt-rettes-mod-de-unge> (Lesedato: 29.4.2012).
- Kristeligt Dagblad, "Lytterne flygter fra DR´s kirkelige programmer", nettartikkel publisert 12.11.11, URL: http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/440077:Kirke---tro--Lytterne-flygter-fra-DR-s-kirkelige-programmer?article_page=1 (Lesedato 08.04.12).
- Kristeligt Dagblad, "Lytterne vender tilbage til DR´s Morgenandagten", nettartikkel publisert 24.11.12, URL: http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/448594:Kirke---tro--Lytterne-vender-tilbage-til-DR-s-Morgenandagten?article_page=2 (Lesedato: 29.4.2012).

- Kristeligt Dagblad, ”Morgenandagten går på langbølge”, nettartikkel publisert 2.12.11, URL: http://www.kristeligt-dagblad.dk/artikel/442548:Kirke---tro--Morgenandagten-gaar-paa-langboelge?article_page=2 (Lesedato 15.2.2012).
- Lov om trdomssamfunn og ymist anna, §§19, 19a, 20, Lovdata.no, URL: <http://www.lovdato.no/all/nl-19690613-025.html> (Lesedato 11.11.11).
- Medietilsynet: «Hva er allmennkringkasting?», URL: <http://www.medietilsynet.no/no/Oppslag/Ofte-stilte-sporsmal/Allmennkringkastning/Hva-er-allmennkringkasting/> (Lesedato: 21.9.11).
- Medietilsynet, ”NRK-plakaten”, URL: <http://www.medietilsynet.no/no/Tema/Allmennkringkasting/NRK-plakaten/> (Lesedato 17.4.12).
- Medietilsynet.no, ”Tilsyn med allmennkringkasting”, URL: <http://www.medietilsynet.no/no/Tema/Allmennkringkasting/Tilsyn-med-kringkasting-1/> (Lesedato: 16.4.12)
- MXp – Missional experiences, ”Islamiseringen av Sverige - Morgonandakten propaganda för islam”, blogginnlegg publisert 13.7.11, URL: <http://missionxp.webblogg.se/2011/july/islamiseringen-av-sverige-morgonandakten-pr.html> (Lesedato 3.4.2012).
- NRK.no: «Dette er allmennkringkasting», URL: <http://www.nrk.no/informasjon/1.6512112> (Lesedato: 17.08.11).
- NRK.no, ”Fornøyd med livssynsmangfold”, nettartikkel publisert 10.6.10, URL: http://www.nrk.no/informasjon/nyheter_om_nrk/1.7162707 (Lesedato: 25.04.12).
- NRK.no, Jubileumsandakta på NRK P1, 9.mars 2011. URL: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.7539707> (Lesedato 5.12.11).
- NRK.no, ”Kringkastingsrådet”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/organisasjonen/1.3911376> (Lesedato 29.4.2012).
- NRK.no, ”Kringkastingsrådmøte 10. juni 2010”, URL: <http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/643682/> (Lesedato 25.4.2012).
- NRK.no, ”Ny forståelse og felles opplevelser”, nettartikkel publisert 21.9.11, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/1.7802563>, (Lesedato 9.04.12).
- NRK.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438> (Lesedato 16.4.12).
- NRK.no, ”Årsrapporten og årsregneskapet”, URL: <http://www.nrk.no/informasjon/1.6519947> (Lesedato: 16.4.12).
- NRK Årsrapport 2007, URL: <http://www.nrk.no/aarsrapport/2007/#livssyn?sk=no> (Lesedato 25.4.12).

- NRK Årsrapport 2008, URL: <http://www.nrk.no/aarsrapport/2008/#livssyn> (Lesedato 25.4.12).
- NRK Årsrapport 2009, URL: <http://nrk.no/aarsrapport/2009/#livssyn> (Lesedato 25.4.12)
- NRK Årsrapport 2010, URL: <http://nrk.no/aarsrapport/2010/livssyn/> (Lesedato 29.4.12).
- NRK Årsrapport 2011, URL: <http://www.nrk.no/aarsrapport/2011/livssyn> (Lesedato 25.4.12)
- Nynorskordboka, definisjon av andakt. URL: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=andakt&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> (Lesedato 15.4.12).
- Nynorskordboka, definisjon av pluralisme. URL: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=pluralisme&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> (Lesedato 11.4.2012).
- Regjeringa.no, ”Vedtekter for NRK AS”, URL: <http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-6-2007-2008-/9.html?id=489034> (Lesedato 29.4.2012).
- Statistisk sentralbyrå, ”Flere til nattverd”, publisert 20.6.11, URL: http://www.ssb.no/kirke_kostra/ (Lesedato 4.5.12).
- Statistisk sentralbyrå, ” 10 prosent er medlem i trus- og livssynssamfunn”, publisert 6.12.11, URL: <http://www.ssb.no/emner/07/02/10/trosamf/> (Lesedato 29.4.2012).
- Statistisk sentralbyrå, ”Hva forteller statistikkene om religion, tro og livssyn i Norge”, publisert 7.3.12, URL: <http://www.ssb.no/ssp/utg/201201/07/> (Lesedato 6.5.2012).
- Store norske leksikon, definisjon av andakt. URL: <http://snl.no/andakt> (Lesedato 15.4.12).
- Store norske leksikon, definisjon av pluralisme. URL: <http://snl.no/pluralisme/politikk> (Lesedato 11.4.2012)
- Stortinget.no, referat frå spørjetimen i Stortinget onsdag 11. april 2012, URL: <http://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2011-2012/120411/> (Lesedato 11.4.2012).
- Sveriges Radio, heimesida til Morgonandakten, URL: <http://sverigesradio.se/sida/default.aspx?programid=1320> (Lesedato 30.4.12).

- Vårt Land, ”Dropper kristen kulturarv”, nettartikkel publisert 25.2.09, URL: <http://www.vl.no/samfunn/nrk-dropper-kristen-kulturarv/> (Lesedato: 17.4.12)
- Vårt Land, ”Informasjon om Vårt Land”, URL: http://vl.kundesenter.com/bestill_annonse/bedrift/ (Lesedato 30.4.2012).
- Vårt Land: ”Mindre andakt i NRK”, nettartikkel publisert 5.1.2010, URL: <http://www.vl.no/kristenliv/mindre-andakt-i-nrk/> (Lesedato 2.5.2012).

Vedlegg

Vedlegg 1: Intervjuguide

Bakgrunn

- Kvifor sender NRK P1 andakt?
- Kva er målet med andakta?
- Korleis arbeider de for å nå dette målet?

Publikumsinteresse

- Korleis har interessa for andakta avspegla seg i lyttartal dei siste fem åra?
- Korleis har interessa for andakta avspegla seg i reaksjonar og innspel frå publikum dei siste fem åra?

Andaktshaldarar

- Korleis rekrutterer de andaktshaldarar?
- Kva eigenskapar blir lagt vekt på hos andaktshaldarane?
- Kor mange ulike held andakta gjennom eit heilt år?
- Er det nokon tema de prøver å unngå?
- Får andaktshaldarane nokon retningslinjer?

Innhald

- Legg de vekt på at innhaldet skal kunne tolkast i mange ulike retningar?
- ”La målgruppa vere snever, dess smalare den er, dess fleire når den. ”, står det i ei rettleiing til andaktshaldarane. Kan du utdjupe dette?
- Skjer det at manuset til andaktshaldarar ikkje blir godkjent? I så fall av kva grunnar?

Musikk

- Korleis blir musikken vald ut?
- Har musikkbruken endra seg dei siste fem åra?

«Mot helg» – fredagsversjonen

- Korleis rekrutterer de personar til å snakke i «Mot helg»?
- Kva type personar er dette?
- Kva reaksjonar frå publikum har det fått i samband med denne endringa?
- Har lyttartala på fredagane endra seg?

- Får den som snakkar i «Mot helg» nokon retningslinjer?

NRK og pluralisme

- I 2008 kom vedtaket om at NRK kan sende forkynnande program frå andre tradisjonar enn den kristne, har dette påverka morgonandakta i noko grad?
- I årsrapporten frå 2010 heiter det at morgonandakta skal ta utgangspunkt i kristen tru, kor viktig er dette punktet for dykk?
- Kor sterkt knytt er de i morgonandakta knytt til vedtektene til NRK?
- I årsrapporten dei siste fem åra blir omgrepet ”mangfald” sterkt vektlagt. Nesten meir og meir for kvart år. Har de tenkte over det sjølve og i så fall jobba målretta mot det? Kva legg du i omgrepet mangfald?
- Meiner du at andakta speglar det religiøse livet i Noreg?
- Mindre vekt på institusjon enn før? Viktigare med person?
- Kva trur du om framtida til andakta?

Utvikling

- Kor mange jobbar med andakta? Har dette talet endra seg dei siste fem åra?
- Meiner du at andakta har endra seg dei siste fem åra, i så fall korleis?
- Har det vore interne diskusjonar i NRK om andakta sin leverett?
- Meiner du at morgonandakta også i framtida bør ha rot i kristen tradisjon?
- Er det aktuelt at til dømes ein imam får halde morgonandakta?
- Arbeider de med å utvikle andakta no, i så fall korleis?

Vedlegg 2: Informasjonsskriv

Førespurnad om å delta i intervju i samband med masteroppgåve

Eg er masterstudent på programmet religion og samfunn ved Universitetet i Oslo, og held no på med den avsluttande masteroppgåva. Temaet for oppgåva er morgonandakta i NRK P1. Eg skal undersøkje korleis morgonandakta i NRK P1 har utvikla seg i perioden 2007-2011, sett i lys av religiøs pluralisme

I arbeidet med dette vil eg intervjuje personar som jobbar med andakta i NRK om retningslinjer og praksis kring morgonandakta, og det er derfor du får denne intervjuførespurnaden. Spørsmåla vil dreie seg om bakgrunn, mål, prioritering, publikumsinteresse og utvikling når det gjeld morgonandakta. Eg vil finne ut om det har skjedd endringar i perioden 2007-2011, kva grunngevinga er for eventuelle endringar, og korleis desse har blitt mottekne.

Eg vil bruke bandopptakar og ta notat under intervjuet. Eg reknar med at intervjuet vil ta rundt ein times tid, og at vi i forkant saman blir einige om tid og stad. Det er frivillig å vere med, og du har mulegheit til å trekkje deg når som helst undervegs, utan å grunngei dette nærare.

Eg gjer merksam på at det vil gå an å kjenne deg igjen i den ferdige oppgåva ved at eg gir opp namn, stillingstittel og arbeidsstad.

Datamaterialet, inkludert lydopptak, blir sletta seinast ved prosjektslutt 15.06.2012.

Dersom det er noko du lurer på kan du ringe meg på 41 40 66 70, eller sende ein e-post til andreosa@student.teologi.uio.no. Du kan også kontakte rettleiaren min Knut Lundby ved Institutt for medier og kommunikasjon på telefonnummer 90 08 38 03.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

Beste helsing

Andrea Øien Sæverud

Aasmund Vinjes vei 30B

0373 Oslo

Vedlegg 3: Liste over andaktene i utvalet

2007: 1–5 okt., Ola Smeplass.

Måndag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.3520132>

Tysdag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.3520133>

Onsdag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.3520136>

Torsdag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.3520137>

Fredag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.3520140>

2008: 29. sep. – 3. okt., Carl Petter Opsahl.

Måndag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6215669>

Tysdag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6215672>

Onsdag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6215675>

Torsdag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6215681>

Fredag: <http://www.nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6215683>

2009: 28. sep. – 2. okt. Ragnhild Jepsen.

Måndag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6796742>

Tysdag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6796755>

Onsdag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6796762>

Torsdag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6796782>

Fredag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.6796798>

2010: 4. – 8. okt. Ann-Christin Elvemo

Alle andakter f.o.m. 10. september 2010 og ut året er ikkje lagt ut på NRK.no, men er tilgjengelege for lytting gjennom radioarkivet på Nasjonalbiblioteket.

Fredag: Mot helg. Gjest: Maghild Meltveit Kleppa. Ligg ikkje ute på NRK.no, men er tilgjengeleg for lytting gjennom radioarkivet på Nasjonalbiblioteket.

2011: 3. – 7. okt. Karsten Isachsen (prest, forfattar, føredragshaldar)

Måndag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.7814604>

Tysdag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.7814621>

Onsdag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.7814624>

Torsdag: <http://nrk.no/programmer/radio/andakten/1.7814627>

Fredag: Mot helg. Gjest: Svein Tindberg. Ligg ikkje ute på NRK.no, men er tilgjengeleg for lytting gjennom radioarkivet på Nasjonalbiblioteket.

Vedlegg 4: Musikk i andaktsutvalet

2007: 1. – 5. okt. Ola Smeplass.

- Björn Afzelius – ”Sång till friheten” (**sekulær**)
- Grimstad Kammerkor- ”Afrikansk bön” (**kristen**)
- Helen Sjöholm – ”Gabriellas sång” (**sekulær**)
- Nidarosdomens Guttekor – ”Herre Gud, du er og bliver” (**kristen**)
- Trondheim Kammerkor – ”Elsk din neste” (**kristen**)

2008: 29. sep. – 3. okt. Carl Petter Opsahl.

- Louis Armstrong – ”On the sunny side of the street” (**sekulær**)
- Giora Feidman – ”Nigun” (tradisjonell jødisk nynnesong) (**sekulær**)
- Birgit Rike Lund og Gunnar Stubseid – ”Nu rinder solen op af Østerlide” (Kingsalme) (**kristen**)
- Aretha Franklin – “What a Friend We Have In Jesus” (**kristen**)
- Opsahl spelar sjølv, saman med Tord Gustavsen – ”Love, the blues” (**sekulær**)

2009: 28. sep. – 2. okt. Ragnhild Jepsen.

- Herre Gud du er og bliver – Frå Herz und mund und tat und leben, kantate BWV 147 (**kristen**)
- Precious Angel – Bob Dylan (**sekulær**)
- Fråga stjernorna – Cajsastina Åkerström (**sekulær**)
- Den store hvite flokk – ukjent kor (**kristen**)
- La oss vandre i lyset – ukjent solist (**kristen**)

2010: 4. – 8. okt. Ann Christin Elvemo.

- Ordet er oss nær – Kor de Ville (**kristen**)
- Det begynner å bli et liv dette her, det begynner å ligne en drøm – Ole Paus (**sekulær**)
- Vårt sinn er fylt med glede – Solist Anki Viborg +kor (**kristen**)
- Håpstango – Koret Madrigada (**kristen**)

2011: 3. – 7. okt. Karsten Isachsen.

- Elvis Presley – Old Shep (**sekulær**)
- Ulla Carin Börjesdotter – Se människan (**sekulær**)
- CC Cowboys – Tilgivelsens kunst (**sekulær**)
- Ole Paus – Som en storm (**sekulær**)